



RYFYLKEMUSEET

# FOLK i Ryfylke

2010



**tema**  
**MØLLEPARKEN**



# FOLK i Ryfylke 2010

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av Ryfylkemuseet

# FOLK i Ryfylke

## Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo  
Redaksjon: Trygve Brandal, Grete Holmboe,  
Åshild Marie Øverland og Tone Alise Årtun  
Utgivar: Ryfylkemuseet  
Nordenden 14  
4230 SAND  
Telefon: 52 79 29 50  
Telefaks: 52 79 29 51  
E-post: post@ryfylkemuseet.no  
Heimeside: www.ryfylkemuseet.no

### ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.  
Abonnementsprisen for 2010 er kr. 250,-. For 2011 kr. 300,-.  
Abonnementet inkluderer medlemskap i Venneforeininga til  
Ryfylkemuseet og gir fritt tilgjenge til alle avdelingar ved  
museet.  
Bankgiro: 3202.07.01527


Design: Nenad Ignjatic  
Ombrekking, trykk og innbinding: Spesialtrykk

ISSN 0800-4692

### Foto på framsida:

Fabrikkområdet på Tau måla av Jakob Sømme i 1903.  
AS Tou bygde opp eit brukssamfunn på Tau, det første og  
einaste i Ryfylke.

# Innhold



Molleparkens Venner gjør ein kjempejobb for å skape aktivitet i Molleparken og skaffe inntekter til drifta. Her frå julemessan i 2004. Bak diskon: Lilly Barkved og Sigrun Gundersen.

- 5 Forord
- 6 Trygve Brandal  
*Mjøl og øl – glimt frå industrihistoria på Tau*
- 38 Grete Holmboe  
*Villa Tau med paviljong og hage*
- 62 Roy Høibo  
*Molleparkens Venner – ei suksesshistorie*
- 70 Jan Egil Svensen  
*Bryggeriet på Tou*
- 78 Åshild Marie Øverland  
*Spydspissar inn i den nye tid – industristader og framveksten av det moderne Norge*
- 86 Roy Høibo  
*Soga om eit bygdemuseum på legd*
- 94 Tone Alise Årtun  
*Bedehus i Strand*
- 106 Roy Høibo  
*Tilløp utan hopp- Ryfylkemuseet i Strand*
- 122 Årsmelding 2009
- 142 Rekneskap 2009



Det var her det starta. Ved utlaupet av Korsvatnet var det eventyret om Tau Mølle starta, og restane av det store kvernhusanlegget står ennå og er nå ein del av Molleparken.

# Forord

Strand har det største folketalet av kommunane i Ryfylke. Av dei 31 000 innbyggjarane i dei åtte Ryfylke-kommunane bur 1/3 i Strand. Strand har meir enn dobbelt så mange innbyggjarar som den nest største kommunen. Og folketalet er i vekst. Men mange har arbeidet sitt i Stavanger. Ved folketellinga i 2001 pendla 2 000 av dei 5 000 sysselsette ut av kommunen. Det store fleirtalet av arbeidstakarane arbeider i service- og tenesteytande næringar sjølv om Strand også har betydeleg industriverksemd. Jordbruket er ikkje under mindre press i Strand enn andre stader.

Kanskje dette er faktorar som kan vera med på å forklare kvifor det i Strand ser ut til å ha vore mindre interesse for museums- og kulturvernarbeid enn i dei indre kommunane i Ryfylke? Arbeidet med Strand bygdemuseum har vore eit strev i motbakke det meste av tida, og det har vore tungt å få andre initiativ til riktig å ta av, sjølv om arbeidet med Jørpelands Bruk har vore uthaldande. Men på Tau har dei lukkast. Initiativet til å gjera Tau Mølle til tusenårsstad var eit lukketreff, og medlemmane i Mølleparkens venner har gjort ein eineståande dugnadssinnsats for å løfte fram ein stad som har vore særleg viktig for utviklinga av Tau-samfunnet.

Ryfylkemuseet har vore invitert til å vera med på å greie ut ei rekke idear om museumstiltak i Strand, men mange gonger har det kome noe i vegen for å få det til slik som det var tenkt. Vi skriv litt om det i dette heftet. Men så blei vi bedne med i drøftingane om ei formidling av historia til brukssamfunnet på Tau. Og der er det så mange gode krefter å samarbeide med, at vi trur vi skal komma i mål, sjølv om det i skrivande stund framleis manglar noen pengar.

Første lekk i satsinga er dette heftet. Her prøver vi å fange opp noen viktige trekk i den historia som det er meininga vi skal formidle gjennom ei utstilling i Bruksløa i Mølleparken. Og vi gjer eit forsøk på å oppsummere noe av det arbeidet som er gjort før vi kom så langt.

Det gamle møllesamfunnet på Tau representerer den tidlege fasen i industrialiseringa. Det var eit paternalistisk samfunn, der arbeidsforholda og forholdet mellom arbeidstakrar og arbeidsgjever bli framstilt som harmonisk og tillitsfullt. Det var

lange arbeidsdagar, stor klassekilnad og fullt av støv, men det var sikkert arbeid og eit velordna samfunn. Mølleparken aleine fortel lite om dette samfunnet, men dersom vi kunne lukkast med å formidle eit breiare bilde av Tau Mølle og livet omkring ville det vera eit verdfullt tilskott til kunnskapen om Ryfylke og ein tilleggsverdi til eit besøk i Mølleparken. Og kanskje kunne det vera eit lite bidrag til å skape tilhøring og identitet i eit samfunn der mange har arbeidsplassen sin andre stader enn i nærmiljøet.

I tillegg til stoffet om brukssamfunnet og arbeidet med å ta vare på kulturhistoria, har vi ein artikkel om bedehusa i Strand. Den er eit resultat av eit større prosjekt om bedehuskulturen i Ryfylke.

Ryfylkemuseet er eit museum med ein rik arv av bygningar frå det tidlegare Rogaland Folkemuseum. Museet er det største bygningsmuseet i Rogaland. Vedlikehald og drift av desse samlingane bind store ressursar. Skal vi greie å ta i ferde med nye oppgåver må vi ha tilførsel av nye ressursar. Vi håper at det steget vi nå prøver å ta inn i brukshistoria på Tau skal løyse ut slike ressursar. Historia til dei mange som har arbeidd i mølle- og bryggeriindustrien på Tau er for interessant og viktig til at ho kan bli gløymt.



Dette bildet gir god oversikt over det gamle fabrikkanlegget med mølle og bryggeri på Tau. Vi reknar med at det må vera teke før 1890. Frå venstre ser vi den store møllebygningen med dampbåten i sjøen framanfor. Til høgre for det er eit sjøhus og bakanfor det det store kvite huset som vart kalla Pensjonatet. Her var det forretning, kontor og bustader for fleire av dei tilsette. Så følgjer nordre pakhus og bakanfor der malteri- og kjøllebygninga. Huset som vi ser toppen av den kvite gavlen på er bryggeribygningen, med ein høg skorstein ved sida av. Det store komplekset til høgre rommar svalehus (kjølehus), gjærkjellarar og lagerkjellarar for øl med eit stort overbygg i tre, der det var lager for ved, materialar og øltønner samt ein snekkarverkstad. Framanfor ligg det søre pakhuset, med skyllehus og pasteuriseringshus bygt til på høgre side. Bakanfor skimtar vi så vidt mønet på eitt av ishusa. Det store kvite bygget heilt til høgre er bruksløa. Utanfor bildekanten til høgre ligg Våningane, dei til arbeidarbustadane.

Bryggeprosessen starta med at råvara bygg vart lossa frå farty inn på det norde pakhuset, og så gjekk det sin gang gjennom bygningane til ølet som ferdigvare i tønner og i flasker enda i det søre pakhuset og vart skipa ut derifrå. Mellom Pensjonatet og nordre pakhus ser vi vassrøyren, som leia vatn til turbinen. Også til venstre for møllebygningen er det ei røyrgate, for inntak av vatn til drift av mølla.

Vi ser at mølla og bryggeriet på Tau utgjorde ein stor bygningsmasse. Dette var det klart største industrianlegget i Ryfylke på denne tid.

# Mjøl og øl – glimt frå industrihistoria på Tau


Av Trygve Brandal

Tau var den dominerande industribyen i Ryfylke fra midten av 1800-talet til det vart bygd smelteverk på Jørpeland og i Sauda tidleg på 1900-talet. På Tau var det lettare nærings- og nytingsindustri som vart drive – maling av korn og brygging av øl. Alle tre stadene var det vasskrafta som var grunnlag for etableringa. Det var Stavanger-interesser som stad bak bedrifta på Tau. Bryggeriet vart drive her i 60 år, frå 1858 til 1918, så vart det flyttet til Stavanger. Mølla hadde ei 140-årig driftshistorie på Tau, til ho vart nedlagt i 1996. Fabrikksdrifta har vore konstituerande for Tau-samfunnet gjennom dei siste 150 åra.

## OPPTAKTA

I det Herrens år 1855 gjekk sju framståande forretningsmenn i Stavanger saman og skapa Tou Interessentskap. Dei sju var Axel Andersen, Børre Rosenkilde, Carl Thorsen, Martin Magnesen, O. Chr. Sand, Jens Hansen og Henrik Svendsen. Det var forretningsdrift i stor stil dei tenkte på. Den innbetalte kapitalen var på heile 100 000 spesidalar. Føremålet med selskapet var å driva mølle og bryggeri på Tau, men forretningskontoret skulle vera i Stavanger. Selskapskapitalen på 100 000 dalar var svært mykke pengar. Ein spesidalar vart seinare omveksla med 4 kroner. Til samanlikning kan nemnast at då Det Stavangerske Dampskipsselskap vart skapa det same året, sette dei ein kapital på 15–20 000 spesidalar som mål. Som styreformann i det nye selskapet Tou Interessentskap vart Børre Rosenkilde vald, og O. Chr. Sand vart disponent.<sup>1</sup>

Det var vasskrafta som gjorde at Tau vart vald som stad for etablering av mølle og bryggeriet. Vassfallet hadde stor og stabil vassføring, om ikkje fallhøgda var så stor. Og så låg Tau i grei avstand frå Stavanger. Det var heller ikkje tilfeldig at det var mølle drift og bryggeri det vart satsa på. Dette var industriar som var i lovande utvikling mange stader kringom i landet på denne tida. Stavanger var ein by i rivande vekst, og varer som mjøl og øl var det stigande maknad for.



Det var sju framståande forretningsmenn frå Stavanger som skapa Tou Interessentskap i 1855.

Den planlagde bedrifta måtte byggjast opp frå grunnen av. Det første dei gjorde, var å sikra seg tomt. Husmannsplassen Steinane under Prestegården, som låg like ved elvemunningen på Tau, vart kjøpt med tilhøyrande vassfall og vassrettar. Skjøte vart utferda av prost Jæger i juni 1855. Seinare same året sikra selskapet seg Mikkel Torson Tau sin andel på nordsida av Tauelva.


På det tomtelandet dei kjøpte låg det fire eldre kvernhus frå før. Desse blei no rivne, og det blei bygd nye kvernhus. På Tau var det gammal tradisjon for kornmaling. Kvernane her var større enn dei små gardskvernhusa rundt omkring, og her var stabilt vatn. Mange gardskvernar kringom i Ryfylke låg i mindre bekkar som var avhengig av ein skikkeleg haustflaum for å få fart på kvernsteinane. På Tau kunne dei derimot mala heile hausten. Bønder frå omlandet hadde i generasjonar søkt til Tau for å få kornet mole. Meldrebåtar frå Tungenes, Mosterøy, Rennesøy, Finnøy, Talgje, Kvitsøy og like frå Utsira kom til Tau lasta med korn. Bøndene overnattet her og tørka og mól årets kornhaust sjølve mot ei rimeleg leige. Brensel til korntørkinga hadde dei med heimanfrå. Denne verksemda heldt fram også

lenge etter at den store mølla var bygd. Framover førjuls-vinteren var gjerne fleire kvernar og tørkehus i konstant drift.

Etter at det nystarta selskapet Tou Interessentskab hadde sikra seg tomteland og vassrettar, gjekk dei i gang med bygging av mølla. Maskineriet vart levert og montert av Myrens mek. Verksted i Kristiania. Der var 8 kverngangar og 2 gryngangar. To skotske S-turbinarar vart drivne av eit vassfall på 10 meter. Frå turbinane gjekk det hovudakslingar rundt om på anlegget, og frå dei var det reimoverføringer til dei enkelte møller og maskinar. Turbinane dreiv altså maskinane med direkte kraftoverføring via akslingar og reimar; dette var før elektrisiteten si tid. I tillegg til sjølve møllebygget vart det oppført eit våningshus, eit brannskur og ei smie. Eit våningshus som hadde tilhørt den tidlegare kvernmannen vart kjøpt og påbygd og innreia til losjihus for møllearbeidarar. Turbinmølla kunne takast i bruk i november 1856 til formaling av korn for bønder og for kornimportørar i Stavanger.


Bygginga av bryggeriet og malteriet kom også i gang. Dette var eit meir komplisert arbeid, sidan bryggeriet kravde meir utstyr enn mølla. Arbeidet pågjekk i i heile 1857. I januar 1858 kunne malteriet takast i bruk, medan bryggeriet ikkje var ferdig før i oktober.

Dei høge herrar frå Stavanger var nok inne og såg stundom, men byggearbeida på Tau vart leia av snikkar E. Johnsen. Men frå hausten 1857 vart den lokale leinga overtaken av Johan Conrad Hemsen. Han kjøpte seg då inn i interessentskapet og vart bruket sin første driftsbestyrar. Denne stillinga hadde han til han døydde i 1890.<sup>2</sup> Hemsen var fødd i Kristiansand i 1820. Han hadde vore handelsfullmektig i Egersund, og frå 1846 dreiv han handel i Skudeneshavn. Her vart han også postopnar, kom med i kommunestyret og var ordførar der frå 1853 til 1855. Så braut han opp og flytte til Tau.



Parti fra Tau.

Oversynsbilde frå rundt 1905. Møllebygningen til venstre, og moderniserte bryggeribygningane mot høgre. Til høgre ser vi to arbeidarbustader, kalla Våningane, og lengst til høgre bruksskulehuset, bygt i 1901.



Parti fra Tau.

Fabrikk-komplekset sett frå andre sida. I framgrunnen bekahuset, bryggeriavdelinga bakanfor og mølla til venstre.

## I GANG

Så var verksemda i gang. 1859 var det første heile året med både mølla og bryggeriet i full drift. Arbeidsstokken kom raskt opp i kring 30–40 personar. Bønder frå omlandet heldt fram med å reisa til Tau for å mala kornet sitt. Dei fleste av dei brukte nok framleis dei mindre kvernhusa. På den store handelsmølla vart det for det meste mole korn for større kunder i Stavanger. På bryggeriet vart det produsert store mengder øl. Branntaktsen for heile komplekset vart i 1859 sett til om lag 50 000 spesidalar, ein imponerande sum i si tid. Det tilsvara verdien av 50 gode våningshus i Stavanger. I 1860 tok mølla unna om lag 16 000 tonner korn i året, eller rundt 1200 tonn. Bryggeriet gjorde 65–70 bryggingar i året, og dette resulterte i om lag 2000 tonner malt. Bruket hadde eiga smie og eigen landhandel. Totalt skal Tou Brug ha sysselsett om lag 40 arbeidarar rundt 1860. Om lag halvparten av desse budde i hus som bruket hadde sett opp, den andre halvparten budde i nærområdet utanfor bruket.

Vi får vita kven dei var dei som budde på Tou Brug i 1865 ved å studera folketeljinga, som vart teken opp i desember det året. Då budde det 88 personar i 14 familiar der. Leiaren for det heile

var «Brugsbestyrer» Johan Conrad Hemsen. Han var 46 år og ugift, men han hadde to eldre søstrer i huset. Dei hadde tre unge tenestejenter, og så høyrdet det seks arbeidarar til husstanden – ein handelsbetjent og fem møllarar. Husstanden til Hemsen talde såleis 12 personar. Bryggerimesteren var importert frå Bayern i Tyskland. Joseph og Josephine Kreitner hadde fem born og var katolikkar. Møllemesteren heitte Peter Hansen og kom frå Askøy ved Bergen. Han budde her med kone og tre mindreårige born.



Utanom desse tre sjefsfamiliane budde det 11 arbeidarfamiliar på Tou Brug. Dei fleste var yngre folk under 40 år med små ungar. Nokre av dei hadde bryggeriarbeidarar buande hos seg. Av dei 88 som budde på Tou Brug i 1865 var det

25 vaksne personar som arbeidde på mølla og bryggeriet. Dei er oppførte med yrkestitlar som møllar, bryggeriarbeidar, smed og handelsbetjent, og så bruksbestyrar, bryggerimester og møllemester. Dei aller fleste var innflyttarar. Vi har hørt om dei tre sjefane, som kom frå Skudeneshavn, Askøy og Bayern. Dei fleste arbeidarane kom frå Rogaland. Her var folk frå frå Sirdal, Helleland og Time i sør, frå Stavanger og Hetland, frå Hjelme land, Sand, Skjold og Vikedal nordover i fylket. Den store nye verksemda på Tau med drift av mølle og bryggeri trekte til seg arbeidarar frå eit vidt omland. Berre ein møllearbeidar var frå Strand i 1865, og så hadde to andre innflytta arbeidarar koner frå Strand.

## VEKST OG UTVIDING

I ára ut gjennom var det stadig nye byggearbeid på anlegget. Alt slikt er sirlig ført inn i ein protokoll som framleis finst. Ei større utviding vart gjort i 1864. Då blei resten av Tauelva kjøpt av dei fire oppsitjarane på Taugarden. Dette vart gjort opp med 362 spesidalar kontant og ei árelag avgift på 225 dalar. Det vart gjort stadige utbyggjinger og forbeteringar på både mølla og bryggeriet, og ei rekke tiltak vart sett i verk for å gjera bruket til

Kart over Tou Brug frå 1876, med tilføyinger rundt 1900.



Fabrikkområdet sett frå landsida i 1903. Røyret leier vatn til den nye kraftstasjonen. På Tau fekk dei elektrisk lys seks år før Stavanger.

eit mønsteranlegg. Mølla fekk etter kvart franske kvernsteinar, som vart rekna som særleg fine. I 1869 hadde turbinmølla seks par franske siktsteinar, tre par norske og dertil grynsteinar og siktsteinar.<sup>3</sup> Transportapparatet blei bygt ut slik at mjølet vart frakta automatisk frå kvernene til siktene og vidare til det øvste loftet. Møllebygningen vart forlenga med 18 alen (11,3 meter) i 1871, noko som m.a. gav plass til 6 nye kverngangar med sikter. Sine første valsestolar fekk mølla i 1882. På sikt skulle desse koma til å erstatta kvernsteinane. Ikke berre mølla, men også bryggeriet vart stadig forbетra. Tou Bryggeri var eitt av dei største og mest moderne i landet på denne tida.

Produksjonen var i stadig vekst. I 1878–1879 vart det mole vel 38 000 tønner korn. 5500 tønner vart mole på kallkvernene for bønder i Ryfylke. Resten

vart mole på den store turbinmølla. Størstedelen av dette var importert korn som kornhandlarar i Stavanger sende til Tau for å få mole. Men interessentskapet dreiv på denne tida også mølla som handelsmølle for eiga rekning. Dei kjøpte kornparti, mol kornet opp til mjøl og selde mjølet sjølv til kjøpmenn og forbrukarar.<sup>4</sup>

Tou Interessentskap, selskapet bak Tou Brug med mølla og bryggeriet på Tau, hadde heile tida forretningskontoret sitt i Stavanger. Der sat disponenten, og der hadde styret, eller direksjonen som det heitte på denne tida, møta sine. O.Chr. Sand var den første disponenten. Johan Lie overtok i 1862, og sju år seinare vart han etterfølgd av Johan Andersen. P. Gudmundsen overtok som disponent i 1885. I byen bygde selskapet også opp eit mura pakhus i 1868, i Nedre Holmegate. Tre år seinare kjøpte dei eit pakhus ved sida av, og i åra framover kjøpte dei fleire andre eigedommar i byen.

Kva slags mjøl og øl var det dei produserte på Tau? Det får

## Lye'n

Han heitte Johannes Kristianson Lye og var frå Time sokn på Jæren. Faren var forpaktar på Lye prestegard, og det var etter det han skreiv seg for Lye. Johannes var fødd i 1833 og kom til Tau som ungdom ved oppstarten av anlegget, straks etter 1855. I ei arbeidsulukke i juni 1857 fekk han eine armen avriven. Armen kom inn i maskineriet som dreiv ein stor slipestein, og ho vart avriven over albu-eleddet. Ulukka blei omtalt i Stavanger Amtstidende. Han vart rodd til Stavanger, og der skar dokteren av det som var att av armen med kjøtsag.

I 1859 gifte han seg med Tobia Olsdotter frå husmannsplassen Steinane under Prestegarden, der Tou Brug bygde sitt anlegg. Dei budde på plassen Bakken under Tau og fekk åtte born. Lye'n var ein svært hendige mann, og handikappet med berre ein arm hindra han ikkje i å laga svært mange fine ting i tre. Han var ein uvanleg flink treskjærar og snikkar. Det finst stolar og skap og beinskeier etter han enno i Strand. Og han laga mange slags maskinar, m.a. ein dampmaskin, og han eksperimenterte med fyrværkeri. Lye'n døydde i 1904 av «hjertelammelse». Kona Tobia levde 20 år lenger.<sup>5</sup>

vi greie på i ei annonse frå juni 1887. Mølla produserte fleire sortar av kveite-, bygg- og rugmjøl, både sikta og samfengt (usikta), samt kli og avfall av ymse slag. Bryggeriet kunne levera fleire sortar øl: Bayer-Øl, Export-Øl, Landligger-Øl, også kalla Sommer-Øl, Husholdnings-Øl og Bock-Øl. Dei fleste ølsortar kunne ein få i både heile og halve flasker.

Det var bryggeriet som var den mest lønsame delen av verksemda på Tau. År om anna blei drifta utvida og forbetra. Korkfabrikken, som først låg i Stavanger, vart flytta til Tau i 1875, og to år seinare vart det bygt tre nye ølkjellarar. Om vinteren skar dei is i Korsvatnet, og det vart bygt ei steinbrygge og eit ishus ved vatnet. Isen vart brukt til nedkjøling av ølet. Produksjonen av øl var i stadig vekst. Tou Bryggeri var det einaste i distriktet, men langt frå einerådande på marknaden. Bryggeri i andre byar dreiv ein pågående handel med øl i Stavanger med lokale agentar.

Mølla og bryggeriet på Tau hadde lite karakter av fabrikk. Dei låg landleg til ved sjøen, og dei fleste arbeidarane budde på bedrifta sitt område. Heile bruket blei eit samfunn for seg, og bedrifta stod for opprettning av mange eigne samfunnsfunksjoner. Her var gardsdrift, og ein var sjølvforsynt med mjølk. Det låg ein del jord til eigedommen, og det vart bygt driftsbygning. Avfall frå bryggeriet og mølla gav verdfullt tilskot til dyreføret. Og her var eige landhandleri, eige brannvesen, eige likhus og eigen skule. Den første skulestova vart innreidd i arbeidarbustaden frå 1864. Læraren ved den faste skulen i soknet skulle undervisa 18 veker i året for born av arbeidarar ved bruket og og born frå gardane Tau og Ugelid. Nytt skulehus vart bygt i 1876, og då tilsette bruket eigen lærar. Det var Jørgen Risdal, og han vart verande i ei årrekke. I tillegg til undervisinga forplikta læraren seg til å halda to føredrag i veka av religöst eller historisk innhald for arbeidarane. Lærar Risdal dreiv også eit småbruk ved sida av lærarposten. I 1901 vart det bygt nytt skulehus igjen. Der var det i tillegg til klasserom bibliotek, sløydrom og forsamlingssal for arbeidarane.

I første del av 1900-talet la bedrifta saman med Strand kommune og Prestegarden til rette for at arbeidarar skulle få kjøpa seg parsellar som vart lagde ut av Prestegarden si utmark. Dette var jordstykke på 10–12 mål der dei bygde seg hus og kunne driva med jordbruk og hagebruk. Dei fleste dreiv med gris, høns, bær, grønnsaker og kanskje bier. Det vart lagt ut kring ti slike parsellar langs den noverande Kvernvegen og Gullbekkvegen på Tau.

Brukssamfunnet på Tau hadde sterkt innslag av paternalisme. Bedriftsleiaren Hemsen var ikkje ein fjern figur, men ein som budde på bedriftsområdet og som stilte minst like strenge krav til seg sjølv som til andre. Bedrifta og bruksstyraren syntet faderleg omsorg for arbeidarane på mange livsområde.

## FRÅ INTERESSANTSkap TIL AKSJESELSKAP

Tou Interessentskab, firmaet bak mølla og bryggeriet, dreiv som nemnt godt i mange år. Men i sjølv selskapsforma, interessentskapet, lurte det farar som kunne angripa kapitalen sjølv om selskapet gjorde det bra. Interessentane var nemleg personleg ansvarlege for kvarandre. Det var ein del kjøp og sal av eigarpartane. Konjunkturane endra seg, særleg under 1880-årskrisa i Stavanger, og firma som hadde vore solide og hadde nyt stor tillit, begynte å vakla.

Drifta på Tau gjekk med greitt overskot, men garantiforplik-




Arbeidarar ved Tou Mølle kring 1900.

tingane tynga selskapet. I januar 1889 måtte selskapet innstilla betalingane. Administrasjonsstyret gav denne forklaringa: «Store Tab ved mislig Administration og ved Endossements for fallerede Interessenter nødde Selskabet til i Januar dette Aar at standse sine Betalinger.»<sup>6</sup> Likeeins gjekk det med mange andre selskap i Stavanger på denne tida. Det førte til at bankane i byen fekk store problem, og både Stavanger Sparebank og Stavanger Kreditbank vart tekne under konkursbehandling.

For Tou Interessentskab gjekk det ikkje så gale som det kunne sjå ut. Verksemda vart driven vidare under eit administrasjonsstyre, og drifta i 1889 synte eit overskot på vel 41 000 kroner. Resultatet var så godt at alle kreditorar fekk full dekning for sine krav. I administrasjonsstyret sat tre framståande menn frå Stavanger. Det var rektor Johannes Steen, konsul L. Berentsen og overrettssakførar Jonas Sømme. Deira målsetting var å få bedrifta over på nye hender. Eigedommane vart lagde ut for sal, og dei vart utførleg skildra i eit omfattande hefte, saman med produksjonskapasiteten ved anlegget. Etter dei bokførte summane utgjorde verdiane i selskapet 514 000

kroner, men det var klart at salssummen måtte bli betydeleg lågare.

Administrasjonsstyret sette seg i sving for å starta eit aksjeselskap som skulle overta bruket. Aksjeinnbydinga vart sendt ut



Lagerkjellar for øl ved Tou bryggeri.

## Status 1890

Då administrasjonsjonsstyret lyste selskapet ut for sal i 1890, rekna dei opp alle bygningane. Det var eit omfattande kompleks som var bygt opp på Tau. Mølla var oppført av bindingsverk på steinmur. Huset hadde to etasjar og to loft over, og så var det bygt eit tilbygg med loft. Grunnflata for begge desse bygga var på knapt 600 kvadratmeter. I mølla var det 3 turbinar, 6 valsestolar, 12 par mjølsteinar, 2 par grynestinar og vidare rensesteinar og siktemaskinar m.m. Bruket hadde 7 kvernhus med 17 par kvernsteinar til saman. Fire kvernhus stod på nordsida av fallet ved mølla, tre stod på sørsida. Og her var to tørkehus, ei pakkbod, ei stovebygning og eit to-etasjes pakkhus ved sjøen med bustadrom i andre etasje.

Så var det bryggeriet. Dette var «den Del av Anlægget, hvorpaa er lagt mest Bekostning og det smukkeste Arbeide. Dets Malteri, Gjærkjelder og Lagerkjeldere ere af solid Stenmur og hvelvede.» Komplekset var bygt i hesteskoform med midtparti og to fløyar ned mot sjøen. Midtpartiet hyste eit komplett og tidsmesig bryggeri med malteri, gjærkjellarar, lagerkjellarar og andre avdelingar. To store tre-etasjes pakkhus utgjorde sidefløyane. Til bryggeriet hørde også to ishus. Isen

vart skoren på Krossvatnet, og isen vart brukt til nedkjøling av ølet.

Det var fleire andre hus på området. Her var eit to-etasjes bygg med kontor, butikk og fleire bustadrom. Her budde bryggerimesteren, möllemesteren, handelsbetjenten med familiar samt maltkontrolløren, budeia og «midlertidige Arbeidere». Og her var to arbeidarbustader, til vanleg kalla Våningane, kvar med 8 «Bekvemmeligheder» for arbeidarar. Kvar arbeidarbustad hadde kjøkken, stove, spiskammers og vedbu. I den eine av desse våningane var det skulestove. Vidare var her ei smie, eit naust og ei bruksløe. Denne er omtalt som «Muret Fjøs til 27 Kreaturer». Og noko tilbaketrekt oppe i hagen låg «Bestyrerboligen, smukt og godt indredet».

Bedrifa hadde også bygningar i Stavanger. I Nedre Holmegate åtte dei eit fem-etasjes pakkhus i mur og eit fem-etasjes sjøhus i tre. Husa hadde ei grunnflate på kring 240 kvadratmeter og romma kontor, butikk og lagerrom for korn og øl. I Svankevika (i austre bydel) hadde dei eit stort pakkhus med mura kornloft i fem etasjar. Her kunne det lagrast 10–12 000 tonner korn. I Svankevika var det også eit ishus, og så åtte selskapet dampbåten «Tou» på 39 registertonn.

i april 1890, og kapitalen vart sett til 400 000 kroner. Kjøpesum for anlegget skulle vera 350 000 kroner, og 50 000 kroner skulle vera driftskapital. Aksjeteikninga gjekk lett, og Aktieselskabet Tou vart raskt etablert med leiande menn i det stavangerske næringsliv som aksjeeigarar og styremedlemmer. Aksjeselskapet overtok bruket den 15. juli 1891. Anlegget på Tau hadde vore i drift heile tida, og no var det altså eit nytt selskap som stod bak. Midt oppe i denne prosessen, sommaren 1890, døydde driftsbestyrar J.C. Hemsen, etter eit langvarig sjukeleie. Han vart 70 år, og hadde styrt drifta på Tau i over 30 år.

Nokre år etter Hemsens død vart det bygt eit hus i søre enden av brukseigedommen. Det fekk namnet «Hemsens Minde» og vart brukt som gamleheim for folk som hadde arbeidd ved bruket. Det hadde seks rom med eige kjøkken til kvart. Gamleheimen vart driven til 1948, då huset vart selt til private. Opptakten til gamleheimen skjedde i 1896, då frøken Karoline Hemsen oppretta eit legat på 10 000 kroner, etter ønskje frå broren, bruksbestyraren. Kvart år skulle 75 prosent av rentene utbetalast til «gamle og trængende arbeidere ved



Frå andre etasje i mølla. Kornet kjem ned til kvernsteinane i stryter frå etasjen over.



Dei første valsestolane ved Tou Mølle. Vi ser at dei har reimdrift. Valsestolar erstatta etter kvart kvernsteinane i mølleindustrien. I ein valsestol vert kornet mole ved at stålvalser dreiar mot kvarandre. Ved bruk av valsestolar kunne det produserast meir og finare mjøl ut av kornet. Foto frå Statsarkivet.


bruget». Legatstyret fekk gratis tomt av A/S Tou og bygde huset der.

#### UTVIDING OG OMLEGGING

Alt året etter at AS Tou overtok drifta, vart mølla ombygd, utvida og forsynt med dei mest moderne maskinar. Moderniseringa var ferdig i 1892, og mølla hadde då ein kapistet på 6–700 tonner i døgnet. Også bryggeriet vart kraftig ombygd og modernisert, og ølproduksjonen vart fordobla frå 1890 til 1895. Etter den milde vinteren 1893–1894, då bedrifta kom i beit for is, anskaffa dei ismaskin året etter. Frå då av var det slutt på skjering av naturis i Krossvatnet.

Det økonomiske utbyttet av AS Tou var ikkje därleg. Utbyttet til aksjonærane var på 2,5 % i 1890, på 4 % året etter og steig smått om senn til det kom opp i 10 % i 1897. Det hadde vore det vanlege i interessantskapet si tid, og utbyttet heldt seg på dette høge nivået i mange år framover.

I 1903 vart det bygt kraftstasjon ved Taufossen, som forsynte alle bygningar som høyrd bruket til med lys og kraft. Tau fekk dermed elektrisk straum seks år før Stavanger, som ikkje




Frå sikteavdelinga på mølla kring 1905.

fekk lys i lyspærene før i desember 1909.<sup>7</sup> Til drift av maskinane hadde Tou Brug utnytta fossekrafta heile tida. Men då var det direkte mekanisk drift, på den måten at vatnet dreiv turbinar, som det var kobla akslingar på. Frå akslingane gjekk det reimar til kverner, valsestolar, sikter og andre ting som skulle sviva. Med elektrisitet vart fossekrafta utnytta på ein annan måte. Då sette vatnet fart på turbinen i kraftstasjonen, og så gjekk det kraftleidninga til elektromotorar ved kvar valsestol eller maskin.

Det var også i 1903 at dei fekk ein ny maskin for flaskestylling i bryggeriet. Dermed var også det meste av kvinnearbeidet borte. «Flaskeskylleske» hadde nemleg vore ein yrkesittel for ganske mange kvinner på Tau. Flaskeskylling, ny fylling og korking av flasker var ein omfattande prosess på vegen fram mot ferdig øl.

I 1907–1908 vart det gjort ei inngripande forandring ved drifta av mølla. Tidlegare hadde dei drive med leigemaling for andre, for det meste kornhandlarar i Stavanger. No gjekk dei over til å bli handelsmølle. Dei kjøpte korn for eiga rekning, mól det på mølla og selde det vidare til kundar. Heilt nytt maskineri




Maleri av fabrikkområdet på Tau av Jakob Sømme frå 1903.

vart innkjøpt, og det var no dei bygde det store siloanlegget i mur, som står enno med innskrifta «Tou Mølle Anno 1908» på toppen. Siloen hadde lagringsplass til 30 000 tonner korn. Etter at dei fekk den store siloen på Tau, kunne dei store kordamparane frå Austersjøen eller Svartehavet gå direkte til Tau og lossa kornet. Før hadde dei lossa i Stavanger, og så vart kornet frakta inn til Tau med selskapet sin eigen dampbåt og lektarar. Overgangen til handelsmølle var ein suksess. Allereie

i 1911 vart det bestemt at mølla skulle utvidast. Møllebygningen vart påbygd 1½ etasje i høgda og vart dermed på fire etasjar.

Ei større utviding av drifta vart gjort i 1908. Då overtok AS Tou Stavanger Aktiebryggeri, som sidan 1899 hadde vore i drift i Lervik i Stavanger. Dette var eit nytt og moderne bryggeri. I åra framover dreiv dei bryggeri både på Tau og i Stavanger. Men det var klar politikk i selskapet at alle utvidingar og moderniseringar skulle skje i Stavanger og ikkje på Tau.



Mjøllageret var i sokkeletasjen i møllebygningen. Til venstre står ei tappestryte med ein mjølsekk under. Jutesekkane var på 100 kilo og vart multe, dvs. stramma til med tau på toppen. Bildet er frå rundt 1903.




Ved mølleområdet på Tau ein stille sommarsøndag.

Dermed var det vel klart at bryggeriet på Tau ville bli lagt ned. Det skjedde med verknad frå 1. mai 1918. Nokre arbeidrarar fekk tilbod om arbeid på bryggeriet i byen, andre gjekk over på mølla. Bryggeriet vart flytta til Stavanger, men malteriet vart framleis drive på Tau i mange år, fram til andre verdskriga. Maltinga føregjekk i det som vart kalla «kyllå» og i maltkjellarane. Til slutt vart malten tørka, pakka i sekker og frakta til Stavanger. Tau var ein av dei siste plassane der dei dreiv med malting for hand.

Maltkjellarane vart truleg nytta til malting berre i vinterhalvåret. Om sommaren vart dei oppussa og nytta til festlokale, og mange organisasjonar som hadde landsmøte i Stavanger heldt fest i desse kjellarane. Landslærarmøtet i 1902 var her med 600 gjester, Landsturnforeningen i 1911 med heile 1100 gjester og 200 seglarar med kronprins Olav i spissen i 1925.<sup>8</sup>

På mølla vart det bygt eit nytt siloanlegg under første verdskriga. Siloen var ferdig i februar 1916 og romma 7000 tonn



*AS Tou sitt anlegg på Tau sett frå sjøen like etter 1900. Mølla til venstre, bryggeriet med den høge pipa i midten. «Internatet» ligg i mellom desse, det er det store kvite huset med langsida mot sjøen bak eit sjøhus. Heilt til høgre ligg «Bekabanen», der tonnene vart beka.*

korn. Like etter krigen vart siktene ombygde frå centrifugal- til plansiktesystem. Seinare følgde nye moderniseringar. Alt som fanst av kverner vart no erstatta av valsestolar. Ny kveitemølle vart bygt i 1925 til ein kostnad på 380 000 kroner. Til denne og andre investeringar vart aksjekapitalen forhøya med 600 000 kroner til tre millionar. Forsikringssummen for selskapet sine eigedommar var på 5,7 millionar kroner. Dei fekk heilt nytt pneumatisk losseanlegg for korn og bygde store kaiar i 1931–1932. Losseanlegget verka som ein stor støvsugar. Store røyr vart senka ned i rommet og kornet vart soge opp gjennom desse og opp i siloen.

Fram til første verdskrig var arbeidstida 60 timer pr. veke, og dei jobba kvar laurdag, men ikkje så lenge som dei andre

### Marse og Adam

Ein bryggeriarbeidar på Tau heitte Marse Gjerdet. Dei hadde lov å drikka ei flaske til dagen dei som arbeidde på bryggeriet. Men så hende det at dei stappa to-tre flasker ned i buksa når dei skulle heim om kvelden. Dette ville bryggerimester Aas ha slutt på, så han stod opp med døra ein dag når arbeidarane skulle gå heim for å kontrollera om dei hadde flasker med seg. Så kom Marse og såg at bryggerimesteren stod der. Marse hadde fleire flasker i buksa, og så snudde han og sprang ned igjen og inn på eit maltlager og gøynde seg. Bryggerimesteren kom inn der for å leita etter han og sa: «Marse, kor e du henne?» Men Marse låg musande stille og sa ikkje eit ord. Så gjekk bryggerimesteren og leitte like til han fann Marse. Så seie han: «Marse, korfor svarte du ikkje når eg ropte?» «Hø», sa Marse, «Adam svarte ikkje helle'». Men då snudde bryggerimester Aas og Marse fekk behalda flaskene.<sup>9</sup>

## På mølla i 55 år

Sten Stensen begynte på mølla i 1913, då han var 15 år. Han ville eigentleg bli snikkar. Han hadde gått på eit sløydkurs om vinteren og var heime om sommaren før han skulle starta på fortsettelsesskulen. Dagen før skulen skulle begynne, så vart faren, som var møllearbeidar, sjuk. Då Sten var på mølla for å henta avisar, traff han møllemeesteren. Han spurde kva som feila faren, og Sten sa at han var sjuk. «Spring hjem med posten og kom igjen du», sa han. Slik blei det, og Sten fekk eit langt arbeidsliv på mølla. Han slutta av for aldersgrensa i 1968, 55 år seinare.

Han vart intervjua etterpå, og fekk m.a. spørsmål om han lengta ut som ungdom. «Jau», sa han, «eg må seia det, det var mange gonger, å gå inn på mølla i det støvet som var i dei da'r... Mange unge reiste til Haugesund i sildå og tente gode pengar. Dei kom heim til Tau med hatt og frakk og var storkrarar. Då var det vondt å vera på mølla. Men han far sa det at det er så mykje som dreg dokke unge, så det er betre du er heima, og det slo eg meg til tåls med.»<sup>11</sup>




Det blei bygd ny silo ved Tou Mølle i 1908. Mørtelen vart blanda for hand. Arbeidarane er frå venstre: ukjend, Knut Tjøstheim, Tønnes Hansen, ukjend, ein Vasstveit, Hans Teig, Lars Ugelid, Ola Aaen (Ånå) og Tore Tau. Foto frå Statsarkivet.

dagane. Arbeidsdagen var delt i to bolkar, med lang middagspause. I 1913 vart det for mølla bestemt at arbeidet på laurdag skulle slutta kl. 13, men då utan middagspause. Arbeidsveka vart då på 59 timer. I 1917 vart det ved bryggeriet i Lervik fastsett ei arbeidstid på 54 timer i veka. Dei arbeidde frå klokka 7 til 12 med ein halv times pause. Så hadde dei to timars middagspause, og så ei ny økt frå klokka 14 til 19 utan pause. Dette gav ein arbeidsdag på 9,5 timer på vanlege kvardagar. På laurdagar arbeidde dei frå klokka 7 til 14, med ein halv times pause. Vi må tru at arbeidstida på Tau var om lag like eins.<sup>10</sup>

## ETTER KRIGEN

Tau Mølle framstod i mangt som ei mønsterbedrift når det galdt velferd for arbeidarane. Cand.ocean. Sonja Hagemann formidla det inntrykket etter ein inspeksjon i 1945. Rapporten hennar er trykt i artikkelen «Velferdsforanstaltninger ved norske bedrifter» i tidsskriftet *Sosialt arbeid* 1945. Ho skriv m.a.:

*«Den nåværende møllebygning er oppført i 1915. Det er en vakker, gråhvit bygning, som med sin flotte reisning og sine*



Tou Mølle fotografert av engelskmannen Harold Graystone, som var spinnemester på Sandnes Kamgarn Spinneri. Den store siloen frå 1908 er bygd, men ikkje kornsiloen frå 1916. Vi legg merke til alle husa som låg nordanfor mølla.

frie omgivelser mer minner om en gammel borg enn om en moderne industribedrift. Ved siden av møllen ligger et par lange, hvite 2-etasjes trebygninger, delvis dekket av efeu. Det er boliger for en del av bedriftens arbeidere. (--) Det er lagt vekt på å skape vakre omgivelser. Møllen har eget hageanlegg, og en finner beplantinger av busker og blomster rundt arbeidsplassen. Bak bedriften ligger sommerbolig for selskapets direktør. Parken omkring er sjeldent vakker. Det er en nesten engelsk frodigheit over vegatasjonen, slik som en kan finne den i velstelte hager i det milde og fuktige Rogalands-klimet. Møllen driver også et mørsterjordbruksenter og har et delikat, helt moderne fjøs.

(--)


Arbeiderne blir av bedriften holdt med appetittlige, hvite kjedresser. De fleste arbeidere har velstelte småbruk, som de driver i fridelen. (--) Miljøet bærer preg av at enhver har sitt sikre utkomme. Arbeidsledighet og fattigdom er temmelig ukjent. Det har hersket gode og stabile arbeidsforhold, og bedriften på sin side har vært lydhør for arbeidernes ønsker.»

Hagemann var imponert over matsalen. Den stod ferdig i 1944 og var på knapt 50 kvadratmeter. Han låg i 1. etasje av møllebygningen. Der var det lyst og solfylt med «en herlig utsikt utover sjøen». Lokalet vart oppvarma av elektriske panelomnar, og det hadde småbord og «behagelige stålrørsstoler». (--) «Lokalet ble besøkt uanmeldt. Det var i full orden, rent og innbydende.»


Ved sida av var det rommeleg garderobe og toalett. Der var det ventilert garderobeskap til kvar arbeid, to porselensvaskar med varmt og kaldt vatn og eige handkle til alle. I eit nabobygg hadde det i løpet av krigsåra blitt stelt til bad, med åtte dusjrom og eitt karbad og avkledningsrom. Alle rom var flisekledde. Badet var bygt først og fremst for tilsette ved mølla, men to dagar i veka var det stilt til gratis disposisjon for Strand Sanitetsforening til bruk for andre folk i bygda.

Inspektør Hagemann formidla eit positivt inntrykk av arbeidsforholda og velferdsordningane dei hadde på mølla på Tau. Og det er vel klart at dei låg langt framme samanlikna med andre bedrifter. Det Hagemann derimot ikkje nemner, er at mølla var ein støvfull arbeidsplass, som vi skal høyrta meir om nedanfor.

Ved mølla på Tau var det sett i gang store utbyggingar og



På dette bildet er det store siloanlegget frå 1916 bygd. Ei seglskute ligg ved kai og lossar mjøl.



Overblikk over området rundt Tou Molle like før krigen. Vi ser bruksløa midt i bildet og Våningane, dei to arbeidarbustadene, til høgre. Foto: Widerøe. Digitalt foto frå Strand historie- og ættesogelag.



Tou Molle ein gong i 1950-åra, etter at det åtte etasjar høge nybygget og det nye siloanlegget bakanfor var ferdig. Foto: Widerøe. Digitalt foto frå Strand historie- og ættesogelag.



Kong Haakon 7. gjesta Strand i juli 1934. Her spaserer han i Mølleparken saman med disponent Gustav A. Arentz i AS Tou.

moderniseringar etter krigen, etter kvart som lempingar på bygjerestriksjonar gjorde det muleg. Det største prosjektet var reising av ein mølle- og lagerbygning i åtte etasjar med ei grunnflate på om lag 1000 kvadratmeter. Murklossen var 63 meter lang, 14 meter brei og 32 meter høg. Bygget vart reist i to byggjetrinn. Første byggjetrinn, fundamentering og dei to første etasjane, var ferdig i 1948. Arbeidet med andre byggjetrinn pågjekk til 1952. Då var monteringa av nye maskinar i mølla ferdig og produksjonen vart sett i gang same våren. Den nye store kornsiloen i 40 meters høde vart bygt i 1953. Då vart det brukt glideforskaling for første gong i Rogaland.<sup>12</sup> Ferdiggjeringa av heile anlegget med ny betongkai utanfor strekte seg inn i 1954. Entreprenørfirmaet Jonas Aadnøy i Stavanger hadde hatt oppdraget med råbygget for ein samla kontraktssum på 1,3 millionar kroner. Men den totale kostnaden med nybygget kom opp i tre millionar kroner. Utstyr og maskineri kom mykje frå England, men også frå Tyskland og Sverige, og litt kom frå Norge. Brannslokkingutsyret var viktig i ei mølle. Her vart installert sprinkleranlegg over heile bygget. Det ville slå ut om temperaturen kom over ei viss grense. Med denne nye utbygginga var mølla på Tau tipp topp moderne for si tid.

I 1949 starta A/S Tou med produksjon av puffa kveite. Det skjedde ved at dei først tok over halvparten av aksjekapitalen i



Båtar ved kai og på vent. Kornbåtane kom til Tau med eit pust frå den store verden.

firmaet Vestkorn Ola Helland & Co, og året etter heile kapitalen. Produksjonen av puffa kveite vart i 1950 flyttå frå dei gamle lokala i Nedre Holmegate 16 til bryggerikomplekset i Lervik i Stavanger, der ein bygning vart omninreia for føremålet. Seinare starta dei også med puffa ris og havre. Puff-avdelinga vart seinare flyttå til Tau.

#### STATUS FOR TOU MØLLE PR. 1955

Då bedrifta feira sitt hundreårsjubileum i 1955, var Tou Mølle ei moderne mølle med god kapasitet. Prosesen starta med lossing av kornbåtar som låg ved kai. Kornet vart voge automatisk og transportert i lukka sugesystem til siloane. Derifrå gjekk det til renseriet, der det vart grundig renta, sikta, vaska og tørka. Vidare gjekk det til den eigentlege formalinga i mølla, og deretter til lagring i mjølsiloane. Derifrå vart mjølet pakka i sekkar og posar og så lagra på mjøllageret. Sjølve malinga gjekk døgnet rundt, men pakkinga berre på dagtid. Moderne pakkemaskinar var i bruk. 50 kilos sekkar vart fylte på automatiske vekter, og ventilopninga i sekken lukka seg sjølv når sekken var full. Til daglegvarehandelen vart mjølet pakka i 2,5 kilos papirposar. Også her gjekk fylling, forsegling, veging og ferdigpakking føre seg automatisk, utan at menneskehander kom i kontakt med mjølet. I den nye mølla var det også innreia



Mølla og kornsiloane sett frå baksida.

eit laboratorium og eit bakeri. Her testa dei kvaliteten av alle parti og gjorde prøvebakingar av mjølet. I den gamle møllebygningen, som vart ståande tom då dei fekk nybygget, vart det bygt eit fôrblanderi som vart sett i drift hausten 1954. Her var det også lagerplass for råvarer og ferdige produkt.

Arbeidssstokken ved mølla var på 49 personar midt på 1950-talet. Der var 44 arbeidarar og 5 funksjonærar og tilsette ved laboratoriet.<sup>13</sup>

Arbeidstida på 1950-talet var frå klokka 7 til klokka 16. Dei tok seg tid til ei skjeve i 9-tida, og så hadde dei ein halv time middagspause. Mange sykla heim til middag då, men etter kvart vart det slutt på det. Laudagane arbeidde dei frå klokka 7 til klokka 13 med ein halv times pause. Med dette opplegget var arbeidstida på 48 timer pr. veka. Seinare fekk dei fri annankvar laurdag og følgde vidare med på arbeidstidsreduksjonar etter avtaleverket.<sup>14</sup> Arbeidsløna har me opplysningar om frå 1951. Då tente mannlege lagerarbeidar over 19 år med eitt års praksis 2 kroner og 88 øre i timen og vel 138 kroner i veka.<sup>15</sup>

Til samanlikning har Sten Stensen fortalt at då han begynte på mølla som 15-åring i 1913 var arbeidsdagen for han som ungdom frå seks om mogonen til seks om kvelden med nødvendige matpausar. Dei som var eldre, arbeidde ein time lenger, til klokka sju om kvelden. Dei unge hadde ei vekeløn på 10 kroner, dei eldre hadde 13 kroner og 20 øre i veka.<sup>16</sup>

#### UNGDOM PÅ MØLLA I 1950-ÅRA

Egil Svensen (f.1942) arbeidde på mølla i skuleferien i fleire år på slutten av 1950-talet, saman med andre ungdommar. Han begynte den sommaren han vart konfirmert, og var då berre 13 ½ år. Ungdommane gjekk inn i produksjonen, dei tappa mjøl i sekker og fekk læra seg å mula, dvs. knyta føre sekken med tau. Det var eit nøyaktig arbeid, det gav status å vera flink til å mula. Dei hadde grunnløn og fellesakkord i tillegg. Viss dei jobba seint, drog dei ned akkorden. På slutten av dagen gav alle opp kor mange sekker dei hadde tappa. Då fekk alle høyrat det, det fungerte som ein gapestokk. Låg du vesentleg under det som var forventa, så blei det kommentarar. Vi fekk inntrykk av at her galdt det å stå på og visa at du var full arbeidsmann.

Det kunne vera grunnar til at du hadde tappa færre sekkar enn det normale. Viss du hadde vore uheldig og »kjørt fullt», så rann mjølet utover golvet og du fekk eit svare strev med å spa det opp igjen. Det var mykje garpaskap mellom ungdommane. Det hende at nokon var inne og opna, slik at det var



Kornbåt ved kai på Tau. Foto frå Statsarkivet.



Møllearbeidarane oppstilte for fotografering ein gong i mellomkrigstida. Med disponent Arentz, som har plassert seg i midten, var dei 41 mann.

|         |           |             |          |            |           |        |        |            |          |         |          |
|---------|-----------|-------------|----------|------------|-----------|--------|--------|------------|----------|---------|----------|
| 1 Anton | 2 Olav    | 3 Berfinius | 4 Juvar  | 5 Gustav   | 6 Kilo    | 7 Tore | 8 Knut | 9 Sten     | 10 Peder | 11 Oluf | 12 Ole   |
| Færling | Korsvih   | Sunde       | Osterhus | Berge      | Tjøthum   | Tau    | Tau    | Stens      | Olsen    | Fubå    | Fjelland |
| Jakob   | Johan     | Joh         | Peder    | Marbin     | Disponent | Ole    | Ommund | Tønnes     | Lars     |         |          |
| Varland | Andersen  |             |          | Upsen      | Arentzen  |        |        | Hansen     |          |         |          |
| Oluf    | Berntus   | Eigurd      | Peder    | Enote      | Torvald   | Peder  | Ole    | Klaus      | Gartner  | Harald  | Theodor  |
| Sunde   | Bjørkum   | Naboth      | Bjørlo   | Gjørle     |           |        |        | Johannesen | Karelzen | Hansen  | Tysdal   |
| Einar   | Juvar     | Isondrat    | Ole      | Erik       |           |        |        |            |          |         |          |
| Fiskia  | HenrikSEN | Sunde       | Ostrem   | Varlandsli | Elias     |        |        |            |          |         |          |
|         |           |             |          | IngvadSEN  |           |        |        |            |          |         |          |
|         |           |             |          |            |           |        | 19     |            |          |         |          |
|         |           |             |          |            |           |        |        |            |          |         |          |

nødt til å køyra seg fullt med mjøl. «Lopsisng» var ein annan garpastrek dei dreiv med. Då tok dei om lag ein kilo mjøl, pakka det inn i litt sekkepapir og laga ein «lopseball». Denne sleppte dei ut eit vindu så han deiste ned på dei som sat på ein benk ved veggen nedføre og hadde seg fem-minutt.

Som litt vaksnare ungdommar var Egil og kameratane også med på lasting av mjølsekker om bord i båtar. Sekkane kom rennande i eitt, og det var hardt fysisk arbeid å ta sekken på nakken og leggja han i la i lasterommet. Og det kunne bli mykje overtid utover kveldar og netter. Då hende det at ungdommane fekk meir i lønningsposen enn dei faste arbeidarane, og det likte dei faste dårlig.

Hartvig Svensen, far til Egil, arbeidde på mølla. Han var renseripassar og gjekk skift. Dei gjekk tre skift, og roterte, med ei veke på kvart skift. Mange andre hadde også fedre som var skiftarbeidarar. Skiftarbeidet til fedrene prega heimane. Når far «hadde nattå» og skulle sova om føremiddagen, måtte ungane hysjast på. Faren hadde sine helseproblem på grunn av skiftarbeidet, med fordøyning o.a. Dei budde på ein av parsellane som AS Tou hadde fått i stand i samarbeid med kommunen og Prestegarden.

Møllearbeidarane hadde eit frynsegode i den såkalla «kvoten». Det var fem kassar brus eller øl i månaden frå AS Tou sitt bryggeri i Stavanger. Denne hadde dei i allfall i 1950- og

**Tou**



Forbrukarpakning av kveite-mjøl frå mølla på Tau.

1960-åra. Først køyde bilen som kom med varene frå Stavanger rundt på husa og sette av det kvar enkelt familie skulle ha. Seinare vart det slik at dei fekk beskjed om når bilen

kom til mølla, og så møtte folk opp der og henta sjølve. Denne kvoten var eit gode, og det var litt stas i heimen når kassane kom. Og det var slik at born i heimar med ein far på mølla hadde lettare tilgang til brus enn andre med fedre i andre yrke. Dette var før det var vanleg å kjøpa inn brus til huset til alle tider.

Det var stas på Tau når det kom kornbåtar. Det kunne vera norske eller utanlandske skip som kom med korn frå Amerika eller Canada og låg ved kai på Tau ein dag eller to. Dei ungdommene som arbeidde på mølla fekk koma om bord og kjøpa tyggegummi av sjøfolka, heile kartongar med Wrigley's tyggegummi. Dette var svært etter-spurd og lett å selja vidare i ungdomsmiljøet for gode pengar. Også sigarettar vart kjøpt og selt vidare, og det føregjekk også ein handel med brennevin frå båtane. Tyggegummi og sigarettar vart stappa ned i sokkar og bukse-linningar, og det galdt å lura seg forbi tollarane.

«Det var høg puls og stor spenning når me smatt ned gangveien. Det gav oss veldig status når me kom og hadde



ARBEIDERE VED TAU MØLLE.

|                   |                 |                 |                   |
|-------------------|-----------------|-----------------|-------------------|
| JAKOB VARLAND     | JVAR ØSTERHUS   | JVAR BJØRNSEN   | HÅKON STRAND      |
| KLAUS JØHANNESSEN | STEN STENSEN    | MARSELIUS ANDAL | HARTVIK SVENSEN   |
| GUSTAV BERGE      | EMILIE ØSTREM   | KONRAD BJØRLD   | JOHANNES VARLAND  |
| ANTON ÅRHAUG      | ANE SVENSEN     | OLAV KORSVIK    | JØNVOLD INGVALSEN |
| MARSELIUS GJERDE  | TOBIE RASMUSSEN | TØRE TAU        | PEDER BJØRLD      |
|                   | MARTI TAU       | KONDRAT SUNDE   | JOHAN ÅRHAUG      |
|                   | PEDER OLSEN     | KRISTI N SUNDE  | OLAV ØSTREM       |
|                   | OLE ÅREN        | OMMUND BERGE    | KNUUT TAU         |
|                   | NILS TJØSTHEIM  | EILERT KARELSEN | NORMAN ÅRHAUG     |
|                   | THEODOR TYSDAL  | OLA RØDLEN      | SØREN ALSVIK      |
|                   | KNUT TJØSTHEIM  | SIGURD HÅBAKK   | OLE ØSTREM        |
|                   |                 | HARALD HANSEN   | KNUUT BJØRHEIM    |
|                   |                 | OLE BERGE       | ENOK GJERDE       |
|                   |                 | ELLING GJEADE   | OLUF FISKÅ        |

Møllearbeidarar i finstasen. Bildet kan vera teke ved AS Tou sitt hundreårsjubileum i 1955.

Chesterfield eller andre amerikanske sigarettar og tyggegummi. Det var eit enormt sug etter det. Rita Eriksen sin song «Tyggi frå USA» gir eit godt bilde på kor attraktivt det var med tyggegummi og sigarettar frå Amerika. Akkurat det der, det passa veldig, det gav enormt med status.

Og så var det jentene då. Det var stas det når sjøguttane kom. Me likte ikkje heilt det, me datt fort i kurs me då. Så då shina dei seg litt opp og gjekk og dreiv på kaien og kikte. Sjøguttane, som dei blei kalt, var attraktive selvfølgeligt. Det var og ein del av det spelet som føregjekk. Det var ein pust av den store verden.»<sup>17</sup>

## VIDARE VEKST

Arbeidsstokken hadde fram til 1970 stige til rundt 75 tilsette. Mølla var den klart største arbeidsplassen på Tau. Sett frå produksida var det fire avdelingar ved mølla. Det var kveitemølla, rugmølla, fôrblanderiet og avdelinga for pufa produkter av kveite, ris og popcorn.<sup>18</sup> Sett frå arbeidarsida var inndelinga i avdelingar litt annleis. Du hadde mølla, der kornmalinga føregjekk, fôrblanderiet og så den såkalla dag-gjengen, som tappa


mjøl i sekkar og lossa og lasta båtar. Så var der eit posepakkeri, som pakka mjøl i forbrukarpakningar på 2,5 kilo. I tillegg var der snikkarverkstad, mekanisk verkstad og elektrisk verkstad samt laboratoriet, som tok prøvar av mjølet og gjorde prøvebakingar. Endeleg var det administrasjonen med driftsbestyrar og kontorpersonale. Men mange kontorfunksjonar, så som lønnsutbetalingar, var lagde til AS Tou sitt hovudkontor i Stavanger.

Fôrblanderiet var ein fullverdig leverandør av alle vanlege sortar kraftfôr til dyr. Det vart køyrd ut kraftfôr til store delar av Rogaland og langt opp i Hordaland. AS Tou hadde eit siloanlegg i Sandeid. Ei skøyte frakta kraftfôr dit sjøvegen. Der vart det teke på land og køyrd ut med bilar. Det var mange bønder som dreiv stort med gris i dette området og hadde stort forbruk av kraftfôr.

I 1980 vart det gjort eit teknologisk sprang, då dei gjekk over til full automatisering av kveitemjølsproduksjonen. Det fullautomatiserte anlegget kunne halda fram med produksjonen også utan tilsyn etter normal arbeidstid. Tidlegare hadde to tremannslag på ettermiddags- og kveldsskift hatt tilsyn med maskinane, men no skulle alt gå av seg sjølv. Tou Mølle var den første i landet som gjekk over til slik automatisering.



Ni eldre møllearbeidarar med medalje for lang og tru teneste. Vi listar dei opp frå venstre, og årstalet i parentes er då medaljen vart tildelt. Martin Tau (1929), Torvald Århaug (1936), Peder Bjørlo (1928), Tobia Rasmussen (1929), Gjertrud Børresen (1929), Rasmus Bjørheim (1929), Knut Tjøstheim (1929), Lars Gjerde (1929) og Ommund Korsvik (1928).



Ved ei festleg tilstelling på Sola Strand Hotell den 18.2.1947 blei mollearbeidar Peder Bjørlo tildelt Kongens Fortjenestemedalje og mange arbeidarar og funksjonærar ved AS Tou blei tildelt Selskabet for Norges Vels medalje for lang og tru teneste. På bildet er det både mollearbeidrarar frå Tau og bryggeriarbeidrarar frå Stavanger. I andre rekke er dei tre til venstre mollearbeidrarar: Sten Stensen, Ivar Østerhus, Ole Østrem. I tredje rekke frå venstre: Einar Fiskå og Oluf Fiskå, nr. 4 er Enok Gjerde, nr. 6 Ommund Berge og nr. 7 Marselius Gjerde. Møllarbeidaranne Andreas Bråstad, Ole Roaldkvam og Th. Torkelsen er også med på bildet.

## TURBULENTE ÅR

Dei gamle tidene med gode forhold mellom arbeidaranar og leiing ved bedrifta var ein saga blott i 1980-åra. Hausten 1985 vart det bestemt at förblanderiet, avdelinga som Tou mølle hadde drive i 31 år, skulle leggjast ned. Dette kom overraskande på arbeidaranane. Saka hadde ikkje vore drøfta i bedriftsutvalet, og dei tilsette fekk vita om planane gjennom massemedia. Dei tilsette ved Tou Mølle AS gjekk til ein fire timars spontanstreik for å markera sin misnøye med framgangsmåten. Avgjerda om å leggja ned var begrunna i at det gamle förblanderiet var ned-

slite, og alternativa var nedlegging eller ei investering på opp mot 20 millionar kroner. I ei tid med noko sviktande etterspurnad etter kraftfôr våga ikkje selskapet ei slik investering. Det vart gjort avtale med T. Skretting om å overta förblandinga, og arbeidaranar fekk tilbod om å overførast dit.

Meir misnøye skulle det bli på den tidlegare så fredelege arbeidsplassen tre år seinare. I juni 1988 vart det kjent at A/S Tou gjekk inn for å selja Tou Mølle til Vaksdal Mølle i Hordaland. Vaksdal Mølle hadde staten som største eigar og var ein del av Stormøllen-konsernet. Arbeidaranane frykta at dette ville bety nedlegging av Tou Mølle på sikt. Dei skjøna ikkje logikken i det


når mølle drifta hadde gått godt økonomisk og Tou Mølle hadde det mest moderne anlegget i Skandinavia. Men dei nye eigarane lova å halda fram med produksjonen på Tau, og dermed såg mange lysare på situasjonen. Frå 1. januar 1989 var alt klart for Vaksdal Mølle, avdeling Tau.<sup>19</sup>

I 1990 gjekk Tou Bryggeri inn i Ringnes AS i Oslo. Dominerande eigar i Ringnes var Orkla-konsernet. Alle eigedommane til AS Tou følgde med, både i Stavanger og på Tau. Tou Bruk var såleis ein del av Orkla-konsernet.<sup>20</sup> I åra utover var det to firma som dreiv økonomisk aktivitet i møllelokala på Tau. Det var Stormøllen AS, som stod for matmjølproduksjonen. Dei leigde lokale av Tou Mølle AS, men var sjølv eigarar av produksjonsutstyret. Så var det Tou Mølle AS, som dreiv med produksjon av puffa produkt – puffa ris, puffa kveite og havrenøtter. Det var felles administrasjon for desse to selskapa.<sup>21</sup>

Utover på 1990-talet hadde Tou Mølle AS ei positiv utvikling. I 1992 oppnådde dei ein salsaue på 13 prosent på sine puffa produkta. Året etter miste dei leveranse til ei større matvarekjede og måtte sjå nedgang i salstala. Men i 1994 peika pilene oppover igjen. Firmaet hadde ti tilsette og var ein av fire produsentar av puffa produkt i Norge. Dei var den største aktøren med om lag 38 prosent av salsmarknaden i Norge. Dei samarbeidde nært med firmaet Nestle, som stod for all marknadsføring, sal og distribusjon av produkta. Råvarene fekk dei frå både inn- og utland. Risen vart importert frå Australia, kveiten kom frå Statens Kornforretning og frå Stormøllen, som dreiv mølla på Tau. Havren fekk dei frå Regal Mølle avdeling Moss. Tau Mølle AS var eit selskap i Regal Mølle AS. I dette selskapet var det tre andre møllebedrifter, som låg i Oslo (Bjølsen vase-mølle), i Moss og i Kristiansand.<sup>22</sup>

Tau Mølle vart, saman med kollegamøllene i Regal Mølle AS, sertifisert etter ISO 9001-standarden i juni 1995. Dei hadde etablert eit solid kvalitetssystem i sin produksjon, og i lokalavisa stod overskrifta: «Sola skin over Tou Mølle AS». 1995 teikna til å bli endå betre enn rekordåret 1994, heitte det i artikkelen, «Tou Mølle rir så absolutt på ei medgangsbølgje.»<sup>23</sup> Ingen visste då kor nær dei var motgangen og avgrunnen. Før året var omme var bedrifta truga av nedlegging. Mindre enn fem månader etter avismeldinga om solskinn og medgangsbølgje i bedrifta, stod det «Helsvart for mølla på Tau» i ei overskrift i Stavanger Aftenblad. Kva hadde skjedd?

Det første som skjedde var at Stormøllen, som dreiv mølla på Tau, slo seg seg saman med Skiens Aktiemølle og Fritzøe



Valsestolar ved Tou Mølle, truleg frå mellomkrigstida.



Etter at Norgesmøllene, som åtte Tou Mølle og flerie andre møller, kjøpte konkurrenten Nordkronen i Stavanger i 1995, vedtok dei å leggja ned sitt eige anlegg på Tau. Men då dei skulle starta demontering av utstyret etter påske i 1996, blokkerte dei tilsette ved puffavdelinga på Tau anlegget. Dei bygde ein mur av pallar for å hindra Norgesmøllene i å demontera matmjølkvernene, i solidaritet med sine tidlegare arbeidskollegaer. Frå venstre Olav Gundersen, Trygve Østerhus, Margot Einervold, Terje Hatleskog og Nils Krumsvik. Foto: Strandbuen.



Då adm.dir. Terje Hauge (til høgre) i Norgesmøllene kom til Tau den 15. april 1996, vart han møtt av rundt 300 demonstrantar. Møtet på Tau resulterte i at demonteringa av mølleutstyret vart utsett, men berre for nokre månader. Ribbinga av utstyret starta hausten 1996, og dermed var det slutt på 140 års møllehistorie på Tau. Foto: Strandbuen.

Møller til Norgesmøllene AS. Det skjedde sommaren 1995. Norgesmøllene hadde dermed produksjonsanlegg i Vaksdal, på Tau, i Skien, i Larvik og i Buvika ved Trondheim og vart den største aktøren på den norske mjølmarknaden. Dei andre var Nordkronen, som var NKL sitt anlegg i Stavanger, og Regal Mølle AS med møller på Bjølsen i Oslo, i Moss og i Kristiansand. I tillegg åtte Regal Mølle også Tou Mølle AS, som no berre dreiv med produksjon av puffa produkt. Regal Mølle var ein del av Orkla-konsernet, som hadde kjøpt opp Tou AS og dermed var eigar av møllebygningane på Tau. Dermed møttest konkurrentane Norgesmøllene og Orkla under same tak på Tau. Orkla åtte bygningane og selskapet Tou Mølle AS, som lagga puffa produkt, og dei leigde ut sjølve mølla til Stormøllen, som no gjekk inn i Norgesmøllene. Det vart forsikra om at etableringa av Norgesmøllene ikkje skulle få nokon konsekvensar for arbeidsplassane på Tau.<sup>24</sup> Men dei skulle koma i fare nokre månader seinare.

For hausten 1995 kjøpte Norgesmøllene Nordkronen si avdeling i Stavanger. Dermed vart dei eigar av eit anlegg som produserte dei same produkt av matmjøl som mølla på Tau. To anlegg var eitt for mykje. Nordkronen hadde kapasitet til å produsera nok for Rogalandsmarknaden, og hadde fleire

føremonar framfor Tau. Dei låg like ved hamnesiloane i Stavanger, nærmere marknaden og slapp fraktkostnader og ferjeutgifter. På Tau såg dei at det dermed hadde oppstått ein situasjon der det var stor fare for at mølla på Tau ville bli nedlagt, og at dei 20 arbeidsplassane på mølla dermed ville gåapt. Formelt sett skjedde vedtaket om sal av Nordkronen i Stavanger til Norgesmøllene i NKL sitt representantskapsmøte den 3. desember 1995 og trådde i kraft frå nyttår.<sup>25</sup>

Norgesmøllene brukte nokre veker etter nyttår i 1996 på å vurdera anleggsstrukturen sin. Konklusjonen blei slik dei fleste hadde rekna med. I byrjinga av februar 1996 vedtok styret at mølla på Tau skulle leggjast ned. Det som hadde skjedd, var at Norgesmøllene kjøpte Nordkronen sitt anlegg i Stavanger og la ned si eiga bedrift på Tau. Ordførar Jan Langvik i Strand ga i avisene uttrykk for at det var betenkeleg at slikt kunne skje utan at nokon kunne gripa inn. Grunnen til kjøpet av Nordkronen i Stavanger var at Norgesmøllene ville forhindra at konkurrentar, t.d. svenske Cerealia, skulle få hand om anlegget. «Det er ufattelig at myndighetene bare sitter og ser på at et statskontrollert selskap kjøper opp en konkurrent og legger ned en egen avdeling bare for å sikre seg en tilnærmet monopolutsituasjon i markedet», sa ordførar Langvik.<sup>26</sup>

I februar og mars 1996 kom det eit mellomspel, i og med at Konkurransetilsynet varsla at dei ville stansa Norgesmøllene sitt oppkjøp av Nordkronen i Stavanger. Grunnen var at oppkjøpet begrensa konkurransen. Men Norgesmøllene ville ikkje venta på denne avgjerdta. Mølla på Tau var i produksjon så lenge dei hadde råvarer, men stansa til påske 1996. Dermed var 140 år med mølle drift på Tau gått over i historia. Rett etter påske skulle demonteringen av det tekniske utstyret i mølla starta. Det var kjøpt av Vaksdal mølle for 20 millionar kroner.<sup>27</sup>

Men då arbeidet skulle ta til, reiste det seg ein aksjon for å hindra dette. Det var ikkje dei tilsette i Norgesmøllene som aksjonerte, men arbeidarane ved puffavdelinga på Tou Mølle. Dei la ned arbeidet og blokkerte anlegget med ein mur av pallar for å hindra Norgesmøllene i å demontera matmjølkvernene. «Det er hårreisende at Norgesmøllene pakker og drar før Konkurransetilsynet endelig godkjenner kjøpet av Nordkronen», sa aksjonsleiar Terje Hatleskog til Stavanger Aftenblad. Dei såg på hastverket som Norgesmøllene hadde med å riva utstyret som eit tiltak for å blokkera mulighetene for konkurrerande verksemder på Tau. Og dei såg det som hjarteråt av Norgesmøllene at det var folk som hadde arbeidd på mølla i mange år som hadde blitt beordra til å starta rivinga. «Vår aksjon markerer også solidaritet med dem vi har jobbet side om side med i mange år», sa Hatleskog.<sup>28</sup>

Etter tre dagar vart aksjonen avblesen. Då fekk aksjonistane lovnad om at tidlegare kollegaer ikkje ville bli sette til å riva utstyr før adm. direktør Terje Hauge i Norgesmøllene kom til Tau nokre dagar seinare. Då han kom til Tau måndag den 15. april, vart Hauge møtt av ein mur av demonstrantar og ein skur av konglar. Om lag 300 personar frå næringsliv, fagforeiningar og landbruksnæringa samt pensjonistar, skulelevar og mange engasjerte enkeltpersonar stilte opp og markerte si støtte til Tau Mølle. Nokre timar seinare utsette Norgesmøllene ribbinga av Norges eldste matmjølmølle og opna i staden mulighet for sal av kvernene. Orkla-eigde Regal Mølle vart nemnd som ein muleg kjøpar.<sup>29</sup>

Framover vinteren vart det sonderingar mellom Norgesmøllene og Regal, men dei førte til slutt ikkje fram. Etter månader med kamp og usikkerhet var nederlaget eit faktum den 23. apil. Regal og Orkla sa då nei til å starta produksjonen som Norgesmøllene hadde lagt ned. I realiteten var truleg Norgesmøllene ikkje interesserte i å selja, og dermed legga til rette for ein konkurrent. 20 arbeidsplassar på Tau ville gå tapt. I praksis skjedde nedbemannninga i Norgesmøllene ved at arbeidsstok-



Gutningar ved Tau Mølle kring 1950. Vi ser at den nye møllebygningen har byrja å reisa seg. Rett bak gutane ligg vaskehuset, som tidlegare hadde vore brukt som bårehus. Gutane er Terje Hatleskog og Einar Berge. Begge hadde fedre som arbeidde på mølla, og familien Hatleskog budde i Våningane aust for mølla på denne tida. Foto frå Statsarkivet.



Dag-gjengen ved Tou Mølle fotografert på ein lekter sommaren 1950. Første rekke frå venstre: John Torgersen, Bjarne Berge, John Alstaseter, Åge Hauge, Sverre Østerhus, Egil Karlsen. Andre rekke frå venstre: Knut Tysdal, Bjarne Mæle, Olaf Karslen, Karl Karlsen, Arthur Hatleskog, Erik Strand. Heilt bak: Olav Østrem og Harald Hansen. Vi er ganske sikre på at bildet er frå sommaren 1950, for Arthur Hatleskog drukna vinteren 1950 og Bjarne Mæle hadde begynt i dag-gjengen tidleg på året i 1950. Foto frå Statsarkivet.

Kane på Tau og i Stavanger vart sett i samanheng. Folk vart oppsagde eller førtidspensjonerte begge stader. Ein del arbeidarar frå Tau vart overførte til Nordkronen i Stavanger. Det varte i to år, så vart produksjonen lagt ned også der. Mange opplevde arbeidsåra i Stavanger som lite gode samanlikna med det arbeidsmiljøet dei hadde hatt på Tau. Ribbinga av utstyret i Tou Mølle starta hausten 1996 og pågjekk nokre månader framover. Dermed var det definitivt slutt på mølledrifta på Tau, 140 år etter oppstarten i 1856.

Kva skulle Orkla gjera med den store bygningsmassen på Tau? Sjølve brukte dei berre ein liten del til puff-produksjonen og til eit salslager for mjølprodukt. I 1997 varsla Orkla eiendom at dei ønskte å kvitta seg med Tou Mølle.<sup>30</sup> Første steg i den prosessen var at dagleg leiari for puff-produksjonen i Tou Mølle AS, Jan Lie, kjøpte industribygningane og siloane og starta selskapet Vestkorn AS, som heldt fram med puff-produksjonen. Arbeidstokken var reudsert til fem personar. Der var god plass i bygningsane, og ein del vart leigd ut til lagerplass til Regal Møller, til kontorplass for lokale firma og lager av fiskefør i siloane.<sup>31</sup>

Men resten av eigedommane til Tou Brug låg ute for sal på den opne marknaden. Dette reiste ein storm i lokalsamfunnet,

som enda med at Orkla tok til vitet, stoppa budrunda og inn gjekk avtale med Strand kommune om overtaking av eigedommane i Mølleparken. Handelen var eit faktum i august 2001, og prisen var på 3,925 millionar kroner inkludert kjøpskostnader. Heile Mølleparken på 19 mål med direktørhuset, bruksløa, drivhus, kvernhus, lysthus og tennisbanar var med i handelen. Kjøpesummen vart dekka av eit kommunalt kapitalfond frå Ryfylke Energi. For drift av Mølleparken vart Stiftelsen Tou Brug oppretta. Der gjekk komunen inn med to millionar i fondskapital og SR-Bank med like mykje.<sup>32</sup> Venneforeininga Mølleparkens Venner vart skipa vinteren 2000. Foreininga har fått stor oppslutning og har organisert stor aktivitet i Mølleparken.

### SMOLTANLEGGET

AS Tou starta opp med ei heilt ny avdeling i 1986–1987. Det var eit smoltanlegg innanfor den sterkt ekspanderande lakseoppdrettsnæringa. Det var vatn av god kvalitet som var grunnlaget for satsinga på Tau, og dette vart sett i gang etter at fôrblandriet vart nedlagt i 1985–1986.<sup>33</sup> Dei kjøpte rogn av stamfiskstasjonar og selde småfisk eller smolt til matfiskanlegg, som fôra dei fram til slaktemodne fiskar. Smoltanlegget stod for



I 1961 fekk 14 tilsette i Aksjeselskapet Tou medalje for lang og tru teneste frå Det kongelige selskap for Norges vel. Fem av dei ståande arbeidde ved mølla på Tau. Frå venstre nr. 3 Norman Århaug, nr. 4 Hartvig Svensen, nr. 6 Johannes Varland, nr. 7 Tor Bjørheim, nr. 9 Konrad Hatleskog.

Slåttegjeng på Tou Brug kring 1926. Frå venstre Erik Varlandsli, så to ukjende, Harald Hansen med kaffikoppen, Torbjørn Hansen, to ukjende, Sigurd Haabakk, Jakob Varland. Foto frå Statsarkivet.



Klekking av rogn og oppal av yngel til det stadium då dei kunne settast ut i sjøen.

AS Tou investerte stort i det nye anlegget, og mange av dei som fekk jobb der hadde tidlegare jobba på forblanderiet. Vinteren 1986–1987 kunne dei ta i bruk det nye, moderne settefiskanlegget nede ved sjøen på sitt industriområde. Anlegget hadde konsesjon til å produsera ein million smolt i året, og hadde ein prislapp på 15 millionar kroner då det var nytt. Etter ein grei start fekk dei om ikkje lenge merka problema som oppdrettsnæringa kom opp i rundt 1990. Det vart etter kvart problem med å skaffa avsetning for smolten. Etter å ha slite økonomisk i lengre tid vurderte Tou Bruk AS å leggja anlegget heilt ned til sommaren 1992 dersom dei ikkje lukkast med å skaffa nye eigarar.<sup>34</sup> Det vart nye eigarar som vart løysinga. Ein Haugland frå Austevoll i Hordaland kjøpte anlegget og dreiv det vidare. Etter fleire eigarskifte er anlegget ein del av Lerøy Austevoll AS.

Etter å ha følgd utviklinga til Tou Brug frå starten i 1855 og fram til avviklinga, skal vi i det følgjande høyra meir om ulike sider ved det daglege livet her. Framstillinga nedanfor er for det meste bygd på intervju.


#### GARDSDRIFTA

Det høyarde jord med til Tou Brug sin eigedom heilt frå starten, så vi reknar med at drifta av gardsbruket går tilbake til selskapet sine første år. Det vart bygt ei driftsbygning på området. I 1890 er denne bruksløa omtalt som «en muret Fjøsbygning, der rummer 27–30 Kjør, med stor Gjødselkjelder, og Lade over af Bindingsværk, bordkledt, malet og tegltækket.» Fjøset var moderne innretta med «Vandkrybber af Malm med stenbelagt Fodergang etc. samt Vandledning».<sup>35</sup>

Kring 1930 vart bruksløa forbetta ved at ho vart løfta opp ein etasje. Første etasjen, oppå steinmurane, hadde vore bygt i tre. No vart denne riven og veggane bygde opp av murstein som vart pussa invendig. Etasjen over vart bygt i tre. Kring 1950 vart det bygt køyrebane på øvre sida av løa, slik at dei kunne køyra inn på låven. Tidlegare hadde dei måttå heisa høylass opp og dra dei inn på låven.

Så mykje som opp mot 30 kyr, som vart nemnt i 1890, hadde dei ikkje i åra like etter krigen. Då kunne dei ha om lag 12 kyr. I tillegg hadde dei griser, fleire drivhus med blomster og grønnsaker, og ein heil del bærbuskar. Garden her var ein av dei største på Tau. Om vinteren hadde to-tre mann arbeid på

Frå mjøllageret på Tou Mølle.



bruket, som gardsdrifta gjerne vart kalla. Om sommaren vart det leigt inn ungdommar i tillegg, så då kunne det vera seks-sju mann i arbeid. Men då var det mykje arbeid i drivhusa og med slått og luking i parken. Plenane vart slegne med hand-klyppar som dei skaув føre seg. Dei begynte å slå i eine enden, og når dei var komne til endes, var det berre å starta


#### Inger Tau og brusen

Terje Hatleskog var gutunge og budde i Våningane tidleg i 1950-åra. Ungane synest det var gjevt å gå bort i Bruket. Der hadde dei kalkunar, gjeser og druer og ymse anna spennande. Viss dei fekk gå med melkå til disponentboligen, til husholderske Inger Tau, så fekk dei ei flaske brus av henne. Det var stor stas. Men var det nokon av disponentfamilien som kom ut og tok imot melkå, så fekk dei ingen ting. Inger Tau var ei dyktig og myndig dame. Ho kokte for disponentfamilien og vart også teken til byen for å koka i store selskap der. Ho kokte også på arbeidarinternatet ved mølla.<sup>39</sup>

på nytt igjen.<sup>36</sup> Alt skulle vera perfekt i parken, og der var mange sjeldne blomar og tre. Stiar og bed skulle ha beinskorne kantar. For å halda alt dette i orden, var det bruk for mange hender i sommarhalvåret. Ein stor fuglepark hadde dei òg, med mange slags høns, ender, gjess, kalkunar, påfuglar og fasanar.<sup>37</sup>

Drivhusa vart bygde primært for å skaffa blomster og grønnsaker til direktør bustaden. Direktørfamilien budde der i sommarhalvåret, og direktøren sjølv pendla til Stavanger. Men etter som produksjonen av blomster og grønnsaker auka, vart det selt til arbeidarar og andre i nærområdet. Også mjølka vart selt ut til folk i nærområdet. Blomster kunne til tider bli levert til oppkjøparar. Druer dyrka dei også ein heil del av i drivhusa.

Ein del av grunnlaget for gardsdrifta var utnytting av avfallsprodukt frå bryggeriet og mølla til dyrefôr. Det var mask og drav frå bryggeriet og diverse avfallsmjøl frå mølla som var skilt frå i sikteprosessen. Og dei hadde ein heil del jord, der dei slo graset og tørka det til tørrhøy. Gardstyrarane sette seg som mål at dei skulle ha kyr heilt i landstoppen. Dei hadde ofte den høgaste feittprosenten. Kyrne vart godt stia med avfallsmjøl frå mølla.<sup>38</sup>



Gustav A. Arentz var disponent i AS Tou frå 1901 til 1938.

Vi kjenner namnet på nokon av dei som var gardsstyrarar. Frå 1904 til 1913 var det Torkel Larsen Lende frå Time som hadde stillinga. Halvor Olsen Nedrebø frå Lysefjorden var «Gårdsbestyrer på Tou Brug» frå 1917 til 1924. Frå 1936 var det Ingebrigt Bjørnsen frå Utbjoa som styrt gardsdrifta. Ein Edland kom seinare, og sidan Harald Raunholm.

#### KLASSESKILJE OG PATERNALISME

Vi har framanfor omtala bedriftskulturen på Tau som paternalistisk. Arbeidarane budde på eller ved bruket, og bruket hadde eigen butikk, skule og gamleheim. Mange arbeidrarar var knytta

til bedrifta heile livet og hadde hatt foreldre og besteforeldre som hadde arbeidd der. Bedrifta skaffa rimelege bustader for arbeidarane, og la til rette for at dei som ville kunne skaffa seg småbruk eller parsellar austanfor fabrikkområdet, på Prestegarden sin grunn. Bedrifta gav juleåver til sine tilsette, stiltel dampbåten «Tou» til disposisjon for sommarturar og oppretta bibliotek for arbeidarane.

Slike forhold gav ring grobotn for fagforeiningar, der arbeidarane skulle organisera seg for å kjempa for sine rettar. Men i 1908 var det politisk møte på Tau. Stortingsmann Sæbø frå Arbeidarpartiet talte om fagrørla og heldt fram at den einaste måten arbeidarane kunne oppnå betre livsvilkår på, var å slutta seg saman fagleg og politisk. Etter føredraget var det stor stemning for å oppretta fagforeining, men stiftinga vart likevel utsett til arbeidarane hadde fått diskutert saka nærmere. Høgreavis Stavangeren såg på fred og ro på arbeidsplassen som ideelt og meinte begge parter hadde æra for det. Dei sa det slik: «Og at der ut gjennom årene har hersket et så eksemplarisk forhold mellom arbeidsgiver og arbeidsyster inne på Tau er noe begge parter har medvirket til, forståelsesfullhet og humanitet på den ene side, arbeidslyst og godvilje på den andre.»<sup>40</sup>

I interessentskapet si tid var det bruksbestyrar J.C. Hemsens som framstod som bedriftsleiaren for Tou Brug. Disponenten og styret i Stavanger hadde dei nok eit fjernare forhold til. Men etter at Hemsen døydde i 1890, vart det ikkje tilsett nokon bruksbestyrar etter han. Disponenten i Stavanger skulle, etter omdanninga til aksjeselskap, i større grad vera dagleg leiari, og under seg hadde han møllemester og bryggerimester. Den første disponenten i AS Tou var H. Riis, som hadde stillinga frå 1890 til 1901. Då han slutta, tilsette styret den unge stavangermannen Gustav A. Arentz som ny disponent. Han hadde stillinga i 37 år. Etter at Arentz døydde i 1938, overtok Alfred Mår som disponent i AS Tou.

Det gode forholdet mellom leiinga og arbeidarane vart framheva i ein avisartikkel av Holger Barkved – læraren og kulturpersonlegdommen som også skreiv den første bygdesoga for Strand.

«Tilhøva mellom styre og arbeidarane er truleg eineståande i landet. Arbeidarane går til disponent Arentz når det er noko dei vil bera fram, og han tek alltid mot dei med tillit og vyrnad. Difor reknar dei og Arentz som ein god ven. Arbeidet må gå godt når tilhøva er slik, og det er vel ikkje så mange stader



Molleparken var lenge svært velstelt og hadde eit mylder av blomster og buskar. Framleis er rhododendroen i blomst eit fantastisk syn. Foto: Molleparkens venner.

der arbeidsgleda står høgare enn på Tau. Det er vel og eine-ståande i landet at her aldri har vore streik eller lockout. Arbeidet går i arv frå far til son, og arbeidarane har ein god og trygg leveveg. Storparten av dei har bygt seg opp eigne heimar, og alt vitnar om trygge tilhøve og ein høg kultur.»<sup>41</sup>

Dette høyrest vakkert ut, og det var det vel kanskje også. Det er likevel ikkje tvil om at det var eit skarpt klasseskilje. Gustav Arentz var disponent i AS Tou i nesten 40 år, frå 1901 til 1938. I AS Tou si jubileumsbok til hundreårsjubileet er han karakterisert slik:

«Arentz var en meget vital mann, tiltaksflink og selvsikker, glad i representasjon og liv, alltid på farten, og med noe stor-slagent i sitt vesen som stakk av frå det jevne og utpreget demokratiske miljøet i Stavanger. Det varte ikkje lenge før

han befestet en sterk posisjon som den administrerende leder av det store selskapet og som en representativ mann i byens liv. Han hadde sans for kulturelle verdier, og fant glede i å la det velhavende selskapet i årenes løp ha en åpen hånd når et eller annet tiltak av kulturell eller veldedig art skulle fremmes i byen.»<sup>42</sup>

Av folk på Tau vart han sett på som ein streng type, men også ein som var patriarkslik innstilt og gjerne ville ta seg av arbeidarane. Men disponentfamilien svevde himmelhøgt over vanlege folk. Dei hadde lite kontakt med lokalbefolkinga, og folk stod med lua i handa når dei møtte dei. Arentz hadde ridehestar, og særleg jentene var ofte ute og rei. Og dei spelte tennis på tennisbanen som vart bygd i parken i 1930-åra. Heile parken var privat område for disponentfamilien og deira gjester, det var strengt forbudt å gå inn der. Det visste alle så godt om at det

ikkje var nødvendig med portar og høge gjerde. På laurdagane hadde dei som jobba i parken arbeid med å handraka gangstiane. Alt skulle vera strøkent til disponenten kom inn til helga.<sup>43</sup>

Folk som arbeidde i parken i 1940-åra har fortalt at fru Mår, kona til disponent Alfred Mår, følgde nøyne med og kontrollerte om der var eit ugras på feil plass. Ein gong hadde Ole Rødland hengt frå seg ei skjorte på ein hekk i parken medan han gjekk og slo i varmen. Denne oppdaga ho, og han fekk då kraftig kjeft og klar beskjed om at slikt skal me ikkje ha hengande i parken. Det var lite kontakt mellom dei som jobba i parken og disponentfamilien. Men ein gong hende det. Ole Rødland gjekk og slo ein sommardag. Dottera i disponentfamilien hadde fire venninner på besøk, og foreldra var i byen. Dei hadde grammofon med seg og mange fine plater. «Så på slutten blei det til det at me heldt på og danste der oppe i steden for å slå plen. Då var det moro å vera på arbeid!», fortel Ole Rødland.<sup>44</sup>

Det var lite sol på villaen. I 1930-åra fekk dei bygt lysthuset,

på ein meir solrik stad i hagen. Der kunne dei nyta kveldssola og sjá over til Stavanger.

## GOD ARBEIDSPLASS

Folk som jobba på Tau mølle utover i etterkrigstida er samstemte om at dei hadde ein god arbeidsplass. Dei trekkjer fram fleire ting når dei skal grunngje dette. Løna var bra, om ho ikkje var på topp eller så høg som på stålverket på Jørpeland. Det var godt arbeidsmiljø her, og folk opplevde at leiinga stolte på dei. Dei hadde det fritt og godt; det vart t.d. ikkje brukt stemplingsur. Stelte du deg godt, hadde du også stor fridom. Formennene var greie, og ordrane om kva som skulle gjera vart formidla på ein god måte. Det var ingen som gjekk over deg og piska deg fram heile tida. Arbeidarane følte at det vart sett pris på dei med fest før jul og julepresang. «Eg sakna den arbeidsplassen kolossalt når han blei nedlagt. Det var ikkje det same når me kom til byen, til Nordkronen.»<sup>45</sup> Dei hadde også



Riving av den gamle møllebygningen på Tau. Bygningen vart brukt til fôrblanderi frå 1954 til 1985. Foto: Kåre Tjøstheim.

eit frynsegode i feriestaden Juvåsen i Suldal, som AS Tau kjøpte i 1972 og tilsette kunne nyttar seg av.

Det var også attraktivt å jobba på mølla. Far til Kåre Tjøstheim sa til han då han var ung: «Begynn på mølla, så svelt du ikkje.» Slik sa og tenkte mange, og ofte gjekk arbeidet i arv frå far til son. Otto Østrem (f. 1936) begynte på mølla i 1951, som 15-åring. Han arbeidde i dag-gjengen. Arbeidet bestod i tapping av mjøl og lossing og lasting av lektarar og båtar. Mjølsekkene var 50 kilo, og dei fekk også noko nøtter til forblanderiet i jutesekker på 75 kilo. Det vart mange tunge tak. «Når du kom heim om kveldane, var du så såre på nevane av juten, atte...» Dei arbeidde også med lossing av kornbåtar. Kornet vart soge opp gjennom eit stort røyr. Dette skulle flyttast på for hand, og kornet måtte skuast inn frå kantar og hjørner til tuten. Arbeidet på anlegget vart gjort mykje på gammelmaßen, pallar og truckar var enno ikkje i bruk. Arbeidsmiljøet var godt. Dei hadde mykje garp og liv og leven seg i mellom.<sup>46</sup>

Mølla var ein støvfull arbeidsplass, det var ikkje til å koma forbi. Det verkar likevel ikkje som det har ført til slike helseplager for arbeidarane som vi har hørt om på ein del andre arbeidsplassar. Otto Østrem fortel at han måtte til med allergitablettar ein periode. Støvmaske var det ikkje vanleg å bruka. Han var i mange år sjøfør på tankbil. Når dei fylte tankane med mjøl, slo det tilbake og rauk mykje. Folk som hadde astma eller andre liknande plager, kunne ikkje arbeida på mølla. Slik var det med Ole Rødland. «Eg blei sjuke berre eg gjekk inforbi mølledeora. Eg fekk rett og slett feber av det kornstøvet, det var forferdeleg. Det var umuleg for meg å vera der.»<sup>47</sup>

Trygve Brandal (57) er førstekonservator og leiar for avdeling for formidling og samlingar ved Ryfylkemuseet. Han er utdanna historikar og har skrive ei rekke bøker og artiklar om lokalhistoriske emne.

Valsestolar ved Tau mølle i åra før nedlegging. Dei står på rekke og rad og er fine og blanke som møblar. Foto: Ove Førland.



## Sjefane

| Disponent                   | Driftsbestyrar på Tau         | Møllemester                   | Bryggerimester (på Tau)             |
|-----------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------------|
| 1855–1862, O. Chr. Sand     | 1855–1857, E. Johnsen         | 1857–1865–, Peter Hansen      | –1859–, Christian August Kirkegaard |
| 1862–1869, Johan Lie        | 1857–1890, J.C. Hemsen        | 1878–1886, Ole Stokke         | –1865–, Joseph Kreitner             |
| 1869–1885, Johan Andersen   | –1953, Danielson              | 1886–1923, Aleksander Arnesen | –1873–1877, Fredrik Møller          |
| 1885–1890, P. Gudmundsen    | 1953–, Odd Nilsen             | 1923–1938, Marthin Tau        | ?, Schmidt                          |
| 1890–1901, Hartwig Riis     | –1976–, Kjell Ursin Michelsen | 1938–1943, Aug. Ludvigsen     | 1884–1913?, Olaf Emil Aas           |
| 1901–1938, Gustav A. Arentz | ?, Kryvik                     | 1943–, Gustav Berge           | –1903–, Johan Ringnæs               |
| 1938–1968, Alfred Mår       | 1983–1994, Christian Falch    | ?, Arnor Tjøtta               | 1907–1909, Gudbrand Rasch           |
| 1968–1983, H.K. Meidell     |                               |                               | 1913–1919, Nils Christian Hald      |
| 1983–1994, Oddbjørn Oddaker |                               |                               | 1908–1929, Kolbjørn Diesen          |

## Notar

<sup>1</sup> Framstillinga om opprettinga av Tou Brug byggjer i hovudsak på jubileumsbøkene til firmaet og på *Strand bygdebok* av Jan Alsvik, bind 1 s. 91 ff. Den første jubileumsboka for AS Tou kom til 50-årsjubileet i 1905 og ber tittelen *A/S Tou, Tou Brug 1855–1905*. Den neste kom til 100-årsjubileet i 1955. Ho er forfatta av R. A. Lorentzen og heiter *Aksjeselskapet Tou 1855–1955*. Forfattaren har også fått mange opplysingar frå samtalar med folk på Tau. Særleg har Egil Svensen vore ein nytig samtalpartner på mange tema om Tau si industrihistorie.

<sup>2</sup> R.A. Lorentzen :Aksjeselskapet Tou 1855–1955. Stavanger 1955, s. 29–30.

<sup>3</sup> Lorentzen 1955 s. 32. .

<sup>4</sup> Lorentzen 1955 s. 34.

<sup>5</sup> Byggjer på Jan Alsvik: Folk i Strand, Stavanger 1995, bind 1 s. 320 og intervju med Terje Hatleskog 28.6. 2010.

<sup>6</sup> Statsarkivet i Stavanger, privatarkiv 0099 AS Tou, 10 Verdipapier, aksjebrev. Beskrivelse av Tou Interessentskabs nu til salgs udbudte Eiendomme, 1889, s. 3.

<sup>7</sup> Helge W. Nordvik, Gunnar Nerheim og Trygve Brandal: Pengar spart penger tjent. Sparebanker og økonomisk utvikling på Sør-Vestlandet fra 1839 til 1889. Stavanger 1989, s. 184.

<sup>8</sup> Avisartikkelen «Tou Bruk er 80 år» frå 1935 av Holger Barkved.

<sup>9</sup> Fortalt av Ole Rødland, Tau.

<sup>10</sup> Lorentzen 1955 s. 116.

<sup>11</sup> Intervju i filmen Kvednakall og popcorn.

<sup>12</sup> Stavanger Aftenblad 17.7. 1953.

<sup>13</sup> Lorentzen 1955 s. 156–162.

<sup>14</sup> Intervju med Terje Hatleskog 28.6. 2010.

<sup>15</sup> Statsarkivet i Stavanger, privatarkiv 0099 AS Tou, 320 Lønningsstatistikk.

<sup>16</sup> Intervju i filmen Kvednakall og popcorn.

<sup>17</sup> Intervju med Egil Svensen 30.6. 2010.

<sup>18</sup> Jan Alsvik: Strand bygdebok 1870–1990. Bind 2, Stavanger 1991, s. 100.

<sup>19</sup> Alsvik 1991 bind 2 s. 100f.

<sup>20</sup> Stavanger Aftenblad 8.1. 1992.

<sup>21</sup> Stavanger Aftenblad 14.1. 1994.

<sup>22</sup> Stavanger Aftenblad 21.12. 1994 og 30.6. 1995.

<sup>23</sup> Stavanger Aftenblad 30.6. 1995.

<sup>24</sup> Stavanger Aftenblad 12.8. 1995.

<sup>25</sup> Strandbuen 6. 12. 1995.

<sup>26</sup> Stavanger Aftenblad 6.2. og 7.2. 1996, Strandbuen 7.2. 2996.

<sup>27</sup> Strandbuen 9.2., 20.3. og 27.3. 1996.

<sup>28</sup> Stavanger Aftenblad 11.4. 1996.

<sup>29</sup> Stavanger Aftenblad 16.4. 1996, Strandbuen 17.4. 1996.

<sup>30</sup> Stavanger Aftenblad 11.4. 1997.

<sup>31</sup> Strandbuen 2.7. 1999.

<sup>32</sup> Strandbuen 1.9. 1999 og 22.8. 2001.

<sup>33</sup> Intervju med Einar Helland, Tau, som har jobba på smoltanlegget, 27.9. 2010.

<sup>34</sup> Strandbuen 8.1. 1992.

<sup>35</sup> Statsarkivet i Stavanger, privatarkiv 0099 AS Tou, 10 Verdipapier, aksjebrev.

<sup>36</sup> Intervju med Ole Rødland, Otto Østrem og Kåre Tjøstheim 30.6. 2010.

<sup>37</sup> Avisartikkelen «Tou Bruk er 80 år» frå 1935 av Holger Barkved.

<sup>38</sup> Intervju med Ole Rødland, Otto Østrem og Kåre Tjøstheim 30.6. 2010.

<sup>39</sup> Intervju med Terje Hatleskog 28.6. 2010.

<sup>40</sup> Alsvik 1995 bind 1 s. 266.

<sup>41</sup> Avisartikkelen «Tou Bruk er 80 år» frå 1935 av Holger Barkved.

<sup>42</sup> Lorentzen 1955 s. 76.

<sup>43</sup> Intervju med Ole Rødland, Otto Østrem og Kåre Tjøstheim 30.6. 2010.

<sup>44</sup> Intervju med Ole Rødland, Otto Østrem og Kåre Tjøstheim 30.6. 2010.

<sup>45</sup> Intervju med Ole Rødland, Otto Østrem og Kåre Tjøstheim 30.6. 2010.

<sup>46</sup> Intervju med Ole Rødland, Otto Østrem og Kåre Tjøstheim 30.6. 2010.

<sup>47</sup> Intervju med Ole Rødland, Otto Østrem og Kåre Tjøstheim 30.6. 2010.



# Villa Tau med paviljong og hage

Av Grete Holmboe


Rundt Tau Mølle vokst det opp eit heilt samfunn med bygningar knytt til produksjonen, med bustadar for dei tilsette, skulehus, krambu, gamleheim og likhus. Dei fleste av desse husa er no rivne eller i privat eige. I denne artikkelen skal me konsentrera oss om livet på den andre sida av haugen, om Villa Tau, parken og paviljongen, som i dag blir forvalta av Stiftelsen Tou Brug og Mølleparkens venner.

Bak åsen over Tau Mølle, med utsikt mot aust, over Korsvatnet, der finn me Villa Tau. Villaen blei bygd som direktørbusstad, truleg allereie i 1857, for disponent O. Chr. Sand. Disponenten og familien hans budde i Stavanger, men flytta til Tau om somrane med heile huslyden. Elles i året blei huset brukt til representasjon og selskapelege samkomer.

Det var eit moderne hus for si tid, i overgangen mellom sein empirestil og den nye sveitsarstilen, med typiske trekk frå denne perioden. Huset hadde moderne krysspostglas med fast midtpost og losjeholt, med lukkeglas oppe og nede. Det nedste faget var delt i to med ei gjennomgåande sprosse. Slike glas kjenner me frå tida rundt 1850, og dei blei veldig karakteristiske for sveitsarstilen. Listverket rundt glasa slutta av mot vassbord oppe og nede, slik det var vanleg i tida før sveitsarstilen. Huset hadde saltak med åsar og sperr, der åsane var ført godt ut, og brukta som dekorative element. Taket hadde gode utspring med spir i gavlben, og upsabordet var pryda med «blondekant». Huset var lafta, og var bygd med kjellar, med metertjukke steinveggar, pussa og kalka både utvendig og innvendig. Her var der både vinkjellar og bakaromn. Hovud-



Den gamle direktørbusstaden blei truleg bygd i 1857, i den nye sveitsarstilen. Foto: Tou Brug.



Kjellaren er bygd med meter-tjukke veggar i naturstein, og pussa og kalka. Rundt glasa opningar er det mura i teglstein.



Huset blei bygd med bakaromn i kjellaren. Omnen blir brukt i dag av Mølleparkens venner.

etasjen hadde tre store stover vendt mot hagen, med trapp ut frå midtstova. Mot baksida var det kjøkken og gang, med trapp opp til 2. etasje. I 2. etasje var det soverom og skråkammers. Huset var stort og staseleg, med ein flott symmetrisk fasade, med trapp, omkransa av klatreroser, ned mot hagen. Det var to piper på huset, den eine med fundament i kjellaren, knyta til bakaromnen, den andre kan ha vore lagt på bjelkar på lemmen, og knyta til omnar, og vedkomfyr på kjøkken, med rør. Huset var 13 meter langt, og 8,6 meter breidt, om lag som eit stort gardshus i Ryfylke.

Seinare har det på eit tidspunkt skjedd store endringar med huset. Truleg var det Gustav A. Arentz som sto for dette. Han var direktør for Tau Mølle frå 1901 til 1938, og brukte Villa Tau som sommarbustad og utflyktstad for familien sin og gjester. Han gjennomførte ei større modernisering av huset der han la om heile taket, og bygde på ei 2 meter brei svål langs heile baksida, dvs. ei utviding av grunnflata med 26 m<sup>2</sup>. I tillegg blei det bygd på ny entre. Taket blei mykje høgare og spissare, og det blei sett på flat ark på begge sider. Dette ga ei betre utnytting av 2. etasjen. I tillegg blei der eit høgloft med to gode sove-



Den ombygde villaen frå Arentz si tid, har sterke trekk frå jugendarkitekturen. Foto: Molleparkens venner.

rom. Svåla ga rom for ny entre, bad og bakrom til kjøkkenet, samtidig som midtstova blei utvida med ei peisestove. På denne tida hadde ein fått elektrisitet på Tau. Det vil sei at det blei sett inn elektrisk komfyr på kjøkken, og installert elektriske omnar. Det var såleis ikkje bruk for meir enn ei pipe, knyta til peis og omn i stova, dvs. den same pipa som var knyta til bak-



Inngangspartiet har flott akantusornamentikk rundt det ovale glaset over dør gesimsen. Lampa over dora er av nyare dato.

aromnen. Huset har framleis to piper, men andre pipa er berre for syns skuld, for å få symmetri i fasaden. Huset er bordkledd med faspanel med not og penn. Dette gir ein glatt fasade, men må ha vore noe upraktisk i vårt regnfulle kima. Så har då bordkledninga, så nær som eit parti over inngangsdøra vore skifta ut. Me har ikkje opplysningar om kva tid den store ombygginga har skjedd, men foto frå 1911 viser det opphavlege huset, så det må ha skjedd lenge etter at Arentz tok til i jobben.

Etter ombygginga av Villa Tau sto huset fram som eit moderne jugend hus. Denne stilarten hadde opphav i Europa frå 1870–80-åra, men festa seg i Norge tidleg på 1900-talet. Typisk for perioden er bruken av blomar, bladverk og stenglar, gjerne med ein knekk i svungen. Taka kunne vera høge og bratte, ha valma tak, eller mansard tak. Dei hadde gjerne ein svai i upsa. Husa fekk karnapp og balkongutbygg, kanta eller halvrunde, og krysspostglasa fekk småruter i dei øvste



Feltet ved sida av hovuddøra viser gammal faspanel øvst, og den nye frå 1990 under.



Med unntak av maling, er der ikkje gjort endringar i entreen etter at han blei bygd.



Villa Tau, med symmetrisk fasade.

ramane. Her heime kom stilene i ei tid då me var opptatt av det «norske», og heldt fram side om side med sveitsarstilen, samtidig som ein plukka element frå tidlegare periodar. Resultatet blei ein frodig arkitektur, med mykje ornamentikk. Ein tur på gamle Egenes i Stavanger kan gje eit bilet på kva me snakkar om. Husa var utforma med kraftig detaljering, med breie hjørnekasser og vindskier, småruta glas og rikt utforma dørportalar. Detaljeringa blei gjerne framheva med måling i kontrastfarge, raudt, oker eller blå panel med kvit detaljering, eller kvit panel med blå eller grøn detaljering.

Villa Tau passar godt inn i dette biletet. Det bratte, spisse taket, har fått ein lett svai i upsa, slik det skulle vera. Takutspringa var knappe både i gavlane og på upsa, og bare avslutta med vassbord og to bord som vindskie, henta frå klassisismen på slutten av 1700-talet. Taket er tekt med brune, hollandske, glaserte teglpanner, flate med fals. Flott skulle det vera. Glasa i 1. etasje fekk vera som dei var før ombygginga. Dei nye glasa i gavlane og arkene fekk tidstypiske småruter også henta frå klassisismen. Dei ovale glasa på høgalemmen har medaljongforma frå den same klassisismen, og den nye



Garderobebehylla i gangen er i messing, og har fine jugend knektar.

inngangsdøra er omkransa av pilastrar med klart førebilete i klassisk gresk arkitektur, med gerikt med akantusranker som omkransar det ovale glaset. Dørblada har fått ein skikkeleg knekk i spegla og klare jugendgreiner. Det er ei skikkeleg staseleg inngangsdør. Og kjem me inn i gangen, finn me garderobebehylle med den same knekken, forma i messing, og paraplystativ forma som stilisert stengel på ei lilje.

Ombygginga omfatta også trappa ut til hagen. Denne blei lagt om til veranda med bua rekkverk i front, og trapp ned til kvar side. Det var eit tett rekkverk, med ein mønster effekt ved at anna kvart bord var stuttare. Det heile blei avslutta med kraftige firkanta kongar.

Inne blei det lagt sjakkmönstra flisegolv i entreen og på badet. Den same flisa blei og lagt på den nye terrassen. Stovene har truleg hatt den same eikeparketten som ligg der i dag. Der var parkett i gangen, eller hallen, som dei kalla det.



Trappa i hallen.



Akantusdekor på trappekongen.

*Alle soveromma har vore tapetserte. Her er me i «Stavanger-værelset». Tapetet er nytt, men soveromsmöblane kan ha stått her frå huset var i aktiv bruk.*



*Lag på lag med tapet på høgalemmen.*

Denne var laga av øltønner frå bryggeriet etter at dette blei lagt ned. Der var der store eiketønner som blei sendt til ein snikkarverkstad som laga tønnestavane om til parkettstavar. Stavane var 30mm breie, og 300mm lange, og lagt i eit rutemønster.

Entreen hadde faspanel i himlinga og på veggane. Det vil me tru det og har vore på badet og på kjøkken. Der er det i dag plata. Stovene har vore tapetserte, med tapet på papp. Det har også alle soveromma vore, ja også dei to heilt oppe på høgalemmen. Under pappen i skråtaket er der profilert panel som aldri har sett lys før.

Med 3 stover, 8 soverom og innvendig og utvendige trapper som ein berre kan drøyma om å skrida ned, så var Villa Tau eit hus som innbaud til mykje gjester og sommarlege selskapelege samkomer.





*Stova slik ho står i dag. Her er dei tre stovene opna, og inn til venstre er peiskroken. Møblane er stilmøbler i Empirestil og Biedermeier. Fleire av dei kan følgjt huset over lengre tid.*

Gjennom skiftande direktørfruer og skiftande moter har huset vore igjennom fleire oppussingar og mindre utbetringar. Tou Mølle hadde eigne snikkarar. I ledige stunder var det å rekvirera dei til vedlikehaldsarbeid på Villaen. Seinare eigagar har sytt for eit jamt godt vedlikehald av huset, der funksjon og

økonomi har styrt utfallet, meir enn at huset skulle takast vare på som eit kulturminne. Det er skifta glas i stover, kjøkken og soverom, med isolerglass, og dei ovale glasa på høgalemmen er nye med utanpåliggende sprosser, og eit noe framandt listverk. Vidare er det tapetsert i fleire omgangar, og måla. Den



Biedermeiermøbler i spisestova.

gamle kjøkkeninnreiinga blei skifta ut så seint som i 1982, og det blei sett inn moderne kjøkken. Dette er pussa opp også i seinare tid. Det står att ein del møbler i huset. Noen av desse kan godt vera frå Arentz si tid, og gjerne eldre, særleg gjeld det Biedermeier-møblane i spisestova, og empireskatollet i eine



Glimt fra peiskroken.

stova. Stovemøblane elles er delvis frå 1920-talet og yngre. Der står og att soveromsmøbler i 2.etasje som kan vera frå 1920-talet. Huset tar seg bra ut. Her er nymåla og tapetsert med kulturhistoriske tapet, og møblane ser heile og fine ut.



Vesla saman med far Arentz i hagen på Tau. Frå Arentz sitt fotoalbum.



Fru Arentz og hunden Ballo på trappa. Legg merke til løva ho held på. Der sto ein på kvar side av hovuddøra. Desse står framleis i huset. Legg og merke til flisegolvet i entreen. Biletet er tatt i 1932, og er frå familien Arentz sitt fotoalbum.

#### Villa Tau og familien Arentz

Familien Arentz brukte Villa Tau i 37 år. Mølleparkens venner har intervjuet dotter til Arentz, Sofie (Vesla) Aspelin, f. 1915, 16.november 2004. Då var ho 89 år gammal. Vesla fortel at familien budde i Stavanger, i Løkkeveien 7, nær den katolske kyrkja. Om somrane flytta dei til Tau. Det var mor, far, søstera



Vesla i hønsegarden i 1936. Her var der kvite, svarte og brune italienarar, dverghøns, perlehøns og kalkunar. Foto frå Arentz familiealbum.

Matti og brørne Jens og Gustav. Med seg hadde dei barnepike, stuepike og kokke. Gustav blei født på Tau i 1923, medan søskena var på ferie hjå bestemor i Oslo, og døypt i Strand kyrkje med stort følgje med karjol trekt av Arentz sine ridehestar.

«Vi hadde det helt landlig, vi», fortel Vesla i ein kommentar

til korleis huset står fram i dag. Det var lilla veggar i hallen, rosa i stova og lysblått i spisestova. I mellomstova og spisestova var der store korgmøbler med mønstra stoff i putene, vevde tepper på veggene, og ei gamal golvklokke. Ho fortel at dei hadde eit bad med badekar. Elles hadde dei vaskefat på romma. Tenestejentene budde i eine enden på høgloftet. Vesla hadde eige rom i andre enden, med ei stor jernseng. Det står fire slike jernsenger her oppe i dag, heilt sikkert dei Vesla snakkar om. Foreldra sov i 2. etasjen, i «Stavangerværelset», med utsikt mot hagen. Dei andre søskena sov også i denne etasjen, i tillegg til at der var gjesterom og eit eige strykerom.

Vesla kan ikkje hugse at dei brukte bakaromnen i kjellaren. Det var det nok heller ikkje behov for etter som dei hadde fått elektrisitet i huset og elektrisk komfyr på kjøkken. Men ho hugsar at brørne støypte tinnsoldatar i kjellaren.

Vesla hadde travle og festglade foreldre. Kvar helg var der gjester. Då var det gjerne laksemiddag, som blei avslutta i paviljongen om kvelden. Middagane blei servert i spisestova, medan barna åt saman på kjøkken. Laks var reservert gjestane. Då Vesla sneik seg til å ta noe laks som låg på kjøkken, var ho ueheldig og sette fiskebein fast i halsen. Ho kom seg sjølv til doktor i Stavanger. Arentz hadde ikkje merka noen ting. «De brydde seg ikke så mye om oss». Men dei var heldige og hadde barnekiper. Sofie var hjå dei i 5 år. Etter at Gustav blei



Paviljongen blei brukt ved selskapelege samkome. Her er det feiring av bursdagen til Arentz i 1932. Ser me bakom dei festgalde folka, ser me at paviljongen på den tida hadde kvite søyler og farga veggar.

Foto frå Arentz familiealbum.



Storfint besøk av Kong Håkon i 1934. Her er han og Arentz ved Villa Tau. Legg merke til hagebenkane. Benkane er for tida under oppussing. Foto frå Arentz familiealbum.



Vesla og Gustav på stranda nedanfor Villaen saman med barnekopen Gina i 1927. Foto frå Arentz familiealbum.



Søndagskledde jenter i parken. Foto frå Arentz familiealbum



Arentz skyter rotter i hønsegarden.

født, var det søster Gina. Ho var fantastisk snill. Me har vore heldige å fått låna foto frå familien Arentz album. Det viser glade barn i parken, på badetur med barnepiken, truleg Gina, på fisketur og blåbærtur.

Livet på landet må ha fortona seg som eit privilegert liv for dei som heldt til på andre sida av haugen. Her sprang jentene rundt i kvite kjolar og svarte strømper om søndagane, med dokkevogner og dokkestove som andre berre kunne drøyma

om. Her var det ridehestar, skilpadder og apekatt, og ein far som skaut på rotter i blådress. «De hadde ikke arbeidstøy i den tiden», seier Vesla.

### Paviljongen


Villaen låg noe unnasolt om ettermiddagen. Rundt 1930 fekk Gustav Arentz bygd ein paviljong på knausen ovanfor løa. Midt oppå knatten, med panoramautsikt mot Stavanger, kunne ein sitta innandørs med peiskos og forfriskingar på kjølige kveldar. Den flate hageflekken framfor paviljongen blei mykje brukt til å dekka langbord.

Paviljongen er ein åttekanta bygning, 5,5 x 5,5 meter, der taket ender opp i ein spiss, pryda med ei kopparkule. Taket er tekt med enkeltkrumma teglpanner, og avslutta med profilerte kopparrenner. Paviljongen har eit pretensiøst inngangsparti, med steinmurt trapp opp mot eit tempelforma soyleparti med trekantgesims over, det heile som ei omkransing rundt ei enkel funksjonalistisk dør inn til vindfangset. Over døra svevar ein fugl med bjølle i nebbet. I kvart av dei åtte hjørna, er det tilsvarande



Detalj frå inngangspartiet med bronsefugl mot blå himmel.





Fleire stiar, hagegangar og trapper førar opp til paviljongen.



Peisen. Innsatsen i peisen  
er kome til seinare.



Tre-fags funkisglas.



Interior frå paviljongen.

søyler som står på stabbesteinlar. Dette er verkeleg ein bygning med romantiske ideal, henta frå klassisisme, men bygd i ei tid då det var funksjonalismen som var moderne. Glasa er trefags, med eit stort, heilt lukkeglas i midten, og to mindre på kvar side. Desse er oppdelt i 4 ruter med gjennomgåande sprosser. Veldig typisk for denne perioden. Huset var opphavleg måla i ein grågrøn farge, med kvit detaljering. I dag er fargane skifta om til kvitmåla veggar med blå detaljering.

Paviljongen ligg på eit platå mura opp med naturstein, og rundt paviljongen går der ein terrasse på 1,45 meter. Der er ein opning midt på der ein kan vandra ned ei steintrapp i den sørlege delen av hagen, eller ein kan setta seg ned på kvitmåla benk og nyta den flotte utsikta mot byen.


Går me inn i paviljongen blir me slått av eit temmeleg autentisk interiør. Vesla Aspelin seier og at det er som i deira tid. Veggene er kledd med olja kryssfinerplater. Skøytnene er dekka med brunbeisa lister. Taket er pappa og kvitmåla, og skøytnene her er også dekka med dei same listene, i ein lysare brunfarge. Det heile dannar eit flott rutemønster som leder mot senter, der sjølvsgart lysekrona heng. Under lampa står det runde bordet, og rundt bordet er det overstoppa stolar. Bordet er av nyare dato, men stolane har truleg stått her sidan bygget var i bruk på 1930-talet. I tillegg er der noen korgmøbler og mannilla møbler langs veggane. Noen av desse kan vera dei korgmøblane Vesla snakkar om at dei hadde i villaen.



## Parken

Paviljongen låg i utkanten av parken. Spaservegar og trappegangar gjennom hagen, med rododendron og andre prydbuskar som kantvegetasjon, leda opp til paviljongen på Stenene. Det heile var omkransa av ein herregardsliknande park, med runde blomebed, reinskorne buksbomhekkar og prydbuskar. Her var stiger og gangvegar, symmetrisk lagt opp til stille vandringer og ulike opplevingar.

På den gamle områdeplanen frå 1876 er ikkje paviljongen teikna inn. Det er derimot Villaen og hagen. Intensjonen har heilt klart vore å lage ein landskapshage, med organisk forma grusgangar rundt blomebed og plenar, framfor huset, som leia dei turgåande ned mot stille vatn, Krossvatnet. Førebilete var nok den engelske hagearkitekturen med grøne, bølgjande grasbakker med svungne liner «som naturens skjønnhetslinje, og grunnlaget for all estetikk.» (W. Hogarth). Seinare blei ein opptatt av å skapa stemningar i hagen, med variasjonar i planter, buskar og opne plassar, det heile krydra med stemningsskapande skulpturar og lysthus som skulle føra tankane til antikken. Her fell vår paviljong godt inn i biletet, og skulpturar finn me både langs vegen opp til huset, og nede i hagen, mot vatnet. Her var ein svært kultivert del på nedsida av hagegangen til huset, og ein meir naturell del på oppsida av hagegangen. Naturdelen hadde meir og mindre «viltveksande» rododendron og kaprifol. Den same hagegangen starta ved gartneriet, som det engelske oransjeriet, i ein ende, og enda



Utsnitt frå områdekart frå 1876 kor hagen er teikna inn.



Denne stemningsskapande trekkspelaren i bronse står mellom rododendron ved hagegangen mot huset.



*Det bognar av blomar i krukker og korger, og buskar og tre. Her har hr. og fru Arentz besøk av sin gode ven, sjefsdirektør i Norges Bank, Nicolai Rygg. Biletet er truleg tatt ved paviljongen. Foto frå Arentz familiealbum.*

opp med Villaen i den andre. Denne naturhagen var ein stil som festa seg i England på 1730-talet, og som, med ulike innspel og vekslande mulegheiter til praktisk gjennomføring, heldt seg her i landet til godt ut på 1900-talet.

Bileta frå Gustav Arentz si tid gir inntrykk av ein overdådig og frodig hage med roser og andre vekstar. Gartneriet forsynte parken med blomar, og der var gartnarar som stelte parkområdet, heldt kantane beine og ugraset vekke frå grusgangane. Så lenge Villaen var i bruk, og der var aktiv drift på Bruget, så har ein nok greidd å halda dette nivået. Den siste direktøren som brukte huset fast til sommarbustad var Alfred Mår. Frå H.K. Meidell tok over i 1968, gjekk villaen over til å bli brukt meir sporadisk til representasjon og liknande. Den villaen og parken me ser i dag er prega av at det har vore ei meir rasjonell drift dei seinare åra. Hagen rundt Villa Tau har vore gjennom ulike omleggingar og endringar. Framfor huset er det i dag kortklipt plen. Men på tørre sommaren, kan ein skimta dei gamle hagegangane som på planen frå 1876.

Barna hadde eiga leikehytte ved Nøkkeberget, nord i parken. Der låg også tennisbanen, under eksotiske tre, med utsikt til Krossvatnet der svaner og ender sømte mellom sivet.

Vesla Aspelin fortel at der var frukttrær på sletta ned mot Krossvatnet, pæreretre og plommetre. Elles hadde dei rips, solbær, stikkelsbær og jordbær, og på haugen var der markjord-



*Vesla og ukjent «kavalér» med dokkevogn og fiskestang ved parken. Foto frå Arentz familiealbum.*




*Tennisbanen ved Nøkkeberget.*

bær. Me finn elles kristtorn, thuja i fleire fasongar, cotoneaster, japansk kvede og kaprifol i dei ytre områda av hagen, medan syrin, hortensia og roser prydar hagen nærmare huset. Midt framfor huset er det ein stor gullregn. Det må ha fortona seg som ein draum i ei anna verd for dei som levde sitt liv på andre sida av porten. Ein våga seg aldri innanfor. Det vil seia, at når ein skjøna at der ikkje var folk, då hende det at ein gjekk inn for å sjå. Her var der valnøttre, kastanjetre, og andre eksotiske vekstar som var veldig spennande.

Om hagen har endra seg noe over tid, er her likevel mykje att av den opphavlege hagen som ein kan gleda seg over, og gå på oppdagarferd i. Det er ei stor utfordring å halda hagen i orden. Ei enda større utfordring ar det å syta for at hagen ikkje endrar karakter. Vesla Aspelin hugsar det var flott utsikt frå terrassen, ned til vatnet. I dag veks trea høge, og dekkar heile utsikta. Etter kvart som gamle planter blir for høge, eller dør ut, må ein passa på og planta nye av same slag. Det er og muleg å henta fram gamle planter som har vore i hagen. Frø frå gamle



Hagen ved Villa Tau i dag. Under dette grøne, velstelte graset, ligg dei gamle hagegangane.



Arentz og frue på ridehestane sine, Vesla og Matti. Foto frå Arentz familiealbum.





Då dei store thujaane blei skore vekk, kom denne symbolske kvernsteinen fram i lyset.



Utsikten frå terrassen er i dag stengt av store tre.

planter kan halda seg i jorda i 50 år etter at dei er overgrodd og kvelt av ugras og andre vekstar. Der planter har døydd ut, kan ein, ved å luka vekk alt som ikkje hører til, dyrka fram att dei gamle plantene. Dette har ein lukkast med i Sigrid Undsets hage på Bjerkebæk i Lillehammer. Det krev tid og tolmod, men må vera frykteleg spennande, og kjekt om ein lukkast å få det til. Det er ikkje umuleg å henta fram att den kultiverte hagen framfor Villaen, om noen skulle få lyst til det.

### Villa Tau og mølleparkens venner

Godt hjelpt av SR-Bank kjøpte Strand kommune Villaen og Mølleparken i 2001. Sidan då har Stiftelsen Tau Brug hatt ansvaret for drift og vedlikehald med god hjelp av prosjektersgruppa i Mølleparkens venner. Målet er at dei skal restaurera og bevara eigedomen med villa, lysthus, bruksløe, veksthus og kvernhus. Det har vore nok å henga fingrane i, med frostskadar og lekkasjar etter at vassrøyr sprakk. Det har også vore problem med lekkasje rundt dei gamle takglasa. I skrivande stund, blir det sett opp stillas for å legga om taket. Det er gjort vedtak om å skifta ut dei gamle pannene. Etter

som det ikkje var råd å skaffa hollandske flate, glaserte teglpanner med fals, er det no kjøpt inn krumme, hollandske glaserte panner i ein mørkare brunfarge enn den gamle, og noe større. Det er og kjøpt inn nye Velux glas som skal settast inn i staden for dei gamle takglasa.

Det blir gjort ein stor og heiderleg innsats i vedlikehaldet av bygningane og hagen. Engasjementet og iveren er stor. Dersom ein ønskjer å bevare huset, er utfordringa å halda att og ikkje fjerne viktig originalmateriale. For kvar originale bygningsdel som blir fjerna, forsvinn ein viktig del av bygningshistoria.

### Bygningsvern

Før ein gjer noe som helst med ein bygning, må han dokumenterast, det vil sei at han må gjennom fotograferast. Det må så lagast ein plan for arbeidet, og ei prioritering for kva som hastar mest. Er der ikkje pengar til å gjennomføra alt, må ein starta med det som er mest kritisk. Det er viktig at det som blir gjort blir gjort rett. Anten det er snakk om ei restaurering, med tilbakeføring til ein gitt periode, eller det er ei rehabilitering, med



AS Ryfylke Trelast er i gang med å skifta tak på Villaen.



Gamal hollandsk glasert teglpanne, flat med fals, og den som no blir lagt, hollandsk, glasert teglpanne, krum med fals. Denne er større enn den opphavlege, og er mykje mørkare.



Så langt det er råd, skal gamle bygningsdelar reparerast. Dersom dei må skiftast, skal det lagast kopi av dei gamle, med same materialkvalitet og gjort med sam teknikk som dei gamle.

tillemping til moderne bruk, så er kriteria for bevaring av huset dei same. Det handlar om å ikkje fjerne originale bygningsdelar utan at dei er direkte därlege. Må ein fjerna noe på grunn av insektangrep, sopp eller råte, så skal delane erstattast med nye gjort av same materialkvalitet og teknikk som dei gamle.

Gamle tømmervegger har ein isolasjonseffekt. Grunnen til at husa kan vera kalde, er trekk rundt glaskarmane og mangel på isolasjon i golv og tak. Med tetting rundt glasa, og isolasjon mellom bjelkar i kjellar og på loft, så er mykje gjort. Det er viktig at taket blir isolert innanfrå, slik at ikkje tak tjuknad blir lagt oppå taket, med ekstra breie vindskier osb. Vinninga med isolasjon utanpå tømmeret er lita i forhold til arbeidet. Ofte er delar av huset i enkelt reisverk med panel på begge sider, som svåla på Villaen. Her kan ein lett legga inn isolasjon mellom stolpane.

Lekkasjar er ofte knytt til pipegjennomføringer, sløyser eller takglas. Her gjeld det om å reparera der skaden er. Dersom ein likevel ønskjer å legga om taket, legg ein eit tett undertak som tekking. Gamal takstein leggast opp att som eit verskikt. Ved Ryfylkemuseet tar me i mot teglstein når hus blir rivne med tanke på å kunne hjelpe til med suppling ved viktige restaureringsprosjekt i regionen.

Opphavlege glas er veldig ofte gjort av utsøkt materiale, og glasrutene er laga på gamlemåten, som gir eit fint spel i glaset. Ofte er glasa heilt fine, men har behov for å bli kitta på nytt. Dersom treverket er därleg, fjerner ein det ein må, og fellar inn frisk ved. Ramane reinskast for kitt og maling, kittast på nytt med linoljekitt, og det heile settast inn med rå linolje og målast på nytt. Ønskjer ein å minska trekk fra glaset, kan ein laga eit vareglas som ein set inn i vinterhalvåret.

For dører følgjer ein same prinsippet. Det er viktig at ein tar vare på det gamle listverket. Kopi av gammalt listverk kan lagast på bestilling.

Ved oppussing av gamle hus er det viktig å ta vare på alle detaljane i profilering av bordkledning og listverk, vassbord og hjørnebord, eventuelle utskjeringar og ornamentikk.

Det er ikkje alltid at godt bygningsvern er dyrt. Ein kan spara mykje på å skifta ut delar. Men därleg bygningsvern kan vera bortkasta. Gamle hus er historieforteljarar, det er ein del av vår identitet. Det er i vår felles interesse å ta vare på dei. Dersom ein ønskjer at Mølleparken ikkje berre skal vera ein møteplass, men også eit kulturminne, er det behov for eit sterkt medvit og god fagkunnskap som grunnlag for eit framtidig bygningsvern.

Grete Holmboe (61) er antikvar og leiar for bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet.

#### **Informantar:**

Egil Svendsen, Mølleparkens venner.

Elling Gjerde, tømmermann.

Kjell Gjerde, tømmermeister.

#### **Litteratur:**

Jan Alsvik: *Strand bygdebok 1870–1940 og 1940–1990*, Hafsfjord Forlag

Jan Alsvik: *Folk i Strand, Bind 1*, Hafsfjord Forlag.

Magne Bruun: *Tohundre år med norske hager*, artikkelen i Gode råd om gamle hager, Fortidsminneforeningen.

Mari Kollandsrud: *Med hus for øyet*, artikkelen i Gode råd om gamle hus, Fortidsminneforeningen.

R.A. Lorentzen: *Aksjeselskapet Tou 1855–1955*, Aktietrykkeriet i Stavanger.

Sofie (Vesla) Aspelin, f. Arentz: Intervjuavskrift 16.11.2004, Mølleparkens venner.

Tore Drange, Hans Olaf Aanensen, Jon Brænne: *Gamle trehus*, Universitetsforlaget 1992.

Grete Holmboe: *Taktekking, Rapport nr. 5*, Ryfylkemuseet 1999.





# Mølleparkens venner – ei suksesshistorie

Av Roy Høibo

I 1994 blei det arrangert ei synfaring i Mølleparken på Tau der to problemstillingar blei lufta: For det første om Mølleparken kunne opnast for ålmenta. For det andre om løa kunne stillast til disposisjon for Strand bygdemuseum. Svaret var nei på begge spørsmåla. Direktør Christian Fr. Falck ønskete å bevare hagen «som et miljøelement». I dag er Mølleparken blitt eit suksessrikt miljøelement for alt folket. Dette er soga om korleis det kunne gå til.

Mølleparken på Tau hadde lenge fanga interessa til folk som var vore opptatt av å ta vare på kulturminne. Alt i 1940-åra deltok Peder Heskestad, styreleiaren i Rogaland Folkemuseum (seinare Ryfylkemuseet), i arbeidet med restaurering av det gamle møllanlegget. To av dei gamle kvernhusa og eit tørkehus blei sett i stand, og var klare til bruk att hausten 1945.<sup>1</sup>

Kvernhus og tørker ser ut til å ha hatt høg prioritet i arbeidet med å verne gamle hus frå forfall, og i arbeidet med å bygge opp Rogaland Folkemuseum hadde Peder Heskestad kasta auga sine på ei rekke kvernstader innetter i Ryfylke. Ja, det var slik at da museet var etablert med fast tilsette på 1980-talet dukka det opp avtalar om vedlikehald av kvernstader både her og der i så stort tal at museet fann å måtte avhende ein del av skyldnadane sine. Kvernene såg ut til å stå fram som særleg meiningsberande minne frå det gamle bondesamfunnet mellom dei som nok dyrka det vakre og harmoniske i fortida meir enn det grimme og konfliktfylte.

Møllanlegget på Tau sto likevel i ei særstilling. Her hadde vore kvernhus og sag frå langt tilbake, og det var eit anlegg av større omfang enn vanleg. Grunnlaget for dette var den gode

*Utgangspunktet for verksemda på Tau var kvernhusa som i lange tider hadde tent folk både i bygdene og på øyane. Kvernhusa var også dei første kulturminna som blei tatt var på.*

tilgangen på vatn frå Krossvatnet. Her var rikeleg med vatn heile året. Dette gjorde at ein kunne bygge større kverner og male meir korn enn på dei mindre gardskvernene. Og folk ute frå øyane kom til Tau for å få kornet male. Det vanlege var at bøndene frå Tungenes, Mosterøy, Rennesøy, Finnøy og Talje tørka og mol sjølv mot ei rimeleg leige. Dei hadde brensel med seg til å tørka kornet med. Denne tradisjonen heldt fram lenge etter at den store industrimølla var bygd. Ein av møllearbeidarane hadde ansvar for å halde dei gamle kvernene i stand, og framover førjulsvinteren kunne fleire kverner og tørkehushus vera i konstant drift.<sup>2</sup>

## Møllehagen blei tusenårsstad

I 1976 tok bedrifta affære og kosta ei større restaurering av kvernhusa. Vedlikehaldet blei følgd opp seinare, slik at tilstanden var nokså god til ut på 1990-talet. Men så gikk det mot slutten for drifta av Tou Mølle. Da var det folk som var vakne nok til å spele inn interessene til ålmenta på nytt. Samtidig var kommunane oppfordra til å finne sin tusenårsstad i samband med overgangen til eit nytt årtusen. Kommunen valde det som nå blei kalla Møllehagen til tusenårsstad, og Asgjerd Taksdal blei vald til leiar for ein komité som skulle utvikle prosjektet. Det var eit godt val. Komiteen og kommunen håpte å kunne overta både kvernhus, løe, drivhus, direktørbustad og park med lysthus og tennisbane og gjera heile greia til eit kultur- og aktivitetssenter.

Asgjerd Taksdal gjorde greie for store planar for Møllehagen: «I låven kan det leggjast til rette for publikumsopne verkstader og atelier, der amatørar og profesjonelle kunstnarar og handverkarar kan arbeide og la seg inspirere av miljøet. Her vil det også vera plass til bygdemuseum og kafé», fortalte Taksdal entusiastisk til Strandbuen. «Parken med direktørbustad og lysthus har i mange år vore ei stengd verd for folk flest. Nå håper me at folk skal få samlast til arrangement som til dømes kammerkonsertar og kulturveldar i direktørbustaden. Denne gamle



Mellan dei ideane som blei realisert var å bruke underetasjen i Bruksløa til kunstformidling. Her presentert av engasjert leiar i venneforeininga, Signe Plahte Holmgren.

villaen kan og nyttast som kunstnarbustad for avgrensa arbeidsopphald. Huset eignar seg dessutan ypparleg til representasjons- og privatarrangement. Den fantastisk flotte hagen ned mot Krossvatnet kan brukast til friluftskonserter og ulike familieaktivitetar.» Det mangla ikkje på idear når saka skulle seljast til både lokale og sentrale styresmakter. Det overordna motivet for å sikre Møllehagen var «å ta vare på historisk dokumentasjon over ein viktig epoke i norsk industrireising», sa Asgjerd Taksdal, og plasserte Tou Brug der det hørte heime, i ein nasjonal kontekst. «Men samtidig er det viktig å ta området i bruk.»<sup>3</sup>

Men saka gikk ikkje på skinner. Orkla hadde lagt Tou Brug ut for sal på den opne marknaden, til stor uro i heile lokalsamfunnet, og ordførar Jan Langvik måtte hive seg på flyet til Oslo for å overtyde Jens P. Heyerdal d.y om at han måtte selja til kommunen. Orkla tok til fornuft, stoppa budrunden på villaen, og let Strand kommune få kjøpe heile Møllehagen med god støtte frå SR-bank. Ein vesentleg faktor for at det politisk blei

muleg å kjøpe Tou Brug var at Mølleparkens Venner alt var etablert og hadde fått stor oppslutning.<sup>4</sup>

Mølleparkens Venner blei skipa 22. februar 2000. Dette var før kjøpet gikk i orden, og formålet med skipinga var prega av arbeidet med å få på plass tusenårs-prosjektet og gjennom dette «...utvikle Mølleparken til offentlig bruk, ved å delta med dugnadsinnsats i restaurering, vedlikehald og drift». <sup>5</sup>

For å ivareta eigarinteressene blei stiftinga Tou Brug etablert i 2001. Opprettinga og vedtekten blei godkjente av Strand kommunestyre 19. september 2001, men registrert hos Stiftelses- og lotteritilsynet først i januar 2009<sup>6</sup>. Grunnkapitalen til stiftinga var på 4 mill. kroner som var skoten inn med like delar frå Strand kommune og SR-bank. Dette er ein urørleg kapital, men avkastinga kan brukast til drifta av stiftinga. I styret for stiftinga sit to representantar for Strand kommune, ein for SR-bank og to for Mølleparkens Venner. Sveinung Langvik er for tida leiar i styret. Med seg har han Sven Grødem, Tor-Erik Olsen, Olav Strand og Ona Søyland som styremedlemmar<sup>7</sup>.

Stiftinga fekk eit todelt mandat. For det første skulle formålet med stiftinga vera å restaurere og bevare eigedomen med påståande villa, lysthus, bruksløe, veksthus og kvernhus. Dernest skulle stiftinga gjera aktiv bruk av eigedom og bygnin-  
gar «som industrimuseum og allsidig kultursenter». Den aktive  
bruken skulle omfatte dokumentasjon av bygningars, anlegg,  
utstyr og reiskap, formidling av industrikulturen, vidareføre  
handverkstradisjonar knytt til industrien og elles drive ei allsi-  
dig kulturverksemd. Eit nokså ambisiøst og krevjande program  
som neppe kunne realiserast ved hjelp av det grunnkapitalen  
kasta av seg, sjølv om han blei plassert godt. Det var Mølle-  
parkens Venner som blei den reiskapen som gjorde det muleg  
å realisere formålet med stiftinga.

#### Brei støtte til venneforeininga


Det var eit 80-tal enkelpersonar som etter kvart meldte seg inn i venneforeininga og det blei teikna 148 familemedlemskap.  
I tillegg teikna 4 lag og 5 firma seg som medlemmar. Det blei  
til saman ein ganske stor flokk med personar som støttet saka,  
og mange av dei hadde eit så sterkt engasjement at dei tok på  
seg praktiske oppgåver og deltok på dugnadar.

Det blei etablert ikkje mindre enn 10 ulike arbeidsgrupper:


| GRUPPE               | OPPGÅVE   |
|----------------------|---|
| Bakegruppa           | Organisere baking i steinovnen i kjellare på Villaen. Sal av bakevarer: Strandsitjarar, vørterbrød, grove rundstykke med mask og sukker s-ar. |
| Barnegruppa          | Organisere aktivitetar slik at også barn skal ha det kjekt i Mølleparken.   |
| Drivhusgruppa        | Drive fram blomar og urter for sal og utplanting i parken.  |
| Kafégruppa           | Organisere sal i kaféen.  |
| Kunstgruppa          | Organisere kunstutstillingar og årleg kunstutstilling.  |
| Kvernhusgruppa       | Vedlikehald og drift av kvernhusa.  |
| Loppemarknadsgruppa  | Samle inn og prise lopper. Organisere loppemarknad.   |
| Prosjekteringsgruppa | Prosjektere vedlikehalds- og utbyggingsoppgåver.  |
| Tennisbane-gruppa    | Restaurere og stå for framtidig drift av tennisbanen.   |
| Vertinnegruppa       | For- og etterarbeid og servering ved arrangement i Villa Tou.   |



Loppemarknadsgruppa er ei  
særleg viktig gruppe. Loppe-  
marknaden er viktigaste inn-  
tektskjelda til Mølleparkens  
Venner.



Bryggeruppa er etablert for å ta fatt i gamle bryggetradisjonar – og for å rekruttere unge menn til arbeidet med Mølleparken. Her skjenker Egil Svendsen, ein av eldsjelene i venneforeininga, ferdig brygg.



Baking er ein særleg populær aktivitet som blir gjentatt fleire gonger gjennom sommarsesongen. Salet av bakevarer og kaffe gir gode inntekter til drifta av anlegget.

I tillegg er det under utvikling ei gruppe som vil ta opp att dei gamle bryggetradisjonane og drikkekulturen i bryggerhuset. Ein reknar med at dette kan ha appell til unge menn, som det så langt har vore vanskeleg å rekruttere til arbeidet. Gjennom aktivitetane i bakekjellaren og bryggerhuset blir det gjort ein viktig innsats for å hente fram att og vidareføre den handlingsborne kunnskapen som er knytt til baking og brygging.

Gruppene er sjølvstyrte og har delegert avgjerdsrett på mindre saker. Større saker må leggast fram for styret i venneforeininga. Og dette fungerer. Mølleparken er open kvar søndag frå tidleg om sommaren til ut på hausten. Da er det loppemarknad, kafé og kunstutstillingar og eit variert program. I tillegg er det andre aktivitetar elles i året, m.a. julemesse første laurdagen i desember. Besøket er på 8 – 10 000 i året. Talet på dugnadstimar blir rekna til godt over 4.000. Reknar ein det om til pengar blir det lagt ned ein dugnadsinnsats til ein verdi på kring 1,3 mill. kr. i året. Dette er overveldande, og er eit unikt stykke dugnadshistorie. Og dei har halde på i 10 år.

## Formidling av industrihistorie

Mølleparken er i dag eit godt besøkt kulturtilbod i Strand kommune der det er stor aktivitet heile sommaren. Frå Mølleparkens venner, Stiftelsen Tou Brug og Strand kommune var det likevel eit ønskje om å fortelja historia om Tou Brug til dei besøkande til Mølleparken. Det blei derfor inngått eit samarbeid med Ryfylkemuseet for å undersøkja utvegane til ei meir omfattande utstilling i Bruksløa.

Drøftingane om målet for og innhaldet i museet har skifta noko undevegs i arbeidet. Utgangspunktet var å laga ei utstilling der ein følgde kornet frå åker til brød og øl. Dette kunne vera ei enkel framstilling der ein formidla jordbruksproduksjon og matindustrien i Strand kommune og da særleg på Tau. Ei slik utstilling kan fort underkommunisera Tau som først og fremst ein industristad der mølle- og bryggeriverksemda var langt meir omfattande enn kva den lokale jordbruksproduksjonen kunne forsyna.

Historia om industrien på Tau, der ein produserte store mengder mjøl, øl og fleire produkt knytta til dette er så omfattande, konstituerande og avgjerande for Tau-samfunnet i dag at det fortener ei omfattande utstilling. Mølleparken ligg side om side med Tou Mølle og områda der industrien gikk føre seg.

På denne bakgrunnen er det formulert noen relativt ambisiøse mål for arbeidet:

### Utstillingane i Mølleparken skal bidra til å

- samla inn, dokumentera og bevare kunnskap om liv og virke på Tau, særleg knytt til korn-, mat- og ølproduksjon.
- gi folk på Tau interesse, forståing og begeistring for heimstaden og historia gjennom utstillingar av historisk, estetisk og pedagogisk høg kvalitet.
- tilby turistar og besøkande god og fengande informasjon om industristaden Tau sin eigenart og historie.
- gjera Mølleparken til eit enda meir attraktivt område enn kva det er i dag, og gje formidlinga av området eit betre fagleg og pedagogisk nivå.

Ein kan dermed formidla industrihistoria på Tau frå midten av 1800-talet og fram til i dag.

Knytt til denne verksemda finn ein og ei historie om innbyggjarane på Tau og deira tilhøve til mølla og bryggeriet. Bygningane i Mølleparken fortel om ei overklassen som sto langt



*Det ligg føre planar om å laga utstilling om den industrihistoriske utviklinga på Tau i den såkalla Bruksløa i Mølleparken.*



Mølleparken med Bruksløa byr på eit unikt høve til å utvikle vidare ein møtestad mellom fortid og nåtid der ein også kan finne ro til ettertanke.

over den vanlege arbeidar på den sosiale stigen. Det var og knytt ei rekke kulturelle og sosiale institusjonar til Tou Brug. Dei hadde eigen skule, eige bibliotek, forsamlingshus og omsorgsbustader for pensionerte arbeidrarar. Framleis er historia om Tau Mølle og Tau-ølet viktig for den lokale identiteten på tettstaden.

Det rommet som er stilt til rådvelde for utstillinga er arealet langs eine langveggen i tredje høgda i Bruksløa. Det samla arealet er på kring 90 m<sup>2</sup> og kan fungere godt dersom ein lukkast med å finansiere eit grunnlag for eit utstillingsmateriell og ei lyssetting som framhever bodskapen i utstillinga.

Det finst ein del materiale på huset allereie som kan brukast i utstillinga, og det er aktuelt å spørja Strand bygdemuseum om å få låne gjenstandar frå deira samling. I tillegg vil det vera nødvendig å spore opp meir materiale frå mølle- og bryggeridrifta. Elles finst det både foto-, film- og arkivmateriale, og det er aktuelt å intervju folk som kan bidra til å kaste lys over historia.

Kostnaden med utstillinga er rekna til ca. 850.000 kroner. Så langt har vi halvparten. Vi har fått lovnad på støtte frå Ryfylcefondet, og så har Mølleparkens Venner stilt 25.000 til rådvelde. Men søknadar om støtte frå Rogaland fylkeskommune og Strand kommune er så langt ikkje imøtekomme. Det er såleis uvisst når det er muleg å realisere utstillingsplanane.

#### **Ein vital innfallsport til Ryfylke**

Tau er utan tvil «The Gateway to Ryfylke». Mølleparken er ein attraktiv besøks- og aktivitetsstad både for fastbuande og tilreisande. Etablering av utstillingstilbod som gir utveg til å forstå og oppleve overgangen frå bondesamfunn til industrisamfunn vil gjera staden dess meir interessant, tilføre Tau og Strand kommune meirverdi og skape tilhøring og eigarskap for dei som bur i området.

Så langt er det ein eineståande dugnadsinnsats som har gjort det muleg for folk flest å bli kjent med Mølleparken og få gode opplevingar der. Det ville vera underleg om ikkje Strand

komune skulle kunne verdsetta dette arbeidet og gi det vidare framdrift gjennom å gi økonomiske bidrag til vidare utvikling.


Roy Høibo (62) har vore styrar og direktør ved Ryfylkemuseet sidan 1981.

### Notar

- <sup>1</sup> R. A. Lorentzen: *Aksjeselskapet Tou 1855-1955*, Stavanger 1955.
- <sup>2</sup> Jan Alsvik: *Strand bygdebok 1870-1940*, Stavanger 1991.
- <sup>3</sup> Strandbuen 01.09.1999.
- <sup>4</sup> Ein vesentleg del av kjeldegrunnlaget for framstillinga nedanfor er dokument i arkivet til Mølleparkens Venner og intervju med medlemmar i styret for venneforeininga.
- <sup>5</sup> Vedtekene til Mølleparkens Venner, §2.
- <sup>6</sup> Lotteri- og stiftelsestilsynet.
- <sup>7</sup> Lotteri- og stiftelsestilsynet mars 2010.

Mølleparkens Venner har eit imponerande program kvar sommar. Det er ope hus kvar søndag, i tillegg er det ei rekke aktivitetar. Slik såg aktivitetsprogrammet ut sommaren 2010:

|               |                                 |
|---------------|---------------------------------|
| 2. mai        | Tau skulekorps. Baking.         |
| 30. mai       | Strandivrius. Baking.           |
| 6. juni       | Tau Musikkorps.                 |
| 13. juni      | Strand Speleemannslag           |
| 27. juni      | Toraderlaget.                   |
| 11. juli      | Maledag for barn. Baking.       |
| 18. juli      | Utstilling av barnekunst.       |
| 8. august     | Ryfylke Veterankjøretøy Club.   |
| 22. august    | Marie Ro's Jazzensemle. Baking. |
| 29. august    | Norsk Folkehjelp.               |
| 5. september  | Gudsteneste. Baking.            |
| 19. september | Ryfylke Læringssenter.          |
| 26. september | Jørpeland Musikkorps.           |



Bildet er tatt etter 1931/32 og viser bryggeriet slik det var før alt blei rive for å gi plass til ny møllebygning som sto ferdig i 1954.

# Bryggeriet på Tou

Av Jan Egil Svensen

Bryggeriet ved Tou Brug var i drift fram til ut i første verdskrig. I 1917 vedtok direksjonen «foreløpig» nedlegging av bryggeriet på Tau, arbeidarane blei oppsagde frå 30. april 1918 og i 1919 blei vedtaket om nedlegging gjort endeleig og all brygging blei flytta til Lervik i Stavanger.


For å kunna brygga øl måtte ein først produsera malt – melta – i ein eigen prosess i malteriet. I vår tid kjøper alle norske bryggeri ferdig malt frå utlandet. Malteriet ved Tou Brug blei ikkje flytta samtidig med nedlegginga av bryggeriet, men heldt på med maltproduksjon fram til 1940 då andre verdskrigen kom til Norge.

Bryggeriet var bygd i ei hesteskoform med to fløyer, eit midtparti og ein romsleg gardsplass. Bryggeprosessen gjekk føre seg frå bygning til bygning rundt heile hesteskoen.

Råvara bygg kom i 100 kg jutesekk for det meste frå Danmark og blei lasta inn i nordre pakhus og lagra der. Pakkhuset hadde tre etasjar og var utstyrt med heis for lossing av større fartøy.

Innføre pakhuset låg malteriet. Her var to murte maltkjellarar med kvelva tak på 20x10 meter i to etasjar. Golvet i maltkjellarane var av betong og hadde ei helling på 1:50 for at vatnet skulle renna av. I kjellarane var også store betongkummar for bløyting av bygg – støyping. Over kjellarane var tre etasjar for lufttorking og lagring av malt.


Bygget blei først reinska for rusk og rask frå innhaustinga. Dette var det Marcellius(Marse) Gjerde og Sigurd Håbakk som tok seg av.<sup>1</sup> Så blei bygget tømt i støypekummane for gjennombløyting. 13 sekka 100 kg i kvart støyp. Etter 3-4 dagar blei det gjennombløytt kornet spreidd utover golvet i dei to maltkjellarane for spiring.



Maltkjellar – «grorom». I kvar kjellar var det to store betongkummar for «støyping». Spireringa varte i om lag ei veke.

I første etasje arbeidde Ole Rødland og i andre Tore Langeland. Meltarane hadde på seg spesielle sko når dei arbeidde i maltkjellaren. Skoen hadde mjuk gummisole som var forma som ein ring for ikkje å knusa for mykje av det blaute kornet. Bygget blei nøyne sett etter og snudd med trespade med langt skaft. Spiretemperaturen blei regulert med at kornet blei skyfla ut i tynnare lag for å senka temperaturen og saman i tjukkare lag for temperaturheving. Det er veldig viktig med jamn spiring – modifikasjon –for å få kvalitetsmalt.

Når bygget hadde spirt slik at «ålen» var ca ¾ gjennom kornet, skulle spireringa stoppast for nå var nivået for stivelse og enzym på topp. Jakob Varland og Ivar Østerhus var formenn i malteriet.



Spiring (modifikasjon)

1) 3.dag    2) 5.dag    3) 8.dag


Her ser vi korleis «ålen» i eit byggkorn utviklar seg under spiringen. Modifikasjon er eit omgrep som nyttas om kor jamnt kornet har spirt. Høg modifikasjonsprosent seier at malten har god kvalitet.

Det spirande kornet blei nå lasta opp i spesielle vogner og frakta til bygget innføre – kjølla(kjyllå)- for å stoppa spireprosessen ved tørking. Kjølla hadde ein kjellar med rør som kom frå fyrrømmet. Røyrane hadde ventilar som fordele den varme lufta jamnt oppover i to etasjer.

I etasjene var det spesielle golv som slapp varmen gjennom, men heldt på kornet.

Fyrbøtarar var Harald Hansen, Ole Krumsvik og Erik Varlandsli.

Ei kjølle er som ein stor omn. I kjellaren er «fyren» (1 og 2) og over denne er eit rørsystem(3) som fordeler varmen jamnt oppover i to etasjer(4). Varmen i etasjene kan reguleras med eit spjell(5).



Prinsippskisse av kjølle

Først blei kornet frakta til 2. etg. og spreidd utover. Ein spesiell maskin gjekk fram og tilbake på skinnar og spratla i kornet for å lufta bort fuktigkeit.

Etter at kornet var passe tørt, blei det skyfla ned til 1.etg. gjennom ei «vie» og her var det vesentleg varmare. Nå blei

kornet utsett for den temperaturen som skulle til for å setja rett farge på ølet. Mørkt øl krev høg temperatur – røsting.

Nå er kornet blitt til malt, og før malten gjekk til lager, blei han reinska for groer og spir. Groer er røtene som bli danna under spiringa, og spir er ålen som på ein del korn har brote seg gjennom skalet. Groer og spir blei bruk til dyrefôr.


Kjølla blei tömd to gongar pr. dag. Første gang kl 0600–0900 og andre gang 1500–1800.

I mellomtida hadde arbeidarane høve til å gå heim.

Tou Bryggeri var det siste store bryggeriet som håndmelta, og malten blei rekna som spesielt god. Det kom ofte «bryggemesterlærlinger» frå dei store bryggeria til Tau for å gjera seg kjende med denne opphavelege melteprosessen.


Frå lageret i malteriet blei malten frakta opp på loftet på bryggeriet som låg innføre kjølla. Her sto maltknusevalsar og ein rensemaskin med skyllesoll. Malten blei frakta med elevator frå rensemaskinen til valsane, og frå desse gjekk den grovknuste malten ned i ei vie som var plassert over ein formeskar som gjorde at malten blei godt blanda med varmtvatn før han kom ned i meskekaret av jern med koppar silbotn.

Vatnet kom frå Krossvatnet og blei ført til bryggeriet gjennom ein jernrør med innlaup like nedføre Nøkkaberget. I fyrrrommet



Seksjon av kjølegolv

Kjølegolvet må lett sleppa den varme lufta gjennom. Dette golvet er stabilt og har god spalteåpning mellom jernbjelkane.



“Spratle” maskin

Spratlemaskinen hadde som oppgave å lufta ut fuktigheita så snart som råd for å stoppa spiringa. For slike maskinar kom i bruk, måtte dei skyfla om kornet for hand.


var det ein stor, solid jernkjøle med fast lokk og ein mindre kopparkjøle som forsynte bryggeriet med varmt vatn.

I meskekaret som romma ca 8000 liter foregår meskinga som er ein prosess der enzym bryt stivelse ned til ulike sukkerartar. Mesken kan stå i ulike tidsintervall med ulik temperatur for å gi dei ulike enzyma optimale arbeidsvilkår. Uforgjærbare sukkerartar gir søtsmak til ølet og forgjærbare gir alkoholstyrke. Her gjeld det å finna ein fin balanse.

Etter at mesketida er over, blir vørteren vaska ut av mesken ved at nytt varmt vatn blir pumpa oppi meskekaret og slik siler vørteren gjennom kopparsilen i botn. Når all vørteren er silt ut, ligg masken/dravet att. Dette er eit «avfallsprodukt» i brygginga, men masken blei brukt til dyrefôr både i gardsbruket til Tou Brug og på gardane rundt omkring. Masken blei skyfla direkte frå meskekaret og inn i et eige bygg rett ved sida av.

Frå meskekaret blir vørteren tappa ned i eit pumpekar og pumpa opp i vørterkokaren – ein kopparkjel som tek 8000 liter. Vørterkokinga har fleire føremål:


- Vørteren blir steril.
- Enzymaktiviteten blir stansa.
- Ein del protein koagulerer og blir felte ut.
- Vørteren blir konsentrert ved at ein heil del vatn dampar bort.



Meskekaret med pumpekar til venstre og vørterkokaren til høgre.

Under kokkinga blir det tilsett humle. Humlen blei importert frå utlandet då norsk humle, pga klimaet vårt, ikkje har god nok kvalitet. Humle blir brukt i ølbrygging for å vera med å konservere ølet og gje det bitterheit og aroma.

Frå vørterkokaren renn vørteren til midpartiet i hesteskoen. Først til kjølehuset der den kokvarme vørteren blir kjølt ned i tre jernkummar ved hjelp av is frå Krossvatnet. Isen blei skoren




I gjærkjellaren var det 20 store gjærkar.




Her ligg ølet kjølig på store ølfat til modning i fleire månader.

*Skyllestuen med skyllemaskineri og «flaskeskyllersker».  
Automatisering av skylleprosesen førte til at det blei færre arbeidsplassar for kvinner.*



*Etter at ølet var tappa på flasker og korka, blei det pasteurisert ved at flaskene blei forte gjennom tre basseng med vatn med stigande temperatur til over 60 grader for så å bli raskt nedkjølte i isvatn. Pasteuriseringa gjør ølet meir haldbart.*



i blokker og lagra i to ishus ved hjelp av sagflis og jutesekk. Blokkene blei sende til bryggeriet i isrenner av tre. I 1894 skaffa bryggeriet seg eigen ismaskin. Etter at humlerester er silte frå og vørteren har fått rett gjæringstemperatur, renn vørteren ned i gjæringskara i gjærkjellaren. Her blir vørteren tilsett gjær og blir til øl.

Gjæren dyrka bryggeriet sjølv ved å ta vare på «restgjæren» i gjæringskara. Etter at gjærcellene har spalta forgjærbart sukker til alkohol og kuldioksyd, går dei i «dvale» og vaknar til liv og eksplosiv formeiring når dei kjem i ny vørter.

Når gjæringa er ferdig tappes ølet gjennom slanger ned til 11 ølkellarar som kan ta imot 650 000 liter.

Over ølkellarane låg ein svært stor bygning – Kvelven – som blei brukt som snekkarverkstad, brenselslager, lager for store øltønner (fustasjer) o.a.

Kvelven var bygd saman med Søndre pakhus som hadde tre etasjar. Ut frå pakhuset låg skyllehuset og pasteureringshuset, der ølet blei pasteurisert og tappa på reingjorte flasker og øltønner. Flaskene blei korka med ølkorkar som kom frå korkfabrikken på Tou Brug. Denne var i drift frå rundt 1868 til 1875 då han blei flytta til Stavanger. I skyllehuset arbeidde fleire kvinner som «flaskeskyllersker».

Søndre pakhus var lager for bek, flasker og andre varer, og herfrå blei ølet sendt med båt til Stavanger for salg.

Tou Bokkøl blei rekna som svært godt og endå til eksportert til Amerika.

Flaskene kom i svært store sekker frå Tsjekkoslovakia. Sekkene blei heiste på land og rulla inn på lageret.

Tore Langeland fortalte at faren – Oskar – som gut hadde stått «i langen» i ein stige opp frå lasterommet i ein båt og lossa flasker ei for ei.

Jan Egil Svensen (68) er nestleiar i styret for Mølleparkens Venner.

## Kjelder:

Intervju med Tore Langeland 19.01.07

Grimnæs: *Beskrivelse af Tou Interesseselskabs nu til salgs udbudte Ejendomme*, 1889

Jan Alsvik: *Strand Bygdebok 1870–1940*, Hafsfjord 1991

Bilda frå bryggeriet er henta frå «Aktieselskabet Tou» – Tou Brug – 1855–1905 Prinsippskissene frå kjølla er henta frå «A textbook of brewing» av Jean De Clerk, utg. i 1957

## Notar


<sup>1</sup> Eg nemner her arbeidarane som arbeidde dei siste åra malteriet var i drift på Tou.



Arbeidarar ved Tou bryggeri i 1903. Dei var 29 stk., og 6 av dei var kvinner.

Frå venstre, første rad: Kristiane Kvalshaug, Karen Strand, Ane Kvam, Anna Vaula, Elisabet Grimsli og Kristiana Kleven. Andre rad: Erik Varlandsli (Liå) d.y., Ingebret Heggheim, bryggeriformann Jakob Varland, bryggerimeister Johan Ringnæs, Ommund Korsvik, Bertel Tjøstheim, Tollag Århaug og Ola Olsen. Tredje rad: Hans Tjøstheim, Paul Strand, Ivar Holene, Tomas Ananiasen, Elias Ingvaldsen, Jone Bjørheim og Adolf Kleven. Fjerde rad: Johanens Haugen, Jesper Ingebretsen, Rasmus Bjørheim, Severing Bjørlo, Erik Varlandsli (Liå) d.e., Tore Torgersen Strand, Ådne Kleven og Sven Rasmussen.

Bildet er tatt 1903. Foto: Henrichsen & Co. Namn etter Alsvik 1991.



Tou mølle frå sjøsida rundt 1903. Foto: Henriksen & co.

# Spydspissar inn i den nye tid – industristader og framveksten av det moderne Noreg

Av Åshild Marie Øverland

Ryfylkemuseet har tre industristader i sitt nedslagsfeltet, nærmere bestemt Tau, Jørpeland og Sauda. Lokalhistoria til alle tre er spennande i seg sjølv, men stadene er også interessante i langt vidare perspektiv. Som spydspissar inn i den nye tid har dei vore symbol på framveksten av det moderne Noreg.

Historikar Knut Kjeldstadli skisserer fire «generasjonar» norske industristader. Første generasjon kunne ha røter heilt tilbake til 1500-talet, og representerte dermed «industri» i før-industrielt samfunn. Me snakkar om dei gamle brukssamfunna rundt jernverk, sagbruk og gruver. Dei fleste var reine «haustingsbruk», men noen kunne også produsera ferdigprodukt. Eksempel er omnar frå jernverka og pokalar frå glasverka. Noen av stadene frå første generasjon har overlevd heilt fram mot våre dagar, som Røros, Kongsberg og Vestfossen i Buskerud, Ulefoss i Telemark og Jevnaker i Oppland.

Andre generasjon industristader kom under det som kan kalla den første industrielle revolusjonen i Noreg, det vil seia frå 1840-talet til rundt 1900.<sup>1</sup>

Revolusjon tyder brå omvelting. Det me i ettertid kjenner som den industrielle revolusjon byrja i tekstilindustrien i Storbritannia i siste halvdel av 1700-tallet. Revolusjonen førte med seg gjennomgripande endringar. Oppfinning av nye maskinar var ein viktig føresetnad, som dampmaskinar og spinnemaskinar. «Spinning Jenny» er kjent for dei fleste. Dei nye maskinane førte til nye produksjonsmåtar, som igjen førte til at arbeidsplassar blei flytta frå garden til fabrikkar. Overgangen frå bondesamfunn til industrisamfunn blei eit faktum. Ei total samfunnsomvelting blir resultatet, i levemåtar og enkeltindividet sitt syn på seg sjølv og omverda.<sup>2</sup>

Eit knapt hundreår etter starten i England kom den industrielle revolusjonen til Noreg. Teknologi som mogleggjorde meir avansert bruk av vasskraft var det norske fundamentet, og ei rekke fabrikkar drivne av turbinar vokste fram. Følgjeleg blei det etablert industri rundt mange vassdrag.<sup>3</sup>

I perioden 1850 til 1900 blei talet på industriarbeidarar i landet mest tidobra.<sup>4</sup> Overgangen fra hordane av gardsarbeidarar, tenestejenter og husmenn som braut opp frå overfolka bruk for å ta seg arbeid i den nye industrien må ha vore overveldande. Kor fekk dei så jobb?

Tekstilindustrien blei sentral på nye industristader som Ålgård på Jæren, Ytre Arna, Dale og Salhus i Hordaland. Vidare blei det bygd opp industristader rundt treforedlingsbedrifter, som Vennesla på Sørlandet, Brumunddal og Eidsvold Verk og Geithus samt Åmot i Modum på Austlandet og Salsbruket og Follafoss i Trøndelag. Ei rekke gruvesamfunn kom på same tida, som Kirkenes, Bjørnevatn, Sulitjelma, Malm og Stordø. Det same gjorde industrisamfunn rundt fiskeforedlingsanlegg, som Melbu i Vesterålen. Mekaniske verkstader breidde også om seg, men skapte ikkje nye industristader då dei stort sett blei reist i alt etablerte byar, som Akers mek. Verkstad og Christiania Spigerverk i Kristiania, Bergens mek. Verkstad i Bergen.

I tillegg blei det omfattande verksemd knytt til nærings- og nyttingsmiddelindustrien. Ein del av denne industrien blei etablert i byar som Trondheim og Kristiania, men den fremja også nye industristader.<sup>5</sup> Utviklinga rundt Tou mølle illustrerer dette. Her kom hovudmølla for maling av korn i drift i 1856. To år seinare blei drifta utvida med bryggeri, og eit heilt samfunn reiste seg rundt bruket.<sup>6</sup> Med sitt mjøl og øl er Tau såleis typisk for framveksten av nærings- og nyttingsmiddelindustrien i perioden.

Fram til 1875 var industrireisinga i Noreg likevel berre i startfasen, først med framveksten av tredje generasjon industri-stader etter 1905 tok industrialiseringa verkeleg av.<sup>7</sup>

Tredje generasjon industristader skriv seg frå den andre industrielle revolusjonen frå 1905 til 1920-åra. Desse stadene blei også tufta på vasskraft, men ein teknologi med vitskapleg basis i fag som kjemi og elektroteknikk kom i tillegg. Me talar sjølv sagt om dei elektrokjemiske og elektrometallurgiske industristadene som vokser fram som perler på ei snor: Notodden og Rjukan i Telemark, Høyanger i Sogn og Fjordane, Odda, Tyssedal og Ålvik i Hordaland, samt Sauda og Jørpeland i Rogaland.

Termen «elektrostader» kan nyttast om både tredje og fjerde generasjon industristader. Fjerde generasjon industristader kjem etter andre verdskriken. Det er den nye utbyggjaren, staten, som gjer det naturleg å skilja ut «etterkrigsgenerasjonen» som ein eigen generasjon. Moderne fabrikkar blir reist på stader som Mo i Rana, Sunndalsøra, Årdalstangen og Øvre Årdal.<sup>8</sup>

Nedanfor skal me sjå nærmare på andre og tredje generasjon.

## Symbol på det moderne Noreg

Det finst relativt omfattande forsking på dei einsidige industri-stadene, særleg generasjon tre og fire. Dette skuldalet ikkje minst at stadene fekk tyding langt utover seg sjølve. Dei var spydspissar inn i den nye tida, og blei ruvande symbol på den moderne samfunnet.<sup>9</sup>

Det moderne kom til uttrykk på mange vis. For det første blei stadene sett på som nye, i kontrast til det gamle samfunnet, og dei endra seg raskt. For det andre synte stadene kor mye teknikk og vitskap har å seia. Produksjonsmengda prova kva ein kunne få til ved å utvikla produktivkrefte.<sup>10</sup> Bryggeriet ved Tou Brug var eit av dei største i landet på den tida. Det utmerka seg særleg ved sin «lettvindte Drift og hensiktsmæssige Inredning», og all ny teknologi blei tatt i bruk.<sup>11</sup>

Industristadene fekk tidleg elektrisk lys. Tau fekk for eksempel elektrisk lys i 1903, seks år før Stavanger. Folk fekk ein nærmast magisk tillit til teknikk og dei som styrtet den. I 1919 sto følgjande å lesa i Stavangeravisa 1ste Mai: «Staal! Ordet har en klang som kræver respekt og ærbødighet. Det er jern som man har øvet mystiske gjerninger med, det har været hos industriens troldmænd og blitt ædelt». «Trollmennene» hadde sitt virke på stålverket på Jørpeland.<sup>12</sup>

Vidare blei det kopla ein nærmast grenselaus optimisme til industristadene. Ein såg på framtida som open og lovande. Stadene var også moderne ved at dei orienterte seg mot det samtidige i staden for å venga blikket bakover på det som var. Arbeidsdeling og integrasjon i ein større heilskap er også trekk som illustrerer det moderne. Dette gjaldt både internt på bedrifta på staden, men ikkje minst i forhold til omverden. Utlandet kunne virka nærmare enn nabobygda. Den moderne industristaden kunne heller ikkje byggja på gammal autoritet og gamle tradisjonar. Industristadfolket måtte læra seg å byggja opp tillit til det ukjende, både med omsyn til menneske og institusjonar.<sup>13</sup>

Utviklingstrekket blei særleg framtredande og reindyrka hos dei to siste generasjonane, som har gått under karakteristiken «laboratoriesamfunn». Utviklinga som skjedde her, skulle seinare spreia seg til andre delar av landet.

*Moderne teknologi i andre etasje i mølla (møllarloftet) ved Tou Brug. Dei gamle kvernene har blitt skifta ut med valsar av stål.*

*Foto: Henriksen & co.*





Mollearbeidrarar i 1903. Vi ser at mange er temmeleg kvite på kleda av mjølet. Bildet er tatt frå lyshusinngangen.

Sitjande frå venstre: Ole Pedersen (formann), Lars Gjerde, Ole Stensen, Asseus Øvrebo, Bernt Sunde, Elias Amdal, Johannes Kristiansen Lye og Peder Bjørlo. Ståande: møllemeister Aleksander Arnesen, snekker og smed Johan Andersen, Ole Berge d.y, Bertinius Sunde, Arne Johnsen, Martin Tau, T. Seljeskog, Kristian Sunde, Edvart Gjerde, Severin Bjørlo, Magnussen, Per Sagård og Ole Berge d.e. Foto: Henriksen & co.

### Frå paternalisme til klassekamp

Men viktige endringar finn likevel stad i første industrialisingsfase. Tau-samfunnet eksemplifiserer som me har sett ein del av desse. Dei som etablerte industri nøydde seg ikkje med å temma vasskrafta og byggja fabrikkar og andre produksjonsbygningar. Dei reiste heile lokalsamfunn rundt produksjonen.

Staden som blei åstad for industriereising var sjeldan i stand til å rekruttera nok arbeidsfolk. Derfor kom det tilflyttarar i hoptal, frå fjern og nærliggende områder. Sjefane kom ofte langvegsfrå, og typisk nok kom den første bryggerimeisteren på Tau frå Bayern.

Arbeidarane lågare i systemet kom gjerne frå område i nærlieken. Til Tau kom dei til dømes frå Sirdal, Stavanger og Hjelme land.<sup>14</sup>

For at dei tilsette skulle få ein plass å bu, reiste bruket bustader på bedrifta sitt område. Ein fekk eit brukssamfunn, der bruket sytte for mange samfunnsfunksjonar. Dei hadde gardsdrift med husdyrhald, eige landhandlari, eige brannvesen og eigen skule. Læraren blei sjølvsagt tilsett av bruket. Etter kvart blei det etablert ein gamleheim. Bedrifta la vidare til rette for at arbeidarane kunne skaffa seg småbruk eller parsellar aust for

fabrikkområdet. Det blei arrangert festar for dei tilsette, og dei fekk julegåver. Bruket bidrog også til bygging av veg mellom Tau og Strand. Bedrifta tok seg altså av ei rekke samfunnsfunksjonar, ein tendens som kom til å bli ytterlegare forsterka hos dei neste generasjonane.<sup>15</sup>

1923 blei eit merkeår for Sauda-samfunnet. Då starta produksjonen av ferrolegeringar på Sauda smelteverk, som sidan har vore hjørnesteinsbedrifta på staden. Det amerikanske selskapet «Electric Furnace Products Company, Limited» (EFP) sto bak. I løpet av ein tiårsperiode hadde Sauda blitt forvandla frå eit bondesamfunn til eit moderne industrisamfunn. Saudabuen kunne sjå digre og framandarta fabrikkhallar reisa seg på den tidlegare husmannsplassen Klubben nede ved fjorden. EFP starta vidare bygginga av Åbøbyen, ein hageby

med bustader for tilsette på bedrifta. Som på Tau sytte selskapet for mat til arbeidsstokken, skular og vegutbygging. Og ei rekke tiltak kom i tillegg: bygging og drift av sjukehus, brannvern, renovasjon, billig hushaldsstraum, tilskot til privat hus- og hyttebygging, drift av offentleg symjebasseng og skulestipend til barna til dei tilsette.

Ein naturleg konsekvens blei ein nær samanheng mellom den sosiale strukturen på arbeidsplassen og lokalsamfunnet som heilskap.<sup>16</sup>

Jubileumsskrift og liknande frå Tau gjev rosenraude skildringar av nærmast idylliske forhold i brukssamfunnet med ein raus arbeidsgjevar og fornøgd arbeidsfolk.<sup>17</sup> Bedriftsleiainga kunne nok visa til gode forhold i Sauda også. Ikkje minst var bustadene, arbeidarleileighetene inkludert, flotte og særslig godt utforma.



Åbøbyen består av kring 120 hus, alle teikna av framtredande arkitektar. Amerikabyen, som den også blei kalla, blei bygd ut over ein 60-årsperiode frå 1916 og framover. Foto: Ryfylkemuseet

moderne for si tid, med innlagt straum og vassklosett alt på 1920-talet. Like fullt var husa og byplanen i Åbøbyen utforma med tanke på å visa at det var forskjell på folk. Forholdet mellom overordna og underordna på bedrifta spreidde seg som ringar i vatn til heile samfunnet rundt.

Sylskarpe klassekilje har prega alle generasjonane industri-stader. Sjølv om omfang og form har skifta gjennom tidene. I dei gamle bergverkssamfunna kunne det vera ei ekstrem over- og underordning, der bergbefolkinga var delt opp i nærmast militære rangklassar.

I andre brukssamfunn og under den første industrielle revolusjonen utvikla det seg ei leiingsform som har blitt kalla «paternalisme». Paternalisme er eit system bygd på gjensidig bytte. Leiinga gav ein slags omsorg ved å sysselsetja folk også i dårlige tider og ved å hjelpe arbeidaren i alderdommen, mens arbeidaren svarte med lojalitet og arbeidsinnsats. Eigaren var ein «pater» eller ein far. Gjennom sitt sosiale engasjement var kona gjerne ei mor. Dei tilsette blei dermed underdiane «barn», og det var altså moralske band mellom topp og botn.<sup>18</sup>

Men styrken på dei kjenslemessige banda kunne variera. Til alle tider har det eksistert barn som ikkje aktar foreldra sine. Dei paternalistiske banda var avhengige av to forhold. For det første ein synleg, personleg eigar, eller i alle fall ein lokal representant for eigaren. Ein «pater» var i høgste grad tilstades i brukssamfunnet på Tau. Dei første tiåra var det bruksstyrar J.C. Hemsen som hadde denne rolla på Tou Brug. Fleire av dei tilsette budde jamvel i husstanden hans. Då Hemsen døydde i 1890 blei det ikkje tilsett noen ny bruksstyrar. Disponenten i Stavanger blei dagleg leiar. H. Riis hadde stillinga frå 1890 til 1901. Då overtok Stavangermannen Gustav A. Arentz disponenttrona, og han regjerte i heile 37 år. Etterfølgjaren Alfred Mår heldt fortet mest like lenge, frå 1938 til 1968. Sjølv om disponentane budde i Stavanger, sette dei og familiene like fullt sterkt preg på Tau. Disponentbustaden blei flittig brukt i helger og feriar, og folk på Tau følte at disponentfamilien var tilstades i lokalsamfunnet. Men dei svevde himmelhøgt over vanlege folk, skriv historikar Trygve Brandal i artikkelen «Mjøl og øl – glimt frå industrihistoria på Tau», som du finn lenger framme i årsskriftet.<sup>19</sup>

Den andre føresetnaden for dette paternalistiske band var ein forholdsvis stabil, lokal arbeidsmarknad, der arbeidarane blei lenge på staden og kor barna gjerne følgde i foreldra sine



*Innlagt vatn og straum var luksus! Her ser me kjøkkenet i ei leilegheit som er ført tilbake til 1920-talsstil i Industriarbeidarmuseet, Håkons-gata i Sauda. Foto: Ryfylkemuseet*

fotspor. På Tau herska stabiliteten, og arbeidet gjekk ofte i arv frå far til son. Tou mølle blei i følgje historikar Jan Alsvik kjend som ein fredeleg arbeidsplass. Ikkje før på 1980-talet blei det streik på bedrifta.<sup>20</sup> Var dette bare eit uttrykk for gode arbeidsforhold, eller kan henda også eit teikn på at det patriarkalske systemet varte langt fram i tid?

Bedrifta sitt engasjement i forhold til bustader, skule, mat m.m. blir trekt fram som kjenneteikn på eit paternalistisk system. Dette stemmer, men berre til dels, for i mange tilfelle var dette engasjementet ein avgjerande føresetnad for å kunna driva industri i det heile. Dette var ikkje minst realitetet hos tredje generasjon industristader. For sjølv om dei store selskapa tilsette direktørar som budde på industristaden i årevis, og som gjerne utvikla sterke lojalitetsband til lokalsamfunnet, blir det feil å kalla desse bedriftene paternalistiske.



Villaen Tau. Villaen med tilhøyrande park, tennisbane og ridehestar utgjorde ein framand verden for arbeidarane i brukssamfunnet. Disponenten og hans familie var på den eine sida av grensa, arbeidarane på den andre. Alle visste at den usynlege grensa var der, men arbeidarane vakta seg vel for å kryssa den. Foto: Mølleparkens venner.

Frå byrjinga av 1900-talet og framover var det marknadskretene som gjaldt – det gamle samfunnet var i ferd med å gå i opploysing. Dei tilsette var ikkje lenger barn, men tvert i mot ein organisert og mektig arbeidsstokk.<sup>21</sup> Vertikale paternalistiske band hadde forvitra og blitt erstatta av horisontale solidaritetsband.<sup>22</sup> Fagrørsla var blitt ein maktfaktor, og lokale fagforeiningar blei kjapt danna på dei nye industristadene. Direkte

aksjonar og streikar blei gjennomført. Leiinga på side nølte heller ikkje med å visa musklar.<sup>23</sup> Lockoutar, dramatiske samanstøytar og oppseiingar kunne bli resultatet, til dømes i Sauda og på Jørpeland.

I bondesamfunnet var familien og slekta, samt den lokale grenda eller bygda dei sentrale sosiale einingane folk hadde å forholda seg til. Mange av dei som tok seg jobb i industrien

braut opp frå kjende fellesskap, og gjekk som me har sett inn i alliansar som var nye for industristadene. Fagforeiningar er berre eitt eksempel på dette, for i same periode voks det fram eit vell av ulike lag og foreiningar. I tillegg til fagforeiningar og politiske parti blei det etablert idrettslag, turnforeiningar og tennisklubbar, frimurarlosjar, frähaldslosjar og Odd fellows, musikkorps og kor, diskusjonsforeiningar, sanitetsforeiningar og Hjemmenes Vel, for å nemna noen.

Framveksten av organisasjonssamfunnet var bare eitt av mange uttrykk for at den nye tid var i emning.

Åshild Marie Overland (38) er tilsett som formidlar ved Ryfylke-museet. Ho er utdanna historikar og har skrive hovudoppgåve om klassekiljetematikk i Sauda. Tidlegare har ho arbeidd på Norsk Industriarbeidermuseum på Rjukan og Norsk Trikotasjemuseum i Salhus.

## Notar

- <sup>1</sup> Kjeldstadli 1997, s. 40.
- <sup>2</sup> Tønnesson, Kåre m.fl. 2001
- <sup>3</sup> Kjeldstadli 1997, s. 40.
- <sup>4</sup> Holt m.fl. 1980, s. 1.
- <sup>5</sup> Kjeldstadli 1997 og 1999, Pryser 1985.
- <sup>6</sup> Alsvik 1991 a, s. 93 f.
- <sup>7</sup> Pryser 1985, s. 196.
- <sup>8</sup> Kjeldstadli 1997, s. 40.
- <sup>9</sup> Kjeldstadli 1997, s. 52 ff.
- <sup>10</sup> Kjeldstadli 1997, s. 54.
- <sup>11</sup> Alsvik 1991a, s. 93.
- <sup>12</sup> Kjeldstadli 1997, s. 54 f.
- <sup>13</sup> Kjeldstadli 1997, s. 55.
- <sup>14</sup> Alsvik 1991a, s. 96 ff.
- <sup>15</sup> Alsvik 1991a, s. 107 ff.
- <sup>16</sup> Overland 2000, s. 3 ff.
- <sup>17</sup> Alsvik 1991a, s. 108. Alsvik 1991b, s. 95ff.
- <sup>18</sup> Kjeldstadli 1999, s. 63 f.
- <sup>19</sup> Her kan du også lesa meir om korleis dei paternalistiske forholda sette preg på Tau.
- <sup>20</sup> Alsvik 1991b, s. 95 ff.
- <sup>21</sup> Kjeldstadli 1999, s. 64.
- <sup>22</sup> Pryser 1993, s. 230.
- <sup>23</sup> Kjeldstadli 1999, s. 64.

## Litteratur:

- Alsvik, Jan. 1991a. *Strand bygdebok 1870–1940*. Stavanger.
- Alsvik, Jan. 1991b. *Strand bygdebok 1940–1990*. Stavanger.
- Danielsen, Rolf m.fl. (red.). 1991. *Grunntrekk i norsk historie fra vikingtid til våre dager*. Oslo.
- Holt, Kåre m.fl. 1980. *Brytningsår – blomstringstid*. (Semmingsen, Ingrid m.fl. [red.], Norges Kulturhistorie. Bd. 5). Oslo.
- Kjeldstadli, Knut. 1997. Lokal internasjonalisme. I Amdam, Rolv Petter m.fl. (red.). Årdal. Verket og bygda 1947–1997. Oslo.
- Kjeldstadli, Knut. 1999. A komme, å bli, å bygge. Industrifolk og industriestedene. I Fossåskaret, Erik og Frode Storås (red.). *Ferfolket ved fjorden. Globale tema i lokal soge. Bjølevossen – Ålvik – Hardanger*. Bergen.
- Lorentzen, R.A. 1955. *Aksjeselskapet Tau 1855–1955*. Stavanger.
- Pryser, Tore. 1993. *Norsk historie 1800–1870. Frå standssamfunn mot klasse-samfunn*. Oslo.
- Seip, Anne Lise. 1997. *Nasjonen bygges. 1830–1870* (K. Helle [red.], Aschehougs Norgeshistorie. Bd. 8). Oslo.
- Tønnesson, Kåre m.fl. 2001. *To revolusjoner: 1750–1815* (K. Helle [red.], Aschehougs Verdenshistorie. Bd. 10). Oslo.
- Overland, Åshild Marie. 2000. *Klassekilje og klassemøte. Kvinner i eit industri-samfunn. Sauda 1910–1980*. Upublisert hovudoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.



Strand Bygdemuseum har ei historie som går tilbake til 1963. Sidan 1988 har museet halde hus i tidlegare Breidablikk skule.

# Soga om eit bygdemuseum på legd

Av Roy Høibo

**Soga om Strand bygdemuseum er ei soge om gode tanke, stor vilje, ein imponerande dognadsinnsats og lite løn for strevet. I dag sit bygdemuseet på oppseiing og det kan sjå ut til å vera få som bryr seg om det som er bygt opp. Det er synd, fordi samlinga rommar eit potensiale for å gi viktige bidrag til kunnskap om det gamle Strand.**

Soga om bygdemuseet i Strand går tilbake til 1963.<sup>1</sup> I møteboka for styret i bygdemuseet er rett nok den første innforsla gjort utan datering, men det er seinare føyd til at dette skjedde i 1963. Da hadde årsmøtet i Strand Bondelag gjort opptak til at det blei oppretta eit bygdemuseum i Strand, og det var vald eit styre og ei arbeidsnemnd. Peter Barkve var vald til formann. Elles var desse med i styret: Lydia Aadnesen, Olaga Strand, Leiv Nag, Tore Idsøe, Arthur Vatne og Ragnhild Helland. Til arbeidsnemnda var det vald ikkje mindre enn 17 medlemmar.

Peter Barkve (1904–1991) blir peika ut som initiativtakaren. Han var ein som var sterkt interessert i lokalhistorie og stadtannar, han samla segner, ordtak og anna og skreiv tallause artiklar om mange slags emne. Han var elles gardbrukar, småbrukslærar og lærar og var også ein dyktig treskjerar.

Men det ser ut til å ha vore tungt å komma i gang med det praktiske arbeidet. I alle fall er det inga ny innföring i møteprotokollen før på hausten 1965, og da må styret og arbeidsnemnda sannkjenne at ein ikkje har lukkast med å samle inn noe til museet. Rett nok hadde museet fått lovnad på ein del gjenstandar frå eit dødsbu, men det blei ugreie med kjøparen av det huset som også inngikk i dødsbuet, og gjenstandane gikk tapt for bygdemuseet.

Likevel ser det nå ut til at ein kom i gang med praktisk innsamling, og museet fekk bruka eit rom i skulehuset i Bjørheimsvik til å huse samlinga. Peter Barkve sette inn eit opprop i Strandbuen:

«Når ein spør seg om kva som kunne høva å få ta vare på i eit museum, lyt ein først få klårt for seg kva oppgåva eit bygdemuseum skal ha. Kort sagt vil dette i første rekka vera å få samla og ta vare på mest mogleg av det som har kulturhistorisk interesse. Det kan kanskje med andre ord seiast på den måten at museet best mogleg skal syna oss livet i den tida som ligg attom oss, og livet, det var i stor mun arbeidet på garden, i skogen på sjøen og i heimen.»<sup>2</sup>

Samtidig, i 1965, ser det ut til at bondelaget oppretta ei «landbruksnemnd» som skulle stå for innsamling av gjenstandar frå landbruket.<sup>3</sup> Om dette da ikkje er to sider av same sak, men med litt ulik omtale i ulike kjelder. Tiltaket fekk namnet «Strand Landbruksmuseum» og den første tida blei gjenstandane samla i løa til sonen til Peter Barkve, Pål Barkve, i Bjørheimsvik bygd.

## Bygdemuseum i hønsehus på Tau

Noe særleg fres i museumsarbeidet ser det likevel ikkje ut til å ha blitt før kvinnene kom sterke på banen. I 1981 oppnemnde Strand Bondekvinnelag Lilly Barkve, Lydia Aadnesen og Tordis Tau Lunde til ei museumsnemnd. Dei hadde først eit engasjement for å gjera skulehuset på Fiskå til eit skolemuseum, men året etter var det landbruksmuseet som galdt. Styret for museet var nå sett saman av representantar frå Strand Bondelag og Strand Bondekvinnelag. Framleis var det spørsmål om husvære til samlinga som var det viktigaste, og nå var det ei løe hos Ole Per Tau som var aktuell, men denne gikk og i vasken.

Neste forsøk var løa til Tau Brug, den som seinare fekk namnet Bruksløa. Denne var heller ikkje ledig. Og heller ikkje Breidablikk gamle skule. Men eit hønsehus på Tau Brug kunne bli museum. Nemnda drog på synfaring 24. november 1982, tykte det såg greitt ut, og ba om plass i Strandbuen for følgjande:

*Strand Bondekvinnelag og Strand Bondelag si museumsnemnd har endeleg etter mykje strev fått lokale til å samle gamle hesteredskap og andre bruksting i, takka vere stor velvilje frå A/S Tau Bruk.*

*Nemnda bed medlemene i laga ta arbeid med oppussing og innsamling på dugnad, og også oppspore gamle ting som elles vil gå tapt. Magne verdfulle ting er alt gått tapt, men me vonar at det framleis finns verdfulle ting rundt ikking som me kan få ta vare på for ettertida.*

Parallelt med dette arbeidde museumsnemnda med å samle inventar til skulemuseet på Fiskå, men dette var eit arbeid som etter kvart gikk i stå. Det var lite interesse for tiltaket både lokalt og i skulen.

Men alt 29. november, tre dagar etter synfaring, var dei i gang med dugnad i hønsehuset. Den gamle hønseinnreiinga blei riven ut, verpekasser og rister vekkborne, det blei sopt og vaska, dei ordna med port for å få inn dei store reiskapane, glasa blei reparerte og det blei måla og stelt. Alt i slutten av januar kunne dei starte med å ta inn gjenstandar i museet.



*Tordis Tau Lunde har vore ei drivande kraft i arbeidet med å bygge opp og drive Strand Bygdemuseum like sidan ho kom med i arbeidet i 1981. Det har vore ein innsats med noen store oppturar, men med mange nedturar.*

Tordis Tau Lunde var nå vald som drivande leiar i museumsstyret og det var stor aktivitet for å få museet i orden. Strand kommune stilte opp med 6.000 kroner i støtte, Strand Samvirkeleg stilte med hyller, men det meste blei gjort på dugnad. Eldsjelene fann inspirasjon i «Makkamjølsklubben» i Hjelmeland, ein gjeng som kom saman regelmessig for å registrere og preparere samlinga til Hjelmeland bygdemuseum.

Nå var også målet tydelegare formulert. Landbruksmuseet skulle innehalde gamle hestereiskap og utstyr bøndene nyttå i tidlegare tider. Målet var å få tak i minst eitt eksemplar «av det meste». Arbeidsgruppa som hadde fått ansvaret for museet var bekymra for at mye gamal reiskap blei kasta og at ein derfor mista verdfulle kulturminne.

### Flytting til Breidablikk skule

Men heller ikkje hønsehuset på Tau kunne bli noen varig løysing. For det første var huset for lite. Dessutan kom det opp planar om å legge ut området det sto på til tomter. Så alt i 1985, berre 2 ½ år etter at dugnaden på hønsehuset hadde starta, meldte museet seg på i kampen om å få disponere gamle Breidablikk skule til museumsformål.

Breidablikk hadde vore skulehus for kyrkjebygda. Det var bygt sommaren 1917 etter O.F. Oldens normalteikning for skulehus. I den høge, lyse kjellaren blei det seinare innreidd sløydrom. I hovudetasjen var det to romslege klasserom.<sup>4</sup> Det heldt til 1965, da blei skulen sentralisert og Breidablikk blei ledig. I første omgang blei skulehuset gjort om til stolfabrikk og tente som det i 20 år. Først var det Harald Laugaland frå Hjelmeland som dreiv med stolproduksjon, seinare Willy Jansen.

Leiaren i landbruksmuseet gikk ut i Strandbuen og sa at nå måtte museet anten få eit eigna lokale eller så måtte ein legge ned heile verksemda. Det kunne ikkje Strand kommune vedkjenne seg, sa Tordis, og viste til at dei fleste, for ikkje å seia alle andre kommunar nå viste interesse for å ta vare på eldre ting. Museet hadde etter kvart byggt opp ei god samling som var spreidde på ulike stader. I tillegg hadde museet fått tilslagn om andre ting som dei ikkje hadde hatt hove til å hente på grunn av mangel på lagerplass.

Men det gikk ikkje på skinner. Da saka om disponering av Breidablikk skole kom opp i kommunestyret kjørte Arbeidarpartiet hardt ut mot museumstanken og meinte at huset ikkje ville bli anna enn eit lager om landbruksmuseet fekk hand om



*Det blei lagt ned ein formidabel innsats for å setta Breidablikk i stand til kunst- og museumsformål. Her er noen frå dugnadsgjengen fotograferte i ei pause i arbeidet med rehabiliteringa. Frå venstre: Ingrid Leikvam, Oddvar Melberg, Jørgen Hjorteland, Jonas Lunde og Else Aasen.*

det. Talsmannen for Arbeidarpartiet, J. Herman Hjelbak, ville heller bruke huset som eit aktivitetshus. Det var Osabakkane Vel, velforeininga for bustadområdet rundt Breidablikk, som hadde søkt om å få bruke huset til aktivitetshus. Høgre sto for det motsette synet, og Josef Foss var skuffa over den måten Hjelbak karakteriserte museet på. Foss hadde tatt inn over seg dei kummerlege forholda museet arbeidde under, og at dei ikkje eingong hadde plass nok til å halde gjenstandstilfanget samla på ein stad. Høgre foreslo at landbruksmuseet kunne få nytte huset i lag med Ryfylke kunstlag. Under prøveavstemminga fekk Hjelbak og Arbeidarpartiet fleirtal med 18 mot 17 røyster. Men i den endelege avstemminga snudde fleirtalet i favor av museet og kunstlaget. Fleirtalet var framleis knapt, 18 mot 17. Og det var ikkje nok. Avhending av eigedom kravde kvalifisert fleirtal, og saka måtte opp på nytt, men da var det nok med simpelt fleirtal for å avgjere saka, og museet fekk høve til å bruke Breidablik i lag med kunstlaget.

Det blei etablert eit husstyre med medlemmar frå begge organisasjoane, og medlemmar både frå museumsnemnda og kunstlaget deltok i arbeidet med å setta bygningen i stand. Det blei ein svær jobb. Huset var i dårlig stand. Pipene hadde

frostskader og måtte murast opp på nytt, taket var lek og måtte reparerast, det blei bygt trapp for rullestolbrukarar ved inngangen og tak over inngangspartiet, knuste ruter blei skifta, det blei sett skodder på glasa i kjellaretasjen og det blei montert brannstige frå andre etasje. Dette var det utvendige.

Inne var det behov for omfattande utbetring av vatn- og avlaupssystemet og det blei bygt to nye toalett. Heile huset blei sparkla, tapetsert og måla, det blei sett opp nytt panel i gangen og lagt nytt golv i heile første etasje. Det tyngste løftet var likevel montering av ein limtredragar under bjelkelaget i andre etasje for å få nok berekraft. Nede blei det montert skyvedør mellom klaseromma og det blei montert kjøkken i det som tidlegare hadde vore bibliotek. Opp til andre etasje blei det sett opp ny trapp og taket i andre etasje isolert og kledd med takplater. Heile det elektriske anlegget måtte fornyast. I tillegg blei dei gamle vedomnane sette i stand. Det blei montert tjuverialarm, og så var museums- og kunstlagshuset ferdig. Det hadde ikkje kosta mye, berre til det elektriske arbeidet blei det leigd inn arbeidskraft. Det var bokført 2 300 dugnadstimar over ein periode på to år. Enkelte hadde 300 dugnadstimar aleine. Tilskott frå stat og kommune var på i alt 259 000 kroner.

Før å få driftsstøtte til museet blei det stilt krav om skiping av eige museumslag. Dette skjedde 16. mars 1987. Museet fekk nå namnet Strand Bygdemuseum. Tordis Tau Lunde blei vald til leiar. Med seg i styret fekk ho Lilly Barkve, Dagny Tau Strand, Jørgen Hjorteland, Oddvar Melbeg og Alf Josef Foss. Museet fekk eit breiare formål enn nemnda for landbruksmuseet hadde hatt. Strand bygdemuseum skulle «samla inn og ta vare på ting som syner levekår frå det gamle bodesamfunnet, næringsliv og elles alt som har kulturhistorisk verdi for Strand».

### **Fest og gullår for bygdemuseet**

Det var fest da «Breidablikk» blei opna. Ordførar Odd William Bøe og banksjef Jan Langvik overrekte blomsterbukettar og gode ord til Tordis Tau Lunde, som var leiar i bondekvinnelaget, og Else Aasen i Ryfylke kunstlag. Lærar Jens Haga var der. Han hadde hatt Breidablikk skule som arbeidsplass i 32 år før han gikk av med pensjon halvtanna år før skule blei nedlagt. Han fekk og ordet til ei minnestund om gammeskulen. «Dei som har jobba har vist ein kjempeflott innsats», sa kultursjef Kåre Strand. Så var det kaffe og tradisjonsmat. Oppe hadde kusntlaget utstillinga «3 frå Ryfylke», ei utstilling med rosemalning av Bergljot Lunde frå Sand og måleri av Jan T. Kleppa frå Hjelmeland og



Det var fest da «nye» Strand bygdemuseum blei opna på Breidablikk laurdag 19. mars 1988. Leiaren i styret for museet, Tordis Tau Lunde, ønsker velkommen og orienterer om arbeidet med istandsetting av huset. Etasjeomnen ved sidan av Tordis er henta frå prestegarden i Hjelmeland.



Tordis Tau Lunde og leiaren i Ryfylke Kunstlag, Else Aasen, fekk velfortente blomar som takk for stor innsats i arbeidet med istandsetting av Breidablikk.

kunstlagsleiaren sjølv, Else Aasen. For kunstlaget var dette samtidig ei jubileumsutstiling. Det var 10 år sidan laget var starta. Nede var ein stor del av samlinga til bygdemuseet stilt ut. Gleda over fullført verk var stor, og ambisjonane for framtida ikkje mindre. Dette skulle bli eit levande museum, eit kulturhus, det kunne bli Strand sitt svar på Hå Gamle Prestegard, meinte dei mest kjenslevare. Dette var ikkje ein plass der ein berre skulle sjå, men ein skulle og kunne gjera. 200 gjester blei telt opp på laurdagen, og 165 dagen etter.<sup>5</sup>

Fjorten dagar etter var det dagnadsfest for dei som hadde vore med og sett huset i stand. Det var 32 som møtte. Det var dekka til på småbord opp i salen til kunstlaget og det blei servert røykt svinekam med grønsaker og karamellpudding til dessert. Etterpå var det fløytekake og kaffe. Tordis Tau Lunde fekk gáve av museumslaget, og Else Aasen, leiaren i kunstlaget, fekk gáve av kunstlaget.

Men dei som hadde arbeidd med museet tykte dei hadde mista 20 viktige innsamlingsår før museet nå endeleg fekk lokale som dei meinte tente formålet. Mye hadde gått tapt på desse åra. Likevel var det bygt opp ei ganske god samling, og innsamlingsarbeidet heldt fram til det i dag tel kring 1.600 nummer.

Det er uråd å skape noe godt inntrykk av kva samlinga omfattar her, men museet lukkast med å samle viktige døme på reiskap som var brukt i det gamle bondesamfunnet. Ettersom bondekvinnelaget fekk ein viktig plass i leiinga av museet, og etter kvart overtok heile styringa av det, har museet også hatt eit blikk for reiskap som var brukt av kvinner i samband med matlaging og tekstilarbeid og for inventar og husgeråd elles. Museet har dessutan tatt inn gjenstandar som har tilknyting til sjøbruket og reiskap frå ulike handverk. Det er såleis ei brei samling som etter kvart er bygt ut, og ei samling som både kan gi grunnlag for studium av korleis livet har vore levd før oss, og for produksjon av utstillingar som kan formidle historia på ein engasjerande måte. Samlinga til bygdemuseet er godt dokumentert. Det meste er registrert med opplysningar om kor tinga kjem i frå og med tilleggsopplysningar om bruk der ein har hatt slike.

Dei første åra var det fast opningstid i museet kvar søndag, kunstlaget hadde utstillingane sine der, laga heldt møta sine i huset og det blei arrangert «Bondekafe» ein søndag i månaden. I tilknyting til årsmøta blei det invitert folk til å kásere om ulike tema. Huset blei også leigd ut til dåp, bryllaup og åre-

målsdagar, men da dei også prøvde og opne for ungdommen gikk det ikkje så godt. Rutinane svikta, huset blei ståande ope og det blei utført hærverk.

### Problema melder seg

Men det var tungt å drive museet på dugnad. Og det handla framleis ikkje berre om drift. Underetasjen skulle settast i stand, det var behov for å halde fram med registrering og preparering av gjenstandsmaterialet og det var behov for vedlikehald. Det kom dessutan opp spørsmål om utlån av gjenstandar til utstillingar både her og der. Det var utstilling i Verkshotellet på Jørpeland, SR-bank på Tau og Jørpeland, på ei messe om hytte og fritid i 1993, ei utstilling av skulesaker på Nordre Strand skule, ei utstilling for Strand Bondelag i samband med open gard i 1994, jubileumsutstilling for freden i 1995 og til 175-års-jubileumet for utvandringa til Amerika i 2000.

I 1993 gikk Tordis Tau Lunde og Øystein Sandvik i styret for bygdemuseet ut og etterlyste sterkare kommunalt engasjement.<sup>6</sup> Dei sakna både skilting og hjelp til å halde uteområdet i orden. Turistane fann ikkje fram og interessa for museet mellom bygdefolk minka. Kommunen spurte på si side, noen år seinare, om bygdemuseet kunne ta på seg heile driftsansvaret for huset. Det svara bygdemuseet at det ikkje såg seg i stand til.

Året etter tok kultursjef Geir Danielssen til orde for at bygdemuseet flytta til Tou Mølle. Det var fjøset og løa han såg på som aktuell for samlinga til bygdemuseet. Visjonen til kultursjefen var at ein skulle samle seg om to museumssentra i Strand, det eine kring Jørpelands Brug og det andre kring Tou Mølle. Styret i bygdemuseet såg positivt på dette, men eigarane av Tou Mølle var førebels ikkje villig til å stille løa til rådvelde som lokale for bygdemuseet.

I 2002, etter at Mølleparken var peika ut som tusenårsstad i Strand, sökte bygdemuseet om å få plass i Bruksløa. Vi skriv meir om Mølleparken på annan stad i dette skriftet, men ordførar Jan Langvik hadde altså noen år tidlegare hjelpt til med å fremje ein førespurnad til Orkla om å få kjøpe, eventuelt leige Bruksløa som lokale for bygdemuseet. Svaret den gongen var negativt, men nå prøvde dei seg på nytt. Og det var på trygg grunn. I arbeidet med å gjera Mølleparken til tusenårsprosjekt for Strand var det utarbeidd ei brosjyre der ein hadde flagga bygdemuseet som brukar av Bruksløa. Bruksløa hadde vore driftsbygningen til Tou Brug. «Slik høver lokala godt for eit bygdemuseum som hentar det meste av gjenstandane sine frå



Bondekvinnelaget heldt søndagsope og arrangerte «Bondekafé». Her er det Anne Marie Sigmundstad som vaktar kakebordet.

gardsbruk i området», skreiv bygdemuseet i eit brev til den nyoppretta Stiftelsen Tou Brug. «Med samlinga si kan museet mellom anna syna kornproduksjon frå bearbeiding av jorda til baking av brød. Strand Bygdemuseum meiner at dei kan gje viktige bidrag til Tou Brug som eit kultur- og aktivitetssenter».

Bygdemuseet fekk ikkje overta Bruksløa, men det blei bede om å setta opp ei utstilling i andre høgda. Utstillinga fekk tittelen «Frå jord til bord» og blei bygt langs eine langveggen, i dei nisjene som takkonstruksjonen lagar. Framfor utstillinga blei det sett stabbar med tau mellom, slik at resten av arealet kunne brukast til andre formål utan at det kom i konflikt med utstillinga. Seinare sette bygdemuseet også opp ei utstilling i inngangspartiet til aktivitetshuset på Tau. Det var ikkje så dårleg arbeidd. Alt var frivillig arbeid. Men museumsarbeidet gikk ikkje så lett, og eldsjelene blei ikkje yngre med åra. Driftsstøtta frå kommunen var svært smålåten, og skulle snart falle heilt vekk. I tillegg kom husspørsmålet på dagsorden att.

I 2009 kunne medlemmane i bygdemuseet lesa i Strandbuen at Rådmannen i Strand foreslo å selja huset dei heldt til. Kommunestyret hadde gitt Rådmannen i oppgåve «å vise

hvilke kommunale bygg som kan selges for å gi penger i en slunken kommunekasse». Breidablikk kom på denne lista. Rådmannen meinte kommunen kunne få 1 mill. kr. for huset. Kunstlaget hadde alt gitt opp. I 2003 blei Ryfylkeutstillinga vist i Bruksløa. Leiaren i kunstlaget, Signe Plahte Holmgren, kunne fortelja at flyttinga til Bruksløa var ein suksess. «Me har nesten tidobra antal besökande dette året», kunne ho fortelja til Strandbuen. Det var ein suksess kunstlaget hadde god bruk for i kampen om å få behalde driftsstilkoret frå kommunen, og dermed framleis få vera med i visningsprogrammet til Ryfylke kunstlag. Men Breidablikk var ofra, der sat berre bygdemuseet att i eit hus som kommunen nå ville selja, om ein forsto referata i Strandbuen rett. Noen annan informasjon om kva planar kommunen hadde for huset dei heldt til i hadde ikkje museet fått. Det fekk dei først i mars 2010. Da kom det eit brev frå Strand kommune som fortalte at Breidablikk skulle leggast ut for sal. «Det innebærer at nåværende brukere må finne nye lokaliteter», skrev kommunen. «Målet er at huset skal være salgbart i sommer». Det gikk ikkje bygdemuseet sin veg. «Rådmannen sammen med kulturstyret arbeider med å finne alternative lokaler til Bygdemuseet, men har ingen løsning klar enda. Vi beklager ulempen det påfører dere. Med hilsen Arnfinn Livastøl, virksomhetsleder.»



Strand bygdemuseum har ei rik og velordna samling gjenstandar frå dagleivet i gamle Strand.

## Regionalisering av museumsverksemda

Etter at Rogaland folkemuseum var gjort om til regionmuseum for Ryfylke i 1981, blei Strand bygdemuseum og Ryfylkemuseet nokså snart kjente med einannan, og Ryfylkemuseet arrangerte m.a. eit kurs i behandling av gjenstandar for medlemmar i bygdemuseet. Da Kulturdepartementet hadde sett i verk si «museumsreform» i 2002, og Strand kommune hadde sluttat seg til den konsoliderte museumseininga for Ryfylke, blei spørsmålet om tilslutning til Ryfylkemuseet frå Strand bygdemuseum tatt opp. Ryfylkemuseet meinte at samlingane til Strand bygdemuseum ville vera eit vesentleg tilskott til dei museumssamlingane som elles var i Ryfylke, og at dei ville styrke utvegen til å drive med forsking og setta i verk engasjerande formidlingstiltak. Men Ryfylkemuseet meinte også at det var behov for ei betre lokalisering av museet i Strand. Det ideelle ville vere ein meir sentral plass og eit lokale som ga rom både for ei fast temautstilling basert på delar av samlinga, og skiftande utstillingar der ein kunne veksle mellom temautstillingar basert på samlingane i bygdemuseet og innlånte vandreutstillingar.

Føresetnaden for å få til ei slik utvikling var samanslåing av musea. Ryfylkemuseet gjorde det klart at eit laust samarbeid ikkje ville gi vilkår for å få del i dei ressursane ein venta at ville følgje av Museumsreforma. Strand bygdemuseum måtte gå inn i Ryfylkemuseet om det skulle få hjelp til å komma ut av bakevja. Men det slo ikkje an. Styret for bygdemuseet vedtok i januar 2004 «å forskyva samarbeidet med Ryfylkemuseet framover i tid». Styret hadde ikkje nødvendig tillit til ein museumsadministrasjon som var plassert lengst inne i fjordane, på Sand, og delte såleis oppfatninga til kulturadministrasjonen i kommunen, som også meinte at dei som skulle arbeide med museumssaker i Strand måtte bu i Strand, eller i det minste ha kontor der.

## Kva skal skje med Strand bygdemuseum?

Strand bygdemuseum har kome i ein vanskeleg situasjon. Driftsstøtta er blitt borte, huset blir vurdert seld, dugnadskrefte har minka og det arbeidet som er lagt ned for å samle og ta vare på ei museumssamling frå Strand kan sjå ut til å vera lite verdsett. Dette må ikkje bli endelykta for Strand bygdemuseum. Strand sit på ei unik samling av kulturminne som det i dag ville vere for seint å samle inn. Samlinga er endatil rimeleg godt dokumentert. Men ho framstår ikkje i dag på ein måte som vekker interesse hos andre enn slike som har spesielle interesser og/eller har nådd skjels år og alder. Skal ein lukkast

med å formidle det potensialet av opplevingar og kunnuskap som ligg i samlinga må ho løftast fram i slike lokale og i ein slik kontekst at ho kjem yngre folk i møte. Og det er slett ikkje sikert at heile samlinga kan visast fram på ein gong. Det vil seia, det er temmeleg sikkert at ho ikkje kan det. Museet har såleis behov både for ein høveleg utstillingsplass, og en plass for å magasinere dei delane av samlinga som ikkje er på utstilling. Først da vil ein kunne dra full nytte av det frivillige arbeidet som er lagt ned sidan den første speda spira til museet i 1963. Det er ingen andre enn styret i Strand bygdemuseum som kan avgjera kva ein vil gjera med samlinga. Men alle må skjonne at bygdemuseet ikkje rår med dette sjølv. Strand kommune må ta eit større ansvar for museet enn kommunen gjer nå. Ryfylkemuseet kan bidra med fagkompetanse. Det burde ligge til rette for at dei tre partane kunne få til eit samarbeid som sikrar at

det materialet som bygdemuseet forvaltar blir ein viktig del av forteljinga om gamle Strand.


Roy Høibo (62) har vore styrar og direktør ved Ryfylkemuseet sidan 1981.

### Notar


- 1 Det meste av stoffet om bygdemuseet bygger på samtalar med Tordis Tau Lunde og andre i styret for bygdemuseet, og arkivmateriale som styret har stilt til rádvelde.
- 2 Strandbuen nr. 4, 1965, sitert frå Jan Alsvik: *Strand bygdebok 1940–1990*.
- 3 Jan Alsvik: *Strand bygdebok 1940–1990*, Hafsfjord 1991.
- 4 Holger Barkved: «*Soga um Strand*», Stavanger 1975
- 5 Opninga fekk pressedeckning både i Dagbladet Rogaland og Strandbuen. Dette er frå Dagbladet Rogaland 21.03.1988 og Strandbuen 23.03.
- 6 Strandbuen 9. juni 1993.

### Eit utval gjenstandar i samlinga til Strand bygdemuseum

Grindaplog, Kyllingstad plogfabrikk, frå Tau Brug  
 Såmaskin for høyfrø, handapparat, frå Lars Hjorteland  
 Tust frå Martin Vaula, til å trøske med  
 Herdesoll frå Nikolai Meltveit, for salling/rensking av korn for å skilje vekk restar av aks  
 Kasteskuffel til å kaste korn med når det var trøska, frå Nikolei Meltveit  
 Drág til heimkjoring av ved frå skogen, frå Jonas og Tordis Tau Lunde  
 Potetopptakar for hest, seinare ombygt til traktor  
 Sag, «Tigersvans», frå Ole Reidar Vervik  
 Hummerteine frå Jonas og Tordis Tau Lunde, tjørbrent i begge endar  
 Sildahov frå Fredrik Lunde, til å ause sild frå nota opp i båten  
 Stengenot for brisling (landnot), frå Rolf og Kirsten Idsø  
 Brislingkasser frå Rolf og Kirsten Idsø  
 Diverse båtbyggarverktøy frå Ole Tersen Vatland  
 Ferdaskrin frå Reinert Bjørheim, heimasmidd beslag, 1874  
 Treboks, truleg kome frå Riga i den tid dei handla med Østersjøen, frå  
 Diverse bokverktøy frå Fredrik Carlsen  
 Radiolytteutstyr frå krigen, brukt i Ryfylkeheiane til å ta i mot meldingar, frå Erling Holst  
 Mjølkeholk frå Nikolei Meltveit  
 Kinne, holekinne, frå Torvald Fjelde  
 Smørambar frå Tore O. Barkved  
 Vaffelkakejern frå Jonas og Tordis Tau Lunde  
 Spade til å legge brød i omnen med, frå Fiskå Bakeri  
 Slaktetrau frå Ola Taus arvingar  
 Kjøttkvern frå Øystein Sandvik  
 Tvåre frå Øystein Sandvik  
 Himmelseng frå Holger Førland, påskrive Holger Rasmussen og Christiana R. D. Faarland 1868  
 Undervisningsmateriell, sløydsaker og inventar frå skulestova  
 Ei stor boksamling frå diverse givarar  
 Vinterfrakken (vadmålsfrakk) etter Martin Tau, frå Dagny og Per Tau Strand



Samlinga omfattar også større gjenstandar som reiskap og kjøredoningar som var brukt på gardane.



# Bedehus i Strand

Av Tone Alise Årtun

**Det første bedehuset i Strand kommune stod ved Strandakyrkja og var sett opp i 1837. Kanskje var dette ikkje berre Strands første, men også Noregs første bedehus. I dag er det 13 bedehus i kommunen. Dei fleste vart bygde på byrjinga av 1900-talet, ofte i gløden etter store vekkingar. I dag har salmesongen stilna av. Han kan nok lyda framleis, men svakare og forsiktigare enn før. Det er mindre tårer, men kanskje og mindre glede. Store vekkingar ser ut til å vera historie. Folk har så mange tilbod i dag, eit møte på bedehuset har ikkje same appellen som før.**

Fram til 1800-talet var det ei kollektive kristendomsform i Noreg. Det var då naturleg – og nødvendig – at alle møtte fram kvar gong det var gudsteneste og i tillegg gjekk til nattverd minst to gonger i året. Med Hans Nielsen Hauge endra dette seg. Det var ikkje lenger nok å vera kristen ut frå tradisjon og vane; det måtte ei personleg omvending til. Mange kristne fekk då behov for å møtast oftare enn det kyrkja og prestane hadde å tilby. Konventikkelpakken som hadde sett forbod for lekfolk å tala i religiøse samlingar, vart fjerna i 1842, og frå då av var det fritt fram for religiøse møte utan at presten var til stades. I byrjinga møttest dei kristne i heimane, men etter som dei vart mange og møttest ofte, melde behovet seg for eit eige hus å halda møta i. Slik oppstod bedehuset.

## Strand i dag

Strand er ein vidstrekta kommune med to hovudsenter. Det største er administrasjonssenteret Jørpeland, som har kring 6 000 innbyggjarar, og som fekk bystatus i 1998. Det andre er Tau, der det bur kring 3 000 menneske. Totalt har kommunen vel 11 000 innbyggjarar.

Tidlegare hadde kommunen mange barneskular som nå er borte. I dag er det berre tre igjen: Jørpeland, Tau og Nordre Strand. Elevane frå Nordre Strand må reisa til Tau for å gå på ungdomsskule. Skulen har altså gått gjennom ein sentralise-

ringsprosess der pilene peikar mot Jørpeland og Tau. Før eller seinare møtest alle ungdommane i kommunen på ein av desse to ungdomsskulane.

Strand har to kyrkjer. Jørpeland soknar til Jørpeland kyrkje. Tau soknar til Strand kyrkje.

Det er 13 bedehus i kommunen i dag, sju i Strand og fem i Jørpeland sokn. Utviklinga som har gjort seg gjeldande på skulefronten, viser seg – ikkje overraskande – å gjelda på bedehusfronten og. Mens aktiviteten på fleire av bedehusa i utkantane er avtakande og nokre stader går på sparebluss, er det framleis stor aktivitet på bedehusa på Tau og Jørpeland.

## Kven eig bedehuset?

Praksisen har variert, men på Sørvestlandet var det vanleg at det vart skrive statuttar som regulerte bruken av huset, men at det ikkje var nokon som eigde det. Eller kanskje det er rettare å seia at alle eigde det. Alle som budde i krinsen. Derfor har bedehuset ofte fungert som eit grändahus, der både bondelaget og andre interesseorganisasjonar har vore velkomne. Men det finst grenser for bruken av bedehuset. Ei vanleg formulering i statuttane er at det skal vera «et lokale til Guds ords forkynelse på en Lutherske kirkes bekjendelses grund» (§ 1). Dersom styret så gir løyve til det, kan huset og nyttast «til almennytige og andre ædle formål, der ikke står i strid med § 1. Her har det nok, innimellom, vore diskusjonar og vanskeleg grenseoppgangar som kan ha skapt splid i lokalsamfunnet.

## Tilbakeblikk

Bygging av bedehus starta på 1800-talet, men det var først på byrjinga av 1900-talet at det verkeleg tok av. Ofte vart bedehuset bygt som eit resultat av ei vekking. Nabobar og sambyggingar i ein krins gjekk då saman og reiste huset på dugnad. Det var kristne som hadde fått ny kveik i vekkinga, og det var nyfrelste, side ved side, skulder ved skulder. Salmesongen har nok ljoma på byggeplassen, og samhaldet og iveren vore

brennande. Misjonsorganisasjonane sende emissærar som kom og heldt vekkings- og oppbyggingsmøte på dei ulike bedehusa. Ofte kunne slike møteseriar vara i vekevis. Husa vart gjerne for små, folk kunne stå i kø for å komma inn. Dei fleste møtte fram når noko skjedde på bedehuset. Kulturtilbodet elles kunne vera nokså magert.

Etter som tida og utviklinga går sin gang, blir det behov for modernisering og opp-pussing. Elektrisk straum blir innlagt. Og vatn og toalett. Kanskje huset er for lite og må utvidast. Kjøkken vert gjerne bygd på. Garderobe og gang kjem til. Den svarte etasjeomnen blir kasta ut, pipa riven ned og panelomnane blir monterte på veggen under glasa, som forresten kanskje og er nye. Det hender at dei gamle sprossevindauge må vika for dei lettstelte husmorglasa som kan vippast inn og rundt og dermed er så mykje lettare å pussa. Det er ein evig runddans, og nokre krinsar bestemmer seg til sist for å riva det gamle og heller bygga nytt. Dermed får me ei ny byggebølgje frå slutten av 50-talet og framover nokre tiår. Det er nå dei eldste bedehusa vert rivne med hard hand og bytta ut med større og flottare og meir tidsmessige hus. Forresten skjer det ikkje alltid med så hard hand, for nokre blir framleis tekne forsiktig ned og gjenoppstår med ny funksjon ein annan plass. Tømra bygningar er seigliva.

Nokre krinsar får ikkje bedehus før på 1930-talet. Det siste, Jøssang bedehus, kjem i 1955.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av alle bedehusa i Strand kommune, så langt det har lykkast å rekonstruera korleis det heile heng i hop.

### Det første bedehuset

Kanskje stod landets første bedehus i Strand. Kristoffer Fjelde har gjort eit grundig arbeid i å visa at det sannsynlegvis vart sett opp eit samlingshus ved Strand kyrkje alt i 1837. Ole Thorsen Barkved (1814–1891) var ei av drivkraftene. Den same Ole Thorsen hadde og vore med og stifta den første misjonsforeiniga i Strand i 1834, og tanken var nok at huset skulle tena som møtelokale for denne. I tillegg var det ei vinning for folk som kom langvegs frå – og det gjorde mange – å ha ein stad å ta inn der dei kunne byta kler og fjelga seg før gudstenesta. Elles tente huset fleire føremål; frå 1842 skal det ha vore brukt som heradsstove i tillegg til at det framleis vart nytta som bedehus. Ei tid skal det og ha romma eit «Almuebibliotek». Heradet kjøpte huset i 1871. Korleis det vart



Tau bedehus.

nytta etter dette, er nokså uklart. Det einaste som skal vera sikkert, er at Strand Sparebank hadde tilhald her mellom 1892 og 1898. Heradet selde huset i 1898. Kjøparen sette det så opp som privathus på garden Tjøstheim, bruksnr. 2, der det stod i godt og vel hundre år før det vart rive. Nå hadde forhistoria til huset nokså nyleg blitt kjent, så materialane vart tekne vare på, og tanken var lenge å setta opp att landets første bedehus, ved Strand kyrkje, i nærleiken av der det opphavleg hadde stått. Tømra har i ettertid vist seg å vera i så dårleg stand at det er heller tvilsamt om denne planen vert realisert.

### Tau bedehus

Det var tidleg ein aktiv fråhaldslosje på Tau. Alt i 1888 hadde losjen bygd eige hus på garden til Tore K. Tau. Dette huset vart og nytta til bedehus. I 1916 trøng Losje Tau eit større hus og valde å bygga nytt på ein meir sentral stad, der skulesenteret ligg i dag. Etter at losjen hadde flytta frå det første huset, vart det framleis nytta som bedehus i ein del år, men det var lite og ikkje så lageleg som bedehus for krinsen, så etter at skulen på Tau Bruk vart lagt ned i 1918, skal bedehusfolket ha flytta verksemda over i dette skulehuset. Nøyaktig når det skjedde, er ikkje klart. Det gamle losjehuset vart stående tomt nokre år før det i 1934 vart selt, flytta og sett opp att på Tjøstheim som bedehus der. Etter kvart flytta bedehusfolket møteverksemda



*Heia bedehus. I bakgrunnen monet av det gamle bedehuset.*

si frå skulehuset over i det nye losjehuset, og då aktiviteten i fråhaldslosjen etter kvart dabba av, var det mange som oppfatta dette huset som Tau bedehus. Det vart rive då skulesenteret trong tomta, på byrjinga av 60-åra.

Først ved utgangen av 1950-åra vedtok bedehusfolket på Tau å byggja eige hus på tomta «Haugtun» under Strand prestegard, som Tau kristelege ungdomslag eigde då. Det nye bedehuset vart innvigd i september 1960 og har, karakteristisk nok, adresse Bedehusvegen. I 1990 og dei seinaste åra har det gjennomgått store utbetrinigar og utvidingar. På grunn av dei høge kostnadene som er knytt opp mot drifta av eit så stort bygg, vedtok årsmøtet i 2004 å gå inn for medlemskap i bedehuset. Tau bedehus har eiga heimeside på Internett der alle planar og arrangement blir offentleggjorte. Både Norsk Luthersk Misjonssamband og Indremisjonsforbundet har hatt møteveker der i år. I tillegg har Det Norske Misjonsselskap, Normisjon, Samemisjonen og Indre Sjømannsmisjon arrangert fleire møte. Arbeid med både barn, unge og eldre som målgrupper går føre seg på bedehuset.

#### **Heia bedehus**

Når det gjeld Heia bedehus, så er bygginga av det dokumentert av Ane Naig. Ei samling brev som ho skrev til sonen i Amerika, er teken vare på. Martin Nag, barnebarnet hennar, har offentleggjort desse. 22. april 1906 skriv ho:



*Tjøstheim bedehus.*

*Einer, og Ola Barka bygje Bede hus på Heiaa, – det som stod paa Fjelde.*

Det gamle bedehuset på Fjelde, som først hadde vore Fjelde skulehus, bygt 1865, vart flytta til Heia og sett opp der våren 1906. Her fekk det så eit nesten 70 år langt liv i teneste som Heia bedehus. I 1974 starta bygginga av nytt bedehus. Det vart lagt ved bilvegen, eit steinkast frå det gamle. Innviinga fann stad i april 1975. Her er det søndagsskule annakvar veke, bedehusbasar ein gong i året og misjonsbasar eit par gonger i året. I tillegg er det ein del møteverksemål på huset. Misjons-sambandet plar legga ei årleg møteveke til Heia.

Det gamle bedehuset står framleis og er nå i privat eige. Det vart brukt som hønsehus nokre år og er i dag nytta som lager.

#### **Tjøstheim bedehus**

Det bedehuset som ligg på Tjøstheim i dag, kom dit i 1934. Som nemnt ovanfor, under Tau bedehus, var dette eit hus som opphavleg hadde stått på Tau. Der vart det bygd som hus for Losje Tau i 1888, men det vart og nytta som bedehus. Det skal ha stått tomt nokre år før det vart selt og flytta til Tjøstheim. I 1973 gjennomgjekk huset ei omfattande restaurering med utskifting av det elektriske anlegget, innsetting av nye vindauge og nytt inventar. Hausten 1987 kom eit lite tilbygg med gang og toalett.



Bjørheimsbygd bedehus.

Det har vore aktivitet på bedehuset i alle åra som har gått sidan 1934. I det siste har det flytta ein del unge familiar til området, og desse har engasjert seg i bedehusarbeidet. Dugnadsviljen er stor, og mange har vore med på opp-pussing både ute og inne. Ein søndag i månaden er det søndagsskule med bygdekaffi etterpå. Bedehusbasaren skaffar inntekter til vedlikehaldet og blir arrangert ein gong i året.

I krigsåra var det ein arbeidstenesteleir, ein såkalla AT-leir på Tjøstheim. Deltakarane budde og arbeidde på gardane. Ei av arbeidsoppgåvene var å planta granitre. Bedehuset vart då nytta som matsal. Det var ei kokke som laga maten, og deltakarane fekk alle måltida her. Ofte vart det og arrangert sosiale tilstellingar på bedehuset om kveldane. Til denne leiren kom Gunvor Hofmo og Ruth Maier i 1941. Året etter omkom jødiske Ruth i gasskammeret i Auschwitz, medan Gunvor debuterte som diktar i 1946. Ho er ofte omtalt som den viktigaste modernistiske lyrikaren i Noreg. Den tragiske skjebnen til venninna Ruth kom til å prega både livet og diktinga til Gunvor Hofmo.



Voster bedehus.

#### Bjørheimsbygd bedehus

Fram til kring år 1900 vart alle møte, festar og basarar i Bjørheimsbygd haldne i private hus og i skulehuset. Men når det kom mange til samlingane, vart dei private stovene ofte for små, og skulehuset vart for lite når det var festkveldar og basarar. Derfor gjekk folk saman om å bygga bedehus. Knut Østerhus og Østen Moen gav fri grunn. Arbeidet byrja våren 1903, huset stod ferdig same hausten og vart innvigd av dåværende sokneprest Skår. I 1957 kom det opp nytt bedehus, kring 50 meter frå der det gamle hadde stått, og litt nærmare hovudvegen. Det gamle vart rive før bygginga av det nye tok til, og nokre av materialane vart nytta i det nye.

I samarbeid med bedehusa på Sørskår, Fiskå og Vatland arrangerer Bjørheimsbygd formiddagstreff ein laurdag i månaden. Dei møter då på dei ulike bedehusa etter tur. I tillegg vert det arrangert småmøte ein gong i veka, og i løpet av året vert det halde ein bedehusbasar og eit par misjonsbasarar.

Skulen ligg like ved bedehuset. Skulekrinsen vart lagt ned i år. Elevane tar buss til Tau.

#### Voster bedehus

Vinteren og våren 1936 var det ei stor og gjennomgripande vekking ved Mathias Vasvik. Møta vart haldne heime hos landhandlar Magnus Lea. Som eit resultat av denne vekkinga gjekk



Fiskå bedehus.

folk saman og bygde bedehuset, som stod ferdig året etter. Huset har etter den tid blitt påbygt og utvida i 1974 og 1992. Huset fekk nyleg nytt kjøkken.

Tidlegare var det vanleg at fleire misjonsorganisasjonar organiserte ei møteveke kvar på Voster bedehus. Då vart det ganske mange møtedagar i året. Nå er det berre Misjons-sambandet som held denne tradisjonen ved like. Dei har vanlegvis møte over to veker om hausten. Bedehusstyret inviterer ulike organisasjonar til å bidra med talar på møte elles i året. Det er oftast to basarar i året, ein bedehusbasar og ein misjonsbasar. Voster har eigen gravplass, og det vert forretta ved gravferder i Vatland, Fiskå, Sørskår og Voster bedehus. Annakvar veke er det søndagsskule her. I samarbeid med Fiskå bedehus vert det, i regi av Misjonssambandet, halde 8–9 nattverdsmøte i året. Fiskå og Voster byter då på å halda hus til møtet. Juletrefesten er árviss, og på sjølve julafesta, om formiddagen, møtest folk til samvære på bedehuset.

#### Fiskå bedehus

Kristenfolk på Fiskå hadde sakna eige bedehus «hvor til enhver tid kan avholdes møter,...» Løysinga vart at dei i 1902 kjøpte eit gammalt bustadhus av Gullik A. Himle og bygde det om til bedehus. Snekkarmeister Halvor Langeland hadde ansvaret for dette arbeidet, og i 1904 kunne bedehuset takast



Sørskår bedehus.

i bruk. I 1959 vart det rive, og under rivinga viste det seg at nordre delen av huset var ei roseomåla eikestove. Materialane frå det gamle bedehuset vart selt til Ombo. Tanken var at det skulle settast opp igjen som forsamlingshus på Vestersjø. Bedehusfolket på Fiskå bygde nytt bedehus på same staden etter at det gamle var borte. Det ligg sentralt til, på ein haug med utsyn over fjorden. Det gamle skulehuset ligg like ved og er i dag museum, men barneskulen er ikkje nedlagt. Nordre Strand oppvekstsenter ligg på Fiskå.

På bedehuset er det faste småmøte kvar søndag og bønemøte kvar torsdag. I samarbeid med Voster bedehus vert det arrangert nattverdsmøte 8–9 gonger i året, annankvar gong på kvar plass. Desse er i regi av Misjonssambandet. I samarbeid med bedehusa på Sørskår, Vatland og Bjørheimsbygd vert det arrangert formiddagstreff ein laurdag i månaden. Bedehusa byter på å vera vertskap for desse treffa. Det vert halde gudsteneste på bedehuset nokre gonger i året, og det vert forretta ved gravferd. Fiskå soknar til gravplassen på Voster.

#### Sørskår bedehus

Etter ei vekking vinteren 1909 hadde det vore halde faste søndagsmøte i heimane i bygda. Ved større møte hadde dei nytta skulehuset. Etter ei ny vekking våren 1932 bestemte kristenfol-



Vatland bedehus.

ket seg for at dei trøng eit bedehus, og måla var tatt etter det som stod på Nessa i Årdal. Sven Foldøen innvige det nyoppsette bedehuset same året. Den gongen høyte Sundgardane til Årdal. 1. januar 1965 vart dei overførte til Strand kommune.

I 1983 trøng bedehuset opp-pussing, og det enda med at det vart kjøpt ny grunn berre 10 meter frå huset. Så vart det sett opp ny grunnmur, og det gamle huset løfta opp og drege over på denne. Dermed fekk ein matsal, kjøkken og toalett i kjellaren. I tillegg vart det bygt på eit bislag og inngangsdøra flytta frå baksida til framsida. Aktiviteten på bedehuset har minka med åra, men kvar sommar vert det framleis arrangert heimeleirovertodagar. Einbarnearbeidarfrå Misjonssambandet er med. I tillegg blir det arrangert formiddagstreff ein laurdag i månaden, der møtestaden rullerer mellom bedehusa i Sørskår, Fiskå, Vatland og Bjørheimsbygd. Ved gravferd kan det hal-dast seremoni i bedehuset. Gravplassen ligg på Voster. Fram til 2008 var det søndagsskule på Sørskår bedehus.

#### Vatland bedehus

På Vatland vart bedehuset «Soar» bygt i 1909 og hundreårsju-bilet markert med stor fest i 2009. Bedehuset ligg i den tidlige Vatland skulekrins, som bygdelaga Alsvik og Kjølevik sokna til. Då bedehuset var nytt, låg det like ved bygdevegen, men etter omlegging og utbetring av vegen på 1970-talet, ligg

det i dag litt avgøymt til, på oppsida av vegen. Tidleg på 1960-talet vart bedehuset utvida med kjøkken og modernisert. Aktiviteten har gått tilbake dei siste åra, men både Indre Sjømannsmisjonen og Sambandet har arrangert møte der i haust. Dessutan vert det forretta ved gravferd i bedehuset, og jordfestinga finn stad på gravplassen på Voster. I tillegg er det, i samarbeid med bedehusapå Sørskår, Fiskå og Bjørheimsbygd, formiddagstreff ein gong i månaden, der verkskapsfunksjonen går på omgang. Søndagsskule er det og.

#### Fjelde bedehus

Det første bedehuset på Jørpeland stod på Fjelde. Det var opphavleg eit skulehus, bygt i 1865, som krinsen fekk kjøpa i 1899. Dette skulehuset vart då flytta eit par hundre meter sør-over og sett opp som bedehus ved vegen der ein kjører opp til idrettshallen i dag. Det gjekk ikkje mange år før det vart for lite.

*Medan møtet var i gang inne, stod folk ute og venta tolmodig til det var slutt. Var folket gått ut, og dei tok til å syngje, strøymde huset fullt av folk på nytt. Slik skifte dei motelyd fleire gonger for kvelden.*

Slik skildrar Jakob Straume vekkingsmøta som fann stad i Fjelde bedehus vinteren 1904/1905. Emissærane var Lofthus, som reiste for Misjonsselskapet, og Kvinnlaug, som reiste for Kinamisjonen.

Det var etter dette bedehuset på Fjelde vart rive og selt til folket på Heia som sette det opp att som bedehus der. Dermed stod dei kristne på Fjelde utan hus. Det nye dei bygde, fekk eit anna namn – eller kanskje me heller skal seia *dei* nye – for det måtte to bedehus til for å erstatta det som hadde stått på Fjelde.

#### Langeland bedehus

I følgje bygdebokforfattar Jan Alsvik var folk i krinsen samde om at dei måtte bygga nytt bedehus etter at det gamle på Fjelde hadde blitt for lite, men dei kunne ikkje semjast om kor det skulle ligga. Bygda var kløyvd i to, og Fiskåna danna grensa mellom dei. Alle ville ha bedehuset på si side av elva. Enden på visa vart at dei bygde to bedehus same året; eitt på Barkved og eitt på Langeland. Dette skjedde i 1905, og gjennom eit brev Ane Naig 7. mai 1905 skrev til sonen i Amerika, får me ei samtidsskildring av det heile:

*Her skal bødjes Samling hus paa Barkve samslaataa, paa Lauris Barkve. Et til i Langelands haien, – der skal presten tala kvar 3 Søndag*

Når Ane Naig skriv at presten skal tala tredjekvar søndag i bedehuset på Langeland, sveipar ho innom eit emne som var mykje debattert på den tida; behovet for fleire kyrkjer enn den eine som stod på Strand. I desember 1903 vart det frå departementet gitt løyve til at det som ei prøveordning, kunne haldest gudsteneste i bedehusa på Fjelde og på Fiskå. Etter at bedehuset på Fjelde var avvikla, heldt ordninga fram i Langeland bedehus.

Etableringa av stålverket på Jørpeland førte seinare til at behovet for eit kapell og kyrkjegard på Jørpeland var aukande. Saka var framme i heradsstyret fleire gonger, og i 1921 vart det gjort vedtak om at heradet overtok ... *garantien for bedehusets fremtidige vedlikehold*, ... Målet var altså å gjera bedehuset om til kapell.

Ikkje alle bedehusfolka var glade for denne utviklinga. I følge Jakob Straume gjekk det så hardt for seg på eit møte der kapellplanane vart drøfta, at «kinesarane» (tilhengrarar av Kinamisjonen) «strauk på dør.» Dei var redde for at kyrkja skulle overta, og at dei dermed skulle få mindre råderett over bedehuset. Det vart då gjort vedtak om at bedehusverksemda skulle få halda fram som ho hadde gjort før, og at kapellfunksjonen ikkje skulle gripa forstyrrande inn i dette.

Huset fekk så påbygt kor og vart vigsla til kyrklegr bruk. Dermed hadde det blitt til Langeland bedehuskapell. I 1926 kom gravplassen som jørpelendingane hadde sakna lenge, og same året måtte kapellet utvidast fordi det var for lite. Samtidig fekk det og klokketårn. I 1956 gjorde styret vedtak om å kjøpa ein parsell i tilknyting til tomta «da der nu er så stor trafikk med bil under de forskjellige tilstellinger.» Ein annan grunn for å utvida tomta var at dei trond teltplass ved store møte.

Hopehavet mellom kapellet og bedehuset varte i nesten 50 år, heilt til 1969. Då stod Jørpeland kyrkje ferdig litt nedanfor bedehuskapellet. I samband med framföring av fylkesvegen Hellandshei–Jørpeland i 1972 måtte koret rivast då bedehuset elles kom altfor nær vegen. Nokre få år seinare, i 1976, vart heile bedehus rive etter at det hadde blitt bygt eit nytt like ved sida. I dag parkerer kristenfolket bilane sine på staden der det gamle Langeland bedehus stod, når dei kjem til møte i det nye, som ikkje heiter Langeland men *Jørpeland* bedehus.



Jørpeland bedehus.

### Jørpeland bedehus

Jørpeland bedehus er bygt i murelement og skil seg arkitektonisk frå dei andre bedehusa. Salen har 300 sitteplassar, men det skal ha vore nærmere 1000 personar samla ved innviingsfesten i 1976. Nyleg har bedehuset fått nytt inngangsparti. Eit spiss tilbygg med glasfasade knyter det saman med nabobygget Kraftverket. I stiftinga Kraftverket vert det drive ungdomsarbeid av Jørpeland sokneråd og dei ulike misjonsorganisasjonane.

Misjonssambandet og Normisjon er dei organisasjonane som er mest aktive på bedehuset i dag, men Misjonsselskapet, Samemisjonen og Den indre Sjømannsmisjon arrangerer og møte her. Onsdagsmøta, som er møte på tvers av organisasjonane, har undervising og samtale på bedehuset annakvar veke. Huskyrkjene, som helst - som namnet seier – har møte sine i private heimar, bruker bedehuset til bønnemøte kvar onsdag.



Barkved bedehus.

### Barkved bedehus

Me hugsar at Ane Naig i 1905 skreiv i brev til sonen at det skulle byggjast bedehus på Barkved. Barkved bedehus, også kalla Fredtun, står framleis på Samslåttå. Aktiviteten er liten. Med moderne framkomstmiddel er ikkje Fiskåna ei grense som blir påakta lenger. Bedehuset på Jørpeland er berre ein liten svipttur unna. Bygningen blir halden ved like på dugnadsarbeid, og inntektene ved den årlege bedehusbasaren dekker ein del av kostnadene. Utleige av huset gir og nokre inntekter.



Jøssang bedehus.

### Jøssang bedehus

Jøssang bedehus stod ferdig og vart innvigd 16. mai 1955. Før den tid hadde skulehuset vore nytta som bedehus. Det låg sentralt til nede ved sjøen då folket frå Botne måtte bruka båt for å koma til Jøssang. Ei tid var det på tale å overta skulestova, bygga på denne og slik få eit godt og høveleg bedehus, men etter at vegen til Botne var ferdig i 1946 og til Botnehagen nokre år seinare, vart det gamle skulehuset liggande avsides til. Det var bratt og ulendt å ta seg ned dit frå vegen. I 1952 fekk krinsen ei tomt gratis av Ivar Wasstveit, og arbeidet med å reisa eit heilt nytt bygg på denne tomta tok til. Det gjekk så to og eit halvt år før bedehuset stod ferdig, for det var rasjonering på byggematerialar så tett etter krigen.

Sidan det berre er fem kilometer til Jørpeland, blir Jøssang bedehus ikkje mykje brukt i dag. Ennå er det likevel kveldsmøte ein gong i månaden, og bedehusbasaren vert vanlegvis skipa kvart år.



Kvalvåg bedehus.

### Kvalvåg bedehus

Dette vesle bedehuset frå 1911 er kommunens minste. Det var eigentleg bygd som skulehus, og gjennom åra er det halde ved like, men ikkje påbygd eller nemneverdig endra. Det har aldri hatt innlagt vatn. I 1960 fekk bygda vegsamband med Jørpeland, noko som ført til at skulen vart nedlagt og elevane frakta med buss inn til sentrum. Skulehuset hadde heile tida og fungert som bedehus. Kommunen let i 1963 bygda overta huset og brukte det som grendahus. I 1981 overtok Kvalvåg Misjonslag ansvaret og laga statuttar som seier at det er dei som arbeider for «Guds rikes fremme» som har rett til å ha møteverksemd i huset, men at det i tillegg kan nyttast til «sammenkomster med samfunnsgagnlige ting for øyet som styret med god samvittighet kan gå med på.» I åra mellom 1964 og 1999 hadde misjonslaget i Kvalvåg eit samarbeid med misjonslaget på Meling i nabokommunen Forsand. Dei faste søndagsmøta vart annankvar gong lagt til bedehuset i Kvalvåg og bedehuset på Meling. Liten aktivitet var årsaka til at denne tradisjonen vart broten. Påskebasaren på Kvalvåg bedehus er likevel árviss. I sommar var det og misjonsstemne ved Misionssambandet der.



Idse og Idsal bedehus.

### Idse og Idsal bedehus

I 1877 vart det starta kvinneforeining på Idse. Dei møttest i heimane. Då emissær Sven Foldøen kom til øya i 1910, saman med Olaus Østebø, nytta dei skulehuset, som hadde blitt bygt i 1893, til samlingsstad. Mange vart vakte då, og eit synleg resultat av det var bedehuset som dei reiste i 1913. I 1989 vart det bygt nytt, kring 60 meter nedanfor det gamle, som då vart rive. Det vert haldne nokre gudstenester her årleg. Dessutan vert det forretta ved gravferder i bedehuset. Gravplassen, som vart teken i bruk tidleg på 1900-talet, ligg like ved. Bedehuset har 140 sitteplassar, og det kjem vel med i slike høve. Elles er flokken som samlast til tradisjonelle bedehusmøte, heller liten. Inntektene frå den årlege basaren går til vedlikehald av huset.

### Oppsummering

Dei første bedehusa var som regel små stover med berre ein møtesal, eit bislag og kanskje eit lite kjøkken. Som vist ovanfor kunne det vera eit hus som hadde hatt ein annan funksjon før. Det viktigaste var å ha ein stad å møtast om Guds ord, ein stad der dei omvende kunne dela ordet med kvarandre, men også ein stad der dei kunne halda møte for å vekka dei uomvende. I tillegg vart det samla inn pengar til misjonen på møta. Sidan dei fleste bedehusa vart bygde i ei tid då folk måtte ta seg fram til fots, til hest eller med båt, måtte dei ligga slik til at reiseve-

gen ikkje vart for lang. Løysinga vart mange bedehus, nesten eitt i kvart grøndelag. I takt med den generelle utviklinga fekk bedehusa etter kvart innlagt straum og vatn, sanitæranlegg og betre kjøkken. Dei eldste bedehusa hadde utspelt si rolle i siste halvdel av 1900-talet og vart erstatta av nybygg, gjerne med møterom og fleire salar, moderne kjøkken, toalett og garderobe. Dei eldste bygningane vart ofte sette opp på dugnad, dei nye kom og opp med stor dognadsinnsats, men under leiing av profesjonelle bygningsfirma og etter arkitektteknika planar.

Moderne kommunikasjon og folketalsutvikling har ført til sentralisering av både skular og bedehus. Mens dei store bedehusa på Tau og Jørpeland har halde oppe aktiviteten, hamnar nokre av dei bedehusa som ligg nærmast, i skuggen av desse. Ein kan sjå parallelle mellom nærbutikken og supermarknaden; ein reiser gjerne dit tilbodet er størst. Det kan igjen føra til at den minste må legga ned. Likevel er ingen av dei 13 bedehusa nedlagte. Alle vert haldne ved like og stelte med, sjølv om møteaktiviteten ofte er liten. Det kostar å ha hus. Derfor blir det arrangert bedehusbasar der inntektene går til faste utgifter og vedlikehald. På same vis kan utleige av huset skaffa inntekter. Dugnadsviljen er framleis til stades. Ein dugnad er eit sosialt fellesskap og bedehusbasaren ein triveleg kveld som mange, også dei utanom kristenflokk, ser fram til. Folk vil at bedehuset skal stå der. Etter at skulen er nedlagt, er bedehuset ofte det einaste samlingshuset som er igjen i kinsen.

Likevel er det er ikkje berre bedehusa på Jørpeland og Tau som er liv laga i dag. Fleire av dei andre bedehusa har også faste misjonsveker, bønnemøte, småmøte og ein møtelyd som kjenner seg heime der og ikkje ser Tau eller Jørpeland som noko alternativ.

Sekulaseringa av samfunnet har kome langt. Folk søker kyrkje og bedehus i langt mindre grad enn før. Slik sett arbeider bedehusfolket i motvind i dag. Bygningane deira er med på å visa omverda at dei ikkje har gitt opp. For ein velhalden bygning er ein manifestasjon av at eigaren er til stades og i live. Slik sett er bygningane og ei påminning om fleire generasjons tru og glød. Fem av bedehusa har ein godt synleg kross festa på fasaden; ei ordlaus forkynning i nærmiljøet og til alle som fer forbi. Somme av krossane står ramma inn av eit strålende lys nattestid.

Tone Alise Årtun (58) er tilsett ved Ryfylkemuseet i ei prosjektstilling som er knytt til arbeidet med å dokumentere bedehuskulturen. Ho er cand. philol. med faga sosialantropologi, russisk, bulgarsk og nordisk, og har arbeidd som sendelektor i Moskva og som lærar i den vidaregåande skulen.

### Kjelder:

- Alsvik, Jan: *Strand bygdebok 1870 – 1940* og *Strand bygdebok 1940 – 1990* (Hafsrød forla, 1991)
- Barkved, Holger: *Soga um Strand* (Stavanger: Dreyer Aksjeselskap, 1975)
- Fjelde, Kristoffer: *Det fyrste bedehuset i Noreg*
- Kleppe, Johannes og Alf Henry Rasmussen (red.): *Reise i bedehusland* (Bergen: Sambandet Forlag AS, 2003)
- Knutsen, Annalisa Thelin: *Kvalvåg Kinamisjonslag gjennom 90 år 1913–2003*
- Nag, Martin: *Naig-Triologien III. Kveker-Ane og hennes brev ...* (Vindern, 1986)
- Straume, Jakob: *Kristenliv i Rogaland* (Bergen: A.S Lunde & Co's Forlag, 1956)
- Avskrift av bedehusprotokollar frå Tau, Fiskå, Jøssang, Langeland og Bjørheimsvik (Norsk etnologisk granskings samlinger, Oslo)
- Følgjande artiklar frå Strandbuen, gjengjevne på heimesida til Strand Historie- og Ættesogelag:
- Gudmestad, Borghild: *Tvillingsjeler – den eine mätte doy* (Strandbuen 11.04.2008)
- Eit landemerke er borte (Strandbuen 1982)





*Før Mølleparken blei tusenårsstad og det kom i gang arbeid med å bevare og formidle den tidlege industrihistoria i Ryfylke, var arbeidet med ei mutig etablering av eit museum for båtbygging og kystkultur på Idse det mest lovande museumsinitiativet i Strand.*

# Tilløp utan hopp – Ryfylkemuseet i Strand

Av Roy Høibo

Strand er den største kommunen i Ryfylke og det burde ha vore ein viktig kommune i arbeidet med kulturminnevern og museum. Når det ennå ikkje er blitt slik har det mange grunnar. I denne artikkelen skal vi prøve oss på eit oversyn over ein del av dei initiativa som er tatt og ei drøfting av korleis det har gått. Vi skal følgje noen trådar i ei muleg museumshistorie for Strand fram til det arbeidet som er utgangspunktet for denne utgåva av Folk i Ryfylke, og vi skal sjå at her er lagt ned mye godt og frivillig arbeid som gjer at potensialet for å løfte Strand fram som ein kommune med viktige bidrag til Ryfylke-historia er stort.

Da Rogaland Folkemuseum blei omgjort til regionmuseum for Ryfylke i 1981 blei det bestemt at hovudsetet til museet skulle ligge i Suldal. Grunngivinga for dette var at det var her folke-museet hadde dei største samlingane. Når museet så ikkje hadde meir enn ei stilling og eit smálåte driftsbudsjet, var det klart at utvegane til å ta i ferde med nye oppgåver i kommunar der museet ikkje hadde samlingar frå før var svake, for ikkje å seia heilt fråverande.<sup>1</sup>

Snart 30 år etter er situasjonen ein annan. Det nye Ryfylkemuseet har i mellomtida vokse frå ei samling med eit femtital hus i Suldal, Hjelmeland og Hå til eit moderne museum med eit breitt engasjement i eit fleirtal av Ryfylke-kommunane. Dette nummeret av Folk i Ryfylke er eit uttrykk for at vi nå har eit sterkt fokus mot Strand. Museet har likevel ikkje fått ta del i den same sterke veksten som museum i meir folkerike delar av fylket, og har framleis små ressursar i forhold til det store geografiske området museet skal dekke, og dei oppgåvene som ligg føre. Vi er derfor avhengig av både frivillig deltaking, kommunal velvilje og omfram støtte utanfrå skal det bli noen resultat som svarar til dei forventingane det er rimeleg å ha til museet.

## Strand kom sein på banen

Da museet i 1981 var etablert med eigen skrivemaskin på kommunalt kontor på Sand blei det straks sett i gang eit arbeid for å kartlegge mulege oppgåver og sjekke ut interessa for samarbeid. Ut frå dei ressursane som var tilgjengelege bygde arbeidet på tankar frå økomuseumsrørsla der ein såg for seg eit sterkt innslag av frivillig engasjement, der Ryfylkemuseet fungerte som ein bindelekk og eit fagleg sentrum for ei rekke bygdemuseum kring om i kommunane. Som overordna, regionale oppgåver, peika museet på dokumentasjon av jordbruksret, særleg dei sidene som var spesielle for Ryfylke, og i kombinasjon med skogbruk og fiske, og kraftutbygging og dei verknadane denne har hatt på livet i bygdene.

I 1986 var vi komne så langt at det blei invitert til eit relativt ambisiøst seminar om kva slags museum ein ville ha i Ryfylke. Der møtte det representantar for fire kommunar, og frå Ryfylkerådet. Strand var ikkje mellom desse, men Strand bygdemuseum blei likevel rekna med som ein del av eit muleg samordna museumsstell for Ryfylke. Den direkte kontakten med Strand avgrensa seg i desse aller første åra til noen førespurnadar og synfaringar i samband med søknadar om økonomisk støtte til kulturvernformål og noe kontakt med kulturkontoret.

Ei sak som det likevel blei brukt ein del tid på var ein ide om å skape eit skolemuseum på Fiskå. Det var Strand Bondekvinnelag som hadde engasjert seg i saka, og vald Tordis Tau Lunde, Lydia Ådnesen og Lilly Barkve til å vera med i ei arbeidsgruppe saman med kultursekretæren, som den gongen var Anne Karin Knutsen.

Opphavleg var det Strand Sogelag som hadde tatt opp arbeidet med å få til eit skolemuseum, og Strand kommune hadde kjøpt huset alt i 1972. Men aktiviteten i sogelaget hadde etter kvart minka av, og så blei det altså bondekvinnelaget som



Vurdering av ein husmannsplass på Amdal var mellom dei første oppdragene Ryfylkemuseet fekk i Strand. Plassen var ein av dei få gjenverande bygningane der lœ og bustadhus var bygde saman under eitt tak.

overtok. Meininga var å setta huset i stand og samle inn inventar og utstyr slik at ein kunne vise fram både skulestova, slik den hadde sett ut, og buforholda til læraren. Da Ryfylkemuseet blei engasjert, det var i 1981, var det oppussing og måling som sto på programmet. Da dette var gjort var det meininga arbeidet med innsamling skulle starte, men så sluttet Anne Karin Knutsen i kultursekretærstillinga og det blei etter kvart stille rundt skulehuset på Fiskå. Den etterfølgjande kultursekretæren, Kåre Strand, etterlyste tankar om kva som var tenkt om bruken av huset, ettersom det verken hadde vatn eller avlaup, men det blei ei tid brukt som møtelokale for idrettslaget.


Det tok likevel ikkje så lang tid før nye prosjekt kom på banen, og alt før det første ti-året i soga til Ryfylkemuseet var omme, var det sett i gang eit prosjekt i kommunen som vi håpte skulle vera det første steget mot eit sterkare engasjement i Strand.

#### Tilløp nr. 1 – video frå stålverket

Hausten 1987 var representantar for Norsk kulturråds utval for teknisk og industrielt kulturvern på besøk i Strand. Dei oppfordra til å få laga eit video-optak frå modellsnekkeriet på Stavanger Staal før dette blei rive.

Utgangspunktet var at hammarverket og modellverkstaden framleis sto som dei «alltid» hadde gjort. Oppgåva til modellverkstaden var å lage gode tremodellar som formarane i støyperiet brukte når dei laga sandformene som stålet blei støypt i. Kvalitetskrava til modellar av knuseplater, knusemantlar, maskin-gods, propellar og turbinskovlar m.v. var høge. Her var det tale om finsikta snikkararbeid. Det minste avvik tåltest knapt. Ein god modellsnekkar hadde fagarbeidarstatus. Nå var det planar om å flytte modellverkstaden og rive bygningen det heldt til i.<sup>2</sup>

Utover hausten var det hyppig kontakt mellom utvalet, fylkes-konservatoren i Rogaland, kultursjefen i Strand og Ryfylke-



I 1988 ble det gjennomført ein dokumentasjon av arbeidet ved modellverkstaden på stålverket. Målfrid Grimstvedt (fremst i bildet) var engasjert som prosjektleiar.

museet for å planlegge og finansiere oppgåva, og det lukkast etter kvart å skaffe dei nødvendige midlane for å kunne setta i gang. Ryfylkemuseet blei bede om å ta på seg det faglege ansvaret for å få oppgåva gjennomført.

Vi engasjerte Målfrid Grimstvedt til å utarbeide ein plan for filmprosjektet. For å komma frå det så billeg som muleg blei ei elevbedrift engasjert til å gjennomføre opptaka. Med i bedrifta var Kjetil Gundersen og Morten Austestad. Læraren deira var Egil Svendsen. Dei som arbeidde på modellverkstaden var svært velvillige og hjelpsame.

Opptaka blei gjennomført tidleg på hausten 1988, og alt i november var filmen ferdig. Han kosta 23 000. Kulturrådet betalte 15 000, Strand kommune og Rogaland fylkeskommune 4 000 kvar. Det blei ein fin film, og vi satsa stort på premieren. Alle involverte blei inviterte, og i tillegg representantar for lei-



Resultatet av dokumentasjonen blei ein video som museet håpte kunne vera med og vekke interessa for vidare arbeid med historia til industristaden Jørpeland.

inga ved stålverket, bedriftsklubben og andre. Tanken var at dette skulle vera så gildt at alle kunne vera samde om å gå vidare. La dette vera starten på eit større engasjement i dokumentasjon og formidling av industrihistoria på Jørpeland.

Men det var ikkje noe engasjement. Det var inga interesse. Det var ikkje noe å bygge vidare på. Vanskeleg hadde det vore å få ut noen kroner frå kommunen til prosjektet, og verre var det å skape eit engasjement hos andre som kunne vore med og løfta fram nye tiltak. Så det blei med den eine filmen som sidan har levd eit nokså einsamt liv i arkivet til museet.

### Nye planar

I åra 1991–1993 blei det arbeidd for å styrke kontakten mellom museet og kommunane. Etter ein omfattande høringsrunde blei museet i 1993 omgjort frå foreining til stifting. Men engasjementet i kommunane var ulikt. Fem av dei åtte Ryfylke-kommunane løfta saka opp til vedtak i kommunestyret og gjorde bindande vedtak om å slutte seg til stiftinga. Fire av desse gjorde i tillegg vedtak om driftstilskott til museet. Tre kommunar, mellom desse Strand, behandla saka i hovudutvala for kultur.

Talet på styremedlemmar valde mellom medlemmane i museet blei redusert til fordel for styremedlemmar valde av kommunane, og det blei vedtatt å setta i gang ein rullerande programprosess. På eit møte på Jelsa 29. april 1994 møtte det representantar for seks av Ryfylke-kommunane. Strand var ikkje mellom desse, men i det etterfølgjande planarbeidet blei det lagt stor vekt på å få fram dei oppgåven som låg føre i alle kommunane.

I Strand var det nå ei rekke initiativ som måtte reknast med i porteføljen: Det var Strand bygdemuseum som hadde vore i utvikling sidan tidleg på 1960-talet, det var Jørpelands Brug som var etablert som ei næringsdrivande stifting og som m.a. hadde som formål å ta vare på fabrikkbygninga, det var kvernhusanlegget og hageanlegget med bestyrarbustaden på Tau, det hadde kome eit tilbod om muleg overtaking av ein båtbyggarverkstad på Idse, på Selemork sto ein heiagard der det var ønskje om å bevare hovudbygningen, Fiskå skule er alt nemt og det var engasjement i utvikling for å ta vare på M/K Idsal. Og det var noen fleire, mindre tiltak. Vi vil komma nærmare tilbake til fleire av desse tiltaka, men kommunen ga i møte med museet uttrykk for eit ønskje om fagleg samarbeid med Ryfylkemuseet for å få eit betre tak på vern av samlingane og ei styrking av formidlinga.

Den tidlege industrialiseringa sto fram som eit særlig interessant tema for museal verksemد i Strand. Men her hadde elles vore eit allsidig næringsliv, som gjorde at strandbuen sjølv ville knyte sin identitet til ulike former for arbeidsliv og sosial tilhøring.

I skjæringspunktet mellom det gamle handverket og den nye industrien sto Jørpelands Brug fram som eit viktig kulturminne og ein møtestad mellom fortid og nåtid. Ryfylkemuseet var etterhalden til tanken om å knyte ansvar for innsamling og bevaring av kulturhistorisk materiale til ei næringsdrivande stifting, men såg store utvegar til å utvikle eit samarbeid om aktuelle oppgåver der formidlingsdelen blei knytt til Jørpelands Brug.

Jørpelands Brug blei sett på som vel eigna som eit forum for formidling av kulturformer knytt til industrisamfunnet, men museet meinte det og burde fungere som ein sentral for formidling av historia til industrien i Strand. Frå denne sentralen kunne ein vise til ulike mål for turar i nærområdet. Mølleparken på Tau kunne vera eit slikt mål. Her såg museet for seg at ein i tillegg kunne tenke seg ein sjølvinstruerande, liten utstilling om Tou Mølle i underetasjen i løa, men førebels syntest dette lite aktuelt frå bedrifta si side.

Ei anna viktig oppgåve syntest å vera bevaring av båtbyggarverkstaden på Idse. Denne hadde utan tvil stor regional interesse både fordi han var ein av dei siste bevarte i sitt slag i fylket, fordi han var komplett og fordi det låg føre eit tilbod om overtaking til offentlege formål. Museet meinte verkstaden burde bevarast på staden. Det tilhørande gardsbruket med det særprega våningshuset hadde interesse som ein del av heilskapen.

Samlingane til bygdemuseet føyde seg inn i rekka av liknande samlingar andre stader i Ryfylke, men skilde seg ut ved at ho var vel preparert og oppbevart under relativt trygge forhold. Ho kunne formidlast betre gjennom ei gruppering i tema som kan blei forklarte gjennom tekst og bildestoff. Men museet meinte at det store publikummet truleg ville ha større glede av gjenstandane i samlinga om dei blei brukte i ein større sammenheng, anten som innslag i utstillingar på Jørpelands Brug eller som innslag i vandreutstillingar.

Bevaringa av M/K Idsal var eit stort, nytt prosjekt, som på denne tida var noe uavklart, men som hadde eit potensiale i forhold til dei ovanfor nemnte besøksmåla. I eit prospekt for tiltaket var det dessutan skissert regionale mål for verksemda.

Dersom dette tiltaket skulle bli realisert meinte museet det ville krevja svært store ressursar i forhold til den øvrige museumsverksemda.

Konklusjonen til Ryfylkemuseet var å rá til at ein i Strand koncentrerer seg om dei 4 elementa Jørpelands Brug, Båtbyggerverkstaden på Idse, Mølleparken og Strand bygdemuseum. Fiskå skule og Selemork synest mindre interessante i denne samanhengen, likeeins ei større innsamling av landbruksreiskap.

Nå handla likevel ikkje museumsplanen frå 1994 berre om kva oppgåver det var aktuelt å ta i ferde med, men også om korleis ein skulle finansiere arbeidet. Museet håpte det var råd å få kommunane med på å finansiere ei ny stilling ved museet, ein person som i særleg grad skulle arbeide med dei oppgåvene som låg føre i kommunane. Dei samla kostnadane blei rekna til 400 000 kroner, og fordelinga av utgiftene mellom kommunen blei foreslått å følgje modellen for fordeling av bidraga til drift av Ryfylkerådet. Bidraga frå dei enkelte kommunane ville etter dette variere frå 10 900 for den minste, til 114 400 for den største, som var Strand. Tre kommunar slutta seg til dette, ein fjerde kunne bidra med halvparten av det beløpet som det blei søkt om.

Det gikk altså ikkje, men det blei gjort eit forsøk med ein ny runde, der ein håpte å få alle kommunane med dersom ambisjonen blei redusert til ½ stilling, og slik at tilskottsbetøpna frå dei enkelte kommunane blei redusert tilsvarende. Frå Strand blei det etter dette søkt om eit tilskott på kr. 54 700.

Kommunen sendte i første omgang ein administrativ uttale skriven av resultatenhetsleder Geir Danielsen. Han var positiv til planen, men tykte framleis det var for dyrt. Tilbakemeldinga var at det blei foreslått å setta av 25 000 til formålet, men at det kunne vera muleg å auke dette beløpet til 35 000. Det var likevel ei anna løysing som sto fram som meir attraktiv for Strand. Resultatenhetslederen peika i brevet til Ryfylkemuseet på at det i Strand var ein generell mangel på arbeidsressursar i kultureininga, men at det var behov for å styrke kulturvernarbeidet og den historiske profilen til kommunen. Det var derfor fremja forslag om at Strand kommune sjølv skulle opprette ½ stilling for ein kulturvernarbeidar. Danielsen problematiserte utvegen til å finne gode søkerar til to slike stillingar i Ryfylke samtidig, og foreslo etter dette at Strand kommune og Ryfylkemuseet kunne gå saman om å opprette ei heil stilling med kontorpllass på Jørpeland. «Med en filial av Ryfylkemuseet på

Jørpeland vil det totalt sett være enklere for Ryfylkemuseet å ivareta de regionale oppgavene det er satt til å utføre», meinte Danielsen. Hovudtuval for kultur slutta seg i eit seinare møte til desse synspunkta.

I strevet med å utvikle museet og skaffe det nødvendige finansielle grunnlaget for drifta, støytte Ryfylkemuseet ikkje berre på manglande vilje og evne til å støtte saka, men også på tankar om alternativ organisering av verksemda. Da saka blei lagt fram for museumsstyret på nyåret i 1995 måtte styraren konstatere at «det ville vera ei overdriving å kalle tilbakemeldinga på arbeidsprogrammet for entusiastisk». Av dei 8 kommunane som var spurte om å uttale seg hadde 2 svara positivt og 2 hadde stilt nye spørsmål. Ytterlegare 2 hadde svara positivt tidlegare. Men det var altså framleis berre halvparten av kommunane som såg syn på å utvikle eit regionalt museumsstell for Ryfylke. Etter dette var styraren «tilbøyelegr til å meine at ideen om organisering og finansiering av ei felles museumsteneste for kommunane i Ryfylke er mislukka». Eigentleg var det verre enn som så. Styraren uttrykte det slik: «Dermed fell og noe av pillarane vekk under den omorganiseringa vi har gjennomført for museet, og resultatet av den langvarige og arbeidsame prosessen vi har vore gjennom er at vi sit att med ei rekke forventningar i kommunane som vi ikkje har utveg til å innfri».

Vi håper lesarane har forståing for at det er eit poeng å minne om dette når museet stadig er blitt kritisert for å gjera for lite i kommunane. Strand kommune var mellom dei som stilt spørsmål ved ressursbruken til Ryfylkemuseet i dei indre kommunane, der museet satt med ansvaret for eit femtital bygningar, i forhold til innsatsen i dei ytre kommunane. Ryfylkemuseet hadde i 1995 ein stab med styrar og fagkonsulent i fulle stillingar, ein nyoppretta stilling for handverkar, ei halv kontorstilling og ei halv stilling til å arbeide med eit folke-musikkarkiv.

### Tilløp nr. 2 – Jørpelands bruk

Museet hadde i mellomtida engasjert seg i fleire tiltak i Strand. Det første var «Jørpelands Brug». I november 1990 fekk museet eit brev frå Strand Musikkklubb ved Henrik Pedersen med spørsmål om deltaking i arbeidet med etablering av eit kultursenter i Vågen på Jørpeland. Utgangspunktet var eit vedtak i styret for Stavanger Staal der «Fabrikken» i Vågen blei gitt bort til ei stifting eller til Strand kommune. Fylkeskultursjefen



Ryfylkemuseet blei invitert til å vera med i arbeidet med utvikling av Jørpelands Brug til eit industrihistorisk senter. Men tilliten til museet langt inne i fjorden var avgrensa. Vi fekk berre observatørstatus i styret.

hadde vore og sett på bygningen, og fann ideen om å bruke han til ulike kulturformål «svært interessant», og gjerne sett i samanheng med kraftstasjonen som låg like ved. Fylkeskultursjefen peika likevel på at det ville vera store utfordringar knytt til eit slikt prosjekt.

Huset var reist i 1891 og hadde vore brukt til ulike former for produksjon. I daglegtale var det omtala både som «sagbruket» og «fabrikken». Initiativtakarane til å ta huset i bruk til kulturformål var inspirert av suksessen til Hå gamle prestegard og ville by fram både kunst og kultur til nytte og glede både for lokalbefolkinga, regionen og reiselivet. I eit førebels romprogram blei det skissert rom for galleri med faste og skiftande utstillinger, musikkarrangement, teater, kafé, butikk, seminarverksamhet og formidling av lyrikk og annan litteratur. Den første oppgåva var likvel å restaurere huset. Det var truleg her museet kom inn.

Men det var ikkje noe ønskje om å gi museet noen innverkanad på beslutningane i arbeidet med å utvikle senteret. Ryfylkemuseet blei tilbydd ein observatørplass. Styret sa ja

takk til det. Men det var ingen særleg interessant posisjon, og deltakinga kom til å avgrense seg til uforpliktande rådgiving og deltaking i ulike synfaringar og idedugnadar. Dette var ikkje aldeles uproblematisk, og i ein uttale som blei lagt ved søknad om midlar frå Norsk kulturråd i 1992 fann Ryfylkemuseet å måtte peike på dette. Museet la stor vekt på å framheve den verdfulle og gode rehabiliteringa av bygningen og understreka at «tiltaket er eit verdfullt bevaringsarbeid som tek vare på eit interessant element frå den tidlege industrialisering i Ryfylke-regionen». Men la så til at «dersom ein får drege inn den eldre kraftstasjonen like ved huset, vil det utfylla samanhengen Jørpeland Brug står i».

Når det galdt dei kulturhistoriske ambisjonane ut over dette var museet meir spørjande: «Når det gjeld ønsket om å dokumentera det kulturhistoriske materialet – innhaldet i «museet» – (i vedtekten nemnt som «utstyr, redskaper og næringsaktivitetar iøvrig knyttet til lokalsamfunnet av historisk og nærværende art» (§2.2)) er det faglege grunnlaget meir uklart. Det vert nemnt som ei innvending her, av di dokumentasjon og

konservering er faglege felt og av di tiltaket har undertittelen Lokalhistorisk industrimuseum og kultursenter. Ein ideell bruk av museumsomgrepet tilseier ein fagleg tyngde i arbeidet med dokumentasjon og konservering. Styret for stiftelsen har i tillegg ingen faste representantar som skulle kunne ta i vare dei faglege synspunkta innafor kulturvernarbeid. Som musealt tiltak er Stiftelsen Jørpelands Brug diffust.»<sup>3</sup>

Meir interessant som eit muleg museumstiltak i Strand blei derimot eit tilbod som Jørpeland Brug fekk i 1992.

### Tilløp nr. 3 – Båtbyggjarverkstaden på Idse

Det var Inga S. Idse som hadde sett fram tilbod om å overlate båtbyggjarverkstaden etter far sin, Sven S. Idse (1901-1979) til Jørpelands Brug. Verkstaden var lokalisert til eit sjøhus i stranda nedafor garden hennar på Idse, medan ein del av reiskapen blei tatt vare på i eit uthus på garden.

Sjøhuset sto i ei rekke med sjøhus, 9 i alt, med større og mindre avstand mellom husa. Dei fleste husa var vanlege naust for oppsitjarane på Idse, med steinkarkaiar utforbi. Men eit av husa – mest for eit skur å rekne – inneheldt eit sagbruk, ei sirkelsag. Skuret var til nedfalls på dette tidspunktet, men sag, sagbenk og diverse anna utstyr var i etter måten god behald. Det hende at Sven Idse fekk skore materialar på



Sjøhuset til Inga Idse sto i ei rekke med i alt 9 sjøhus, og inneholdt ein komplett båtbyggjarverkstad. Tilboden om å få overta dette til museumsformål vår umåteleg interessant og løyste ut ei lang rekke med synfaringar og møte.

denne saga. Både far og bestefar til Inga Idse, begge med namn Sven, var båtbyggjarar. Den verkstaden som nå sto der var truleg bygt tidleg på 1930-talet og sto slik han sto da Sven Idse døydde i 1979. Huset var i reisverk og kledd med ståande over- og underliggjande bordkledning.

Det blei arrangert ei større synfaring til staden i juni 1992, der Ryfylkemuseet også var invitert. Vi uttalte etterpå at «verkstaden gjev ei eineståande og ekte dokumentasjon av ein einmanns båtbyggjarverkstad på eit visst tidspunkt, nemleg då båtbyggjaren døyde i 1979. Men gjennom det både gjenstandar og hus kan formidle, supplert med munnelge opplysningar/arkivmateriale etter båtbyggjaren, vil ein kunne danna seg eit bilet av utviklinga i denne verkstaden gjennom mange år, frå byrjinga av 1930-talet og fram til i dag. Dette er ein periode med ei rivande utvikling på så mange felt, og som det er viktig å få dokumentert».

Konklusjonen var etter dette at båtbyggjarverkstaden etter Sven S. Idse var vel verdt å ta vare på og at han var vel verdt å vise fram. Størst verdi ville han ha dersom han kunne vernast der han var. Men det ville vera mange oppgåver som måtte løysast før ein kom dit. Det handla om vedlikehald, sikring, registrering, kjeldestudier, intervjuarbeid og tilrettelegging for eit publikum. Ryfylkemuseet sa seg villig til å vera med på



I naustet sto både ferdige båtar, halvferdige båtar og materialar til nye båtar. Inga Idse hadde tatt all reiskap opp til garden og stelt fint med det. Det var eit eineståande høve til å dokumentere og formidle båtbyggjartradisjonane i Ryfylke.



Ein periode var det på tale at heile garden med båtbyggarverkstad, heimehus og inventar kunne bli museum. Men det laga seg ikkje slik at den tanken kunne realiserast.

dette, både i ein første vernefase og i ein seinare formidlingsfase, avhengig av korleis den framtidige funksjonen til Ryfylkemuseet som regionmuseum kom til å bli. Museet stille klare krav om å fastlegge kor det faglege ansvaret skulle ligge, og peika på at det ville vera naturleg om ansvaret for verkstaden blei lagt til museet. Dette var utgangspunktet for eit fleirårig engasjement for å få nødvendige avtalar på plass der Lars Fossåskaret, som blei tilsatt som kulturvernkonsulent i Strand kommune, kom til å bli ein viktig pådriver.

Etter kvart utvikla saka seg mot eit spørsmål om å overta heile gardsbruket, sjølv om dette reiste nye problemstillingar knytt til odelsrett, driveplikt og, ikkje minst, økonomi. Ryfylkemuseet var ikkje utan vidare begeistra for utsiktene til å få ansvar for enda eit gardstun med behov for tungt bygningsvedlikehald, men det blei arbeidd vidare med å avklare mulege vilkår for ei overtaking av verkstaden og/eller heile garden til kulturvernformål. På den andre sida var det eit engasjement i Strand for å bygge opp ei båtsamling. Det hadde alt vore møte og synfaringar for å vurdere mulege inntak av båtar til ei slik samling. Løa på Idse kunne vera ein interessant plass for oppbevaring og utstilling av småbåtar.

Den store utfordringa kom etterkvart til å handle om kva Inga Idse eigentleg ønskte. Di fleire synfaringar og møte som blei



Kjernen i eit budstadhús på Tjøstheim skulle vera gamle Strand bedehus og det eldste bedehuset i landet. Det vokt fram eit sterkt engasjement for å flytte og rekonstruere det opphavlege bedehuset.

arrangert di vanskelegare syntest det vera å nærme seg ei beslutning. Di fleire spørsmål som blei stilt til færre svar syntest det å vera. Og Lars Fossåskaret måtte slutte i stillinga si av di det ikkje lenger var pengar til han. Enden på visa var at prosjektet kokte bort i kålen, rann ut i sanda og at ingen riktig visste kva som kom til å skje med verkstaden og reiskapane som var i han.

#### Tilløp nr. 4 – Strand bedehus

Medan arbeidet med båtbyggjarverkstaden, og kanskje eit småbåtmuseum og eit kystgardsbruk på Idse var på det mest heftige, dukka det opp ei ny sak med enda større lokalt engasjement. Ei arbeidsgruppe med Tormod E. Nag i spissen inviterte til breitt samarbeid for å ta var på det første bedehuset i Norge. Bakrunnen var slik som det blir skildra i invitasjonen til eit større møte i september 1996:

«I lang tid har historikarar trudd at det første bedehuset i landet vart bygd i Hjelmeland i 1840. Gjennom lang og grundig forsking (og ved hjelp av andre) har Kristoffer Fjelde skrive ein omfattande rapport der han konkluderer med at det første bedehuset i landet vart bygd på garden Strand, tett ved kyrkja, i 1837.<sup>4</sup> Dette huset eksisterer enno! Det vart kjøpt av dåverande kyrkjetenar i 1898 og flytta heim på garden hans på

Tjøstheim. Her har det, noko ombygd, tent som bolighus fram til i sommar. Noverande eigar, Magne Tjøstheim, vil overdra huset til nye eigarar (t.d. ein stiftelse), for flytting og restaurering.»

Det same huset skulle og ha vore brukt som hus for det første kommunestyret, det første biblioteket og det første banklokalet i kommunen. Det var såleis mange grunnar til å interessere seg for huset. Planen var å flytte det til eit område ved kyrkja og tilbakeføre det til den utsjånaden det hadde da det tente som bedehus. Ryfylkemuseet blei bede om å delta i arbeidet som fagleg rådgjevar. Men ikkje berre det, Strand kommune ønskte også at Ryfylkemuseet tok på seg eigarskapet til huset og kostnadane med oppmåling og fagleg leiing av restuare-ringsarbeidet. Lars Fossåskaret var ei viktig støttespelar og pådriver i saka så lenge han hadde stillinga som kulturvern-leiar i kommunen.

Dette var ikkje heilt enkle spørsmål. For det første var det ikkje full semje mellom historikarane om dateringa av huset.

Det var såleis ikkje brennsikkert at det var det eldste bedehuset i landet. For det andre var det opp gjennom ára såpass endra og påbygt at det på dette tidspunktet framsto som eit forfalle hus med nokså uklart opphav. Kjernen i huset var framleis dei tømra veggene frå bedehuset, men det var få haldepunkt for korleis huset hadde sett ut, og altså da for ei restaurering.

På den andre sida var bedehuskulturen eit tema som Ryfylkemuseet burde interessere seg for, og aldersverdien og symbolverdien til dette huset var utan tvil stor. Ut over det vurderte ikkje museet bygningen som noe spesielt godt utgangspunkt for kunnskap om bedehuskulturen. Eit engasjement i bedehuset blei dessutan vege opp mot eit forventa ressurs-krevjande engasjement på Idse. Styret for Ryfylkemuseet fann såleis å måtte seja at det såg både faglege og økonomiske etterhald som gjorde det vanskeleg å gi dette prosjektet høg priorititet.

Dette la ingen dempar på interessa for å berge bedehuset,

*Bede-huskulturen var eit tema Ryfylkemuseet burde interes-sere seg for, men både fylkes-konservatoren og museet fann å måtte peike på at grunnlaget for rekonstruksjon var svakt. Mellom historikarar var det dessutan tvil om dette var det eldste bede-huset i landet.*



og det blei skipa eit andelslag for bedehuset i mai 1997. Men det skulle vise seg vanskeleg å skaffe både midlar og tomt til huset. Den aktuelle tomta blei nytta til jordbruk, men var i kommunedelplanen disponert til «offentlig og allmennnyttige område». Ei muleg påtenkt utnytting var reising av eit kyrkje-lydhus, utan at det var noen konkrete planar om det. Ei anna muleg utnytting var utviding av parkeringsplassen framfor kyrkja. Og ikkje nok med at både kyrkjeleg fellesråd og prestegardstilsynet og jordstyret måtte inn i bildet, Arkeologisk museum i Stavanger kravde punktundersøking etter fortidsminne på området. Etter dette fann ein etterkvart ut at det blei både for dyrt og komplisert å satse på denne tomta for gjenreising av bedehuset. Nå blei det arbeidd vidare etter to ulike spor.

Bedehusstyret heldt fast i at bedehuset måtte gjenreisast som sjølvstendig hus, og ga seg ut på leit etter ny tomt. Museet og kulturvernleiaeren utvikla tankar om at den delen av huset som ein var nokså trygg på at hadde vore det opphavlege bedehuset (den tømra stova) kunne innlemmast i ein moderne bygning. Derved oppnådde ein å ta vare på kulturminnet som det var utan at ein trøng gjennomførte ein rekonstruksjon som i mange spørsmål måtte bygge på gjetningar. Men ingen av spora førte fram. Aktuelle tomter kom i konflikt med reguleringssplanar, vegplanar og parkeringsplanar og når både kommunen, bedehusstyret, Kyrkjeleg fellesråd, vegvesenet, Arkeologisk museum i Stavanger og fleire grunneigarar blei involverte blei det vanskeleg og det tok tid. Ikkje var det lett å reise pengar til formålet heller.

I årsmeldinga til bedehusstyret for 2000 blir det konkludert slik: «Men om ting tek tid, er det framdrift i saka og ein viss optimisme». Så slutta Lars Fossåskaret i 2004 og det meste av optimismen med han.

### Ut på fjorden – dei første resultata

Vi har nemnt at det var interesse for å samle gamle bruksbåtar. Lars Fossåskaret fekk hand om eit par-tre slike, og fann plass til dei i eit naust. Der har dei ligge heilt til avisat Strandbuen begynte å interessere seg for kulturvernet i kommunen seinhaustes 2009.

Meir fres har det vore i arbeidet med å ta vare på motorkutaren Idsal. M/K Idsal var bygt i England som fiskebåt i 1874. Peder og Thore Idsal kjøpte båten i 1915 og brukte han som føringssbåt, seinare blei han kjøpt av Stavanger Electro-

Staalverk AS og brukt til fraktfart mellom Jørpeland og Stavanger. Etter fleire eigarskifte og ulik bruk fram til 1982 blei båten liggande som han var, men godt ettersett, båten var i rimeleg god stand og var eit godt grunnlag for eit verneprosjekt. I 1998 blei det etablert ei stifting som hadde til formål å starte restaurering av M/K Idsal, Riksantikvaren klassifiserte båten som verneverdig og det blei løyvd midlar til istandsetting ved Hardanger Fartøyvernsenter. Ryfylkemuseet blei konsultert under arbeidet med etablering av stiftinga og utarbeiding av søknadar om økonomisk støtte, men elles er dette eit prosjekt som har vore drive fram av frivillige krefter.

Så kom Strand vidaregåande skule på banen. Hausten 2002 inviterte skulen til idéudgnad der han saman med næringssjefen i Strand og andre ville «prøva ut nokre idear der den nære fortida skal kunne hentast opp igjen og gi oppleving og forståing av utvikling i eit lokalsamfunn». Det var godt formulert. Skulen ønskte å spele ei rolle som regionalutviklar og inviterte industrien, transportsektoren, kulturen og reiselivet med på laget. På ein idedugnad i september 2002 kom det opp ei rekke forslag til prosjekt, 22 i talet, pluss enda fleire lause idear. Mange av dei knytt til museums- og kulturverntiltak. Her er noen døme:

- Jordbruk i Selemork
- Stålverksmuseum, alternativt industrimuseum
- Kraftstasjonen i Dalen
- Maritimt opplevingscenter, inklusive båtbyggjarhistoria
- Mølleparken
- Lokalhistorie som valfag/studieretningsfag

Ein samlande ide var å utvikle eit museums-/opplevingstilbod kring Tau som knutepunkt mellom sjø og land, eventuelt mellom by og land, mellom Rogaland og Ryfylke (Tau som innfallsport til Ryfylke/kulturelt vegkryss) og mellom fortid, nåtid og framtid. Men i den vidare utviklinga av prosjektet kom museums- og kulturvernengasjementet meir i bakgrunnen, bortsett frå at det oppsto eit særleg engasjement rundt den gamle Tau-ferja som var til sals etter å ha gått som restaurantbåt i Stavanger i mange år. Det lukkast ikkje å mobilisere eit tilsvarande engasjement hos dei som måtte ha løyvd pengar til formålet, så det blei ikkje noe vidare verken med den gamle Tau-ferja eller samfunnsutviklinga.

## Museumsreforma – eit samla museumsstell for Ryfylke

Heilt frå det gamle Rogaland Folkemuseum blei gjort om til regionmuseum for Ryfylke i 1981 hadde intensjonen vore å drive museumsarbeid i alle dei åtte kommunane som etter organiseringa av regionar på 60-talet utgjorde Ryfylke-regionen. Men det hadde aldri vore pengar til å følgje opp intensjonane i praksis. Så kom ABM-meldinga, St.meld. nr. 22 (1999-2000) «Kjelder til kunnskap og oppleveling – Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet». Det var ei melding som reiste krav om ei «konsolidering» av museumsstellet i landet. Til gjengjeld lova staten meir pengar til musea. «Konsolidering» betydde i klartekst samanslåing av museum. Norge hadde fleire hundre museum, kor mange var det ingen som var heilt sikre på. Målet var å få færre, men fagleg og økonomisk meir robuste museum.

I Ryfylke var det i utgangspunktet ikkje så vanskeleg. Fylkeskommunen hadde for lengst tildelt Ryfylkemuseet eit overordna ansvar for museumsarbeidet i regionen, og det var ikkje andre museum med fast tilsett personell av noe omfang. Dei fleste bygdemusea var i kommunal eige. Kulturdepartementet hadde gitt uttrykk for at organiseringa av museumsarbeidet i Rogaland i fem museumsregionar var ei tenleg ordning. Ryfylkemuseet gikk derfor tidleg ut og inviterte kommunane til eit samarbeid. «Dersom vi lukkast med å organisere museumsarbeidet i Ryfylke på ein måte som svarar til føringane frå departementet, bør vi ha grunn til å vente eit vesentleg løft i ressurane til museumsarbeidet», skreiv vi til kommunane. Forventningane var store, men detasta med å komma i gang. Skulle vi ha von om å komma med mellom dei lukkelege, måtte avtalane vera på plass og søknaden produsert tidleg på året 2002.

Kommunane var positive, og i dei fleste kommunane fall avtalane om ein konsolidert museumsregion på plass i tide. Avtalen mellom Strand kommune og Ryfylkemuseet blei underteikna i februar 2002. Men det var ein nokså generell avtale, meir som ei viljeserklæring enn ein avtale om samarbeid om konkrete tiltak. Strand kommune og Ryfylkemuseet var samde om å «utvikle planar for, og soke å realisere tiltak som ivaretar dei funksjonane museumsverksemda og kulturminnevernet skal ha som samfunnsminne og møtestad i kommunen». Og det var ingen samlingar å snakke om, og dei som var ville Strand kommune halde fram med å eige sjølv.

Avtalen gikk ut på at «enkeltgjenstandar av museal karakter kommunen eig» skulle deponerast hos Ryfylkemuseet, men slik at dei skulle oppbevarast og visast i kommunen. Det blei aldri sett opp noe oversyn over kva gjenstandar dette kunne dreie seg om.

Museet tok på seg å «auke sitt engasjement i kommunen i takt med tildeling av nye stillingar og driftsmidlar frå Staten og Rogaland fylkeskommune, og med tilførte midlar frå Strand kommune». Kommune forplikta seg på si side til å stille til rådvelde driftsmidlar «av same omfang som kommunen bruker i dag, inklusive administrative ressursar som er knytt til arbeidsområdet».

Intensjonen var god. Men den administrative ressursen Strand kommune hadde på arbeidsområdet blei etter kvart trekt inn, og det som sto att av kommunale ressursar var ein tilskottssum på 12 000 kroner som kommunen tidlegare hadde gitt som årleg driftsstøtte til Strand bygdemuseum.

Ryfylkemuseet oppnådde ein auke i statstilskottet som ga grunnlag for opprettiging av ei ny stilling som formidlar. Dette gjorde at museet fekk noe større ressursar til å ta i ferde med dei oppgåvane som låg føre i kommunane, men det var på langt nær nok. Den vidare styrkinga av Ryfylkemuseet blei knytt til vernet av den store bygningsmassen museet hadde ansvaret for.

På den andre sida var det heller ikkje noe sterkt sug etter samarbeid med Ryfylkemuseet frå dei lokale aktørane. Forsøka på å få til eit samarbeid med Strand bygdemuseum gjør vi nærmare greie for i ein eigen artikkel om bygdemuseet. Stiftelsen Idsal greidde seg godt sjølv og entusiastane som arbeidde med Mølleparken tykte nok det var langt til Sand. Det mest konkrete som kom ut av dei første samtalane om mulege samarbeidsprosjekt var likevel tankar om eit muleg samarbeid om utvikling av Mølleparken, med særleg vekt på Bruksløa og kvernhusa. Dette kom etter kvart til å utvikle seg til det første, større museumstiltaket som Ryfylkemuseet kom i gang med. Det er ein eigen artikkel om Mølleparkens Venner annan stad i dette skriftet.

## Ifrå hedle te heng

I mellomtida hadde Asgjerd Taksdal i Strand mållag tatt kontakt med Ryfylkemuseet med spørsmål om det kunne la seg gjera å laga ei bok med lokal folkemusikk. Målet var å få til ei bok som kunne brukast i skulen og barnehagen. Her var samla



## EG RODDE PÅ SPRENG -IFRÅ HIDLE TE HENG

Songar, småstubar, rim og regler frå Strand



Strand mållag i samarbeid med Ryfylkemuseet

Ruth Anne Moen (red.)

I samarbeid med Strand Mållag samla Ryfylkemuseet ei rekke songar, småstubar, rim og regler frå Strand. Ein del av materialet blei publisert i boka «Eg rodde på spreng – i frå Hidle te Heng».

ein del stoff frå før, mellom anna av Holger Barkved og Olav Sande, men dette blei også starten på eit nytt innsamlingsarbeid. Etter kvart var det eit tjuetal informantar som fekk besøk og som hadde stoff å dele med museet.

Resultatet blei eit tilfang av songar, småstubar, rim og regler frå Strand som ga grunnlag for ei bok med tittelen «Eg rodde på spreng – ifrå Hidle te Heng». Forfattar var Ruth Anne Moen, som er ansvarleg for folkemusikkarivet ved Ryfylkemuseet. Boka blei gitt ut i samarbeid mellom Strand mållag og Ryfylkemuseet, og det følgde ein lære-CD med boka som var innsunge av Silje Vige. Silje Viga var også med da boka blei lansert i Villa Tau i november 2006.

Men dette var ikkje det einaste resultatet av innsamlingsarbeid i Strand. Opp gjennom åra har Strand vore med i mange av dei regionale prosjekta som Ryfylkemuseet har gjennomført, og stoff frå Strand er publisert i ei rekke publikasjonar som er gitt ut av museet (sjå rammetekst med oversyn over desse).

### Vatnegarden – porten til ryfylke

Også Stavanger Turistforening inviterte til samarbeid, om eit formidlingstilbod i tilknyting til den nye Preikestolen Fjellstue. Det vil seia, det starta med ein invitasjon frå Strand kommune i 2004 om å stille kompetanse til råvelde i arbeidet med restaurering av det gamle gardshuset på Vatne. Huset som hadde vore utgangspunktet for turistbesøka på Preikestolen. Men det blei meir fart i sakene da turistforeningen starta arbeidet med dei store planane for utvikling av Preikestolområdet.

Den nye Preikestolen Fjellstue skulle etter planen stå ferdig i 2008, og den store tanken var at kultur skulle vera eitt av dei tilleggsprosjekta som skulle gjera fjellstova til noe unikt og analleis og meir enn berre ein plass for overnatting og eting. Preikestolen Fjellstue skulle vera ein base for oppleving av Ryfylke, ein innfallsport til bygdene innafor, ein stad der turistane skulle få hjelpe til å forstå at det var meir enn ei spektakulær hylle i fjellet. Turistforeningen hadde endatil lakkast med å få eit lite tilskott frå Rogaland fylkeskommune til denne delen av utviklingsprosjektet sitt.

Det var stimulerande og det var kjekt. Svein Kåre Langeland var engasjert som arkitekt for rehabilitering av det gamle gardshuset, arkitektkontoret Helen og Hard hadde fått oppdraget med å planlegge den nye fjellstova. Vi la i veg med ambisiøse målformuleringar. Det skulle byggast ei integrert utstilling i fjellstova. Utstillinga skulle fylle ikkje mindre enn tre store mål:

- Synleggjera det norske verdigrunnlaget og tradisjon for fri-luftsliv
- Legge verdi til besøket på Preikestolhytta
- Generere turisttrafikk til andre delar av Ryfylke

Utgangspunktet var utstillinga «Turist i Ryfylke» som Ryfylkemuseet hadde produsert i samarbeid med Stavanger Turistforening i samband med landsmøtet til Den Norske Turistforening på Sand i 2003. Utstillinga hadde seinare vore på vandring i Ryfylke, og meininger var at delar av denne kunne vera eit grunnlag for utvikling av ei ny utstilling i fjellstova. Det

*Nye Preikestolen Fjellstove skulle bli eit informasjonssenter for og ein innfallsport til Ryfylke. I samarbeid med Stavanger Turistforening har Ryfylkemuseet produsert informasjonspanel utafor alle romma i soveromsfløyen. Her frå opninga i 2009. Rønnaug Foss Alsvik syng.*



blei planlagt å setta av areal til utstillingsformål både i fellesrom og på soveromma (punktutstillingar). Gardshuset på Vatne-garden skulle tilbakeførast og framstå som ei miljøavdeling som viste forholda på den tida turistferdsla til Preikestolen starta. Ute var det planar om å setta opp eit støttebygg i stavkonstruksjon.

Men det gikk ikkje helt slik som planlagt. Fjellstova blei dyrare enn berekna, planane blei endra undervegs, bygget blei forseinka, leiaren i turistforeninga blei sjuk, og da huset blei opna i april 2009 var dei store planane redusert til ei punktutstilling med 28 panel utafor soveromma. Panela orienterer med tekst og foto om stader og attraksjonar i Ryfylke og er eit lite bidrag til kunnskap om Ryfylke, men den store kulturvisjonen har nok bleikna noe.

### **Happy end?**

Soga om arbeidet til Ryfylkemuseet i Strand er ei soge om mange idear, om mange tilløp, om mange dagsverk og om noen vellukka resultat. Innsatsen står ikkje i forhold til resultatet. Vi har undervegs prøvd å peika på ulike årsaker til at det er blitt slik, men trur ikkje det er tenleg å grave oss altfor langt ned i det som har vore problematisk. Og Strand er ikkje den einaste staden der gode intensjonar og positiv vilje ikkje har vore nok for å nå dei store måla. Likevel er ikkje situasjonen riktig så stusseleg som dette avsnittet kan tyde på. Det går også an å brette ut ei meir positiv soge, der det kjem til syn eit mangfold av mindre aktivitetar.

Vi har ovanfor peika på at det er samla mye lokalhistorisk stoff i Strand som er publisert i ei rekke lokalhistoriske publik-

sjonar. Også på andre måtar har det vore drive innsamling og formidling av materiale frå Strand. I 1998 gjennomførte museet eit dokumentasjonsprosjekt om «Ryfylkematin». Mellom informantane var to frå Strand. Materialet frå dette prosjektet er seinare publisert i boka «Et»<sup>5</sup>. Året etter blei utstillinga «Bygningsvern i Ryfylke» vist i Torghuset. Utstillinga formidla ein del av det stoffet som hadde kome fram gjennom arbeidet med å dokumentere byggeskikken i Ryfylke. Og i arbeidet med det kulturelle mangfaldet har vi hatt stor glede av å bli kjent med innvandrar i Strand. På det private området gir museet råd og rettleiing til folk som arbeider med rehabiliterings- eller restaureringsprosjekt, t.d. om eit flott naust på Svines som var registrert som verneverdig i samband med den såkalla SEFRAK-registreringa.

Samarbeidet med Mølleparkens venner om eit utstilling i Bruksløa vil gje museumssarbeidet i Strand meir synleg. Når dette arbeidet nå blir knytt til soga om det gamle brukssamfunnet på Tau vil det fylle ein viktig regional funksjon. Bruks-samfunnet på Tau representerer den tidlege industrialiseringa i Ryfylke. Seinare kom smelteverket i Sauda og stålverket på Jørpeland. Overgangen frå bondesamfunnet til industrisamfunnet hadde også ein forlaupar med gruvedrifta i Allmannjuvet i Sauda, men fekk aldri den betydningen som grunnlag for etablering av eit nytt slags samfunn som mølle- og bryggeri-industrien på Tau.

Dermed er det som skjer i Mølleparken ein viktig lekk i dokumentasjonen av Ryfylke-historia, og eit grunnlag for å forstå utviklinga av regionen.


Roy Høibo (62) har vore styrar og direktør ved Ryfylkemuseet sidan 1981.

## Notar

- <sup>1</sup> Historia om utviklinga frå Rogaland Folkemuseum til Ryfylkemuseet er utført behandla i Folk i Ryfylke 2006.
- <sup>2</sup> Omtalen bygger på eit notat utarbeidd av Lars Gaute Jøssang 28.10.1987.
- <sup>3</sup> Medan referansen til «styraren» i denne artikkelen i hovudsak gjeld nærværende forfattar, er dette ført i pennen av vikarstyrar Ernst Berge Drange.
- <sup>4</sup> Kristoffer Fjelde: *Det første bedehuset i Noreg*, rapport 1995.
- <sup>5</sup> Et på kjokkenet i Rogaland. Stavanger 2002.

## Strand i lokalhistorisk litteratur fra Ryfylkemuseet

- Målfrid Snørteland (red.): *Folk i Ryfylke 1/86*, Ryfylkemuseet 1986  
Roy Høibo og Njål Tjeltveit: *Ryfylke – Liv og landskap*, Dreyer Bok/Ryfylkemuseet 1989  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 1990*, Ryfylkemuseet 1990  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 1991 – Tema: Møte*, Ryfylkemuseet 1991  
Roy Høibo og Njål Tjeltveit: *Kulturhistorisk vegbok Ryfylkevegen*, Ryfylkemuseet/Ryfylkerådet 1992  
Ernst Berge Drange (red.): *Folk i Ryfylke 1992 – Tema: Samvirke*, Ryfylkemuseet 1992  
Njål Tjeltveit: *Bygda sitt hjarta – Båtstoppestader i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 1993, 2. oppdag 1994  
Njål Tjeltveit: *Etterkrigs-Ryfylke – 50 år i forandring*, Ryfylkemuseet 1994  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 1995 – Tema: Strandstader i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 1995  
Trygve Brandal og Njål Tjeltveit: *Sau og hei – Sauehald og heiaføring i Ryfylke og på Haugalandet*, Ryfylkemuseet 1996  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 1996 – Tema: Husfliden i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 1996  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 1997 – Tema: Mat og måltider*, Ryfylkemuseet 1997  
Trygve Brandal og Njål Tjeltveit: *Geit og stol – Geitehald i Ryfylke og Nord-Rogaland*, Ryfylkemuseet 1998  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 1998 – Tema: Ung i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 1998  
Ruth Anne Moen (red.): *Den yndigste Rose – Julesalmar fra arkivet*, Ryfylkemuseet 1999  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 1999 – «Brødrene af Sand» og fjordafarten*, Ryfylkemuseet 1999  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 2001 – Tema: Byggeskikk i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 2001  
Roy Høibo og Karoline Høibo: *Den fleirkulturelle bygda – Rapport om innvandring i Ryfylke*, Ryfylkemuseet 2002  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 2002 – Tema: Folkemusikk*, Ryfylkemuseet 2002  
Trygve Brandal: *Turist i Ryfylke*, utstillingskatalog, Ryfylkemuseet 2003  
Roy Høibo (red.): *Folk i Ryfylke 2003 – Tema: Ryfylke*, Ryfylkemuseet 2003  
Ann Kristin Ramstrøm: *Migranten og kvardagslivet – ei undersøking av tru og kvardagsliv*, Ryfylkemuseet 2005



Ei dokumentasjonsprosjekt om «Ryfylkemat» omfatta også innsamling av materiale i Strand. Materialet frå prosjektet gikk seinare inn i arbeidet med boka «Et – på kjøkkenet i Rogaland».



*Det nye administrasjonsbygget på Sand blei opna 29. januar 2009. Attåt kontor rommar bygget verkstader, arkiv, magasin og atelier.*

# Årsmelding 2009

Vedtatt av styret 3. mars 2010

Arbeidsåret 2009 har vore eit svært framgangsrikt år for Ryfylkemuseet. Dei tilsette har gjort ein stor innsats på mange område og har tatt eit langt steg i utviklinga av institusjonen samtidig som det faglege nivået blir anerkjent av eit kvalifisert, internasjonalt publikum.

Manglande finansiering hemmar likevel den vidare utviklinga, og gjer at det faglege arbeidet og publikumstilbodet ikkje kan utvikle seg så raskt og i så stort omfang som ein kunne ønske.

## Nedanfor følgjer eit oversyn over noen høgdepunkt frå 2009:

- Den altoverskyggande hendinga var ferdigstillinga og innflytinga i nybygget på Sand. Det var eit stort løft for museet, som har gitt dramatisk betre arbeidsvilkår og som markerer museet fysisk som ein meir synleg institusjon.
- Utflytting frå Nesasjøhuset ga rom for ominnreiing av første etasje med nytt kjøkken og utvida butikk og kafé. Med dette har vi løfta publikumstilbodet generelt og fått eit uformelt møtelokale som har vist seg å fungere godt i mange samanhengar. Det vidare arbeidet med revitalisering av Nesasjøhuset held fram så langt det er midlar til det.
- Om ikkje dette var nok har vi også lukkast med å få reist ein lagerhall for store gjenstandar og bygningsmaterialar. Dette gjer lagerhaldet meir oversiktleg og effektivt. Samla sett har 2009 vore ein periode der dei fysiske rammene for verksamda er blitt svært mye betre.
- På det faglege området har avviklinga av årskonferansen til DEMHIST (ICOMs organisasjon for museum som arbeider med historiske hus) gitt oss ein suksess på linje med dei prisane vi tidlegare har mottatt. Tilbakemeldingane frå delatarane har vore overveldande positive og vi tillet oss å sitere frå takkebrevet frå Carl R. Nold som er styreleiar for the American Association of Museums: «I greatly enjoyed seeing the outstanding work you are doing in your museums



I det gamle Nesasjøhuset har vi innreia «Lolland kafé» i første etasje.

throughout Ryfylke. Your research, preservation, exhibits and programs are the equal of the best in the world of house museums. You should be very proud of all that you and your staff have accomplished.”

- Mindre iaugefallande, men viktig likevel er avsluttinga av arbeidet med gjennomgang og ordning av gjenstandssamlinga i magasinet på Åmøy. Dette er eit arbeid som har gått over fleire år, men som nå har gitt som resultat eit velordna magasin med godt oversyn over kva som er i samlinga. I samband med overflytting til nytt arkiv og magasin på Sand blir det gjennomført ein tilsvarande revisjon av samlingane.
- På bevaringsområdet gler vi oss dessutan over at restaureringsarbeida på Røynevarden er gjennomførte så langt som dei er finansierte. Løebygningen står att, men elles framstår

bygningane på Røynevarden som velstelte føredøme for bygningsvern på museum. Neste steg i planen for dei store restaureringsoppgåvene er Viga, men kvar dagen til bygningsavdelinga er også prega av mange små og noe litt større vedlikehalds- og reparasjonsoppgåver.

- Vi kan summere opp om lag 90 arrangement, aktivitetsdagar, foredrag og konserter. Det vil gå fram av årsmeldinga at dette har hatt god verknad på besøksstatistikken der vi i 2009 nådde eit høgdepunkt for besøk på eigne anlegg. Men det betyr også at dei tilsette har strekt seg langt for å halde eit høgt aktivitetsnivå.
- Da Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune vedtok å kjøpe Li og stille garden til disposisjon for Ryfylkemuseet hadde det gått 71 år sidan museumspioneren Peder Heskstad gjorde den første framstøyten for å sikre tunet for älmenta. Dette er den største enkelttilveksten i soga til museet.
- Det er sterke signal til musea om å ta i bruk den nye informasjons- og kommunikasjonsteknologien. Vi har ei oppgåande heimeside, vi har kome på nett med Archer-samlinga, vi har bidratt med materiale til netteutstilling for kulturmilneåret, og har tatt i bruk sosiale media i kommunikasjon med omverda.
- Arbeidet med innsamling av folkemusikkmateriale i Lund er ferdig. Det er underveis i arbeidet levert fleire artiklar til årskriftet for Lund historie- og ættesogelag og det blir nå arbeidd med manus og CD for publisering av ein del av materialet.

### **Organisering av verksemda**

Museet er sidan 1991 organisert som ei sjølveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

### **Venneforeininga**

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 412 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Det var 13 færre enn året før, men 132 færre enn for 10 år sidan. I 2000 hadde museet 544 medlemmar. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

| Kommune    | 2008       | 2009       |
|------------|------------|------------|
| Forsand    | 5          | 2          |
| Strand     | 14         | 14         |
| Hjelmeland | 44         | 44         |
| Suldal     | 143        | 145        |
| Sauda      | 52         | 44         |
| Finnøy     | 34         | 31         |
| Rennesøy   | 29         | 29         |
| Kvitsøy    | 5          | 5          |
| Andre      | 99         | 98         |
| <b>SUM</b> | <b>425</b> | <b>412</b> |

Det blei halde årsmøte for medlemmane i nybygget på Sand 26. mars.

I styret for venneforeininga sit Audun Rake (leiar), Strand, Jorunn Strand Vestbø, Finnøy og Kristoffer Nødland, Sauda. Solveig Sande, Kvitsøy og Anne Britt Solland, Sauda er varafolk.

### **Styret**

Styret har 13 medlemmar:

#### *For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):*

Terje Hidle, Finnøy (leiar) Vara: Audun Rake  
Kristoffer Nødland, Sauda Vara: Lars Olav Fatland

#### *For kommunane (valde av kommunestyra):*

|                                |                            |
|--------------------------------|----------------------------|
| Thor Håland, Forsand           | Vara: Reidar Thu           |
| Einar Berge, Strand            | Vara: Birgit Hjelbak       |
| Ingjerd Nicolaysen, Hjelmeland | Vara: Olav Hetland         |
| Tormod Skeie, Suldal           | Vara: Kari Vaage Gjuvslund |
| Gro Voldner Birkeland, Sauda   | Vara: Knut Risvold Aalvik  |
| Heidi Skifjell, Finnøy         | Vara: Grethe Kolbjørnsen   |
| Bjørg Vestbø, Rennesøy         | Vara: Christoffer Hausken  |
| Anders Nordbø, Kvitsøy         | Vara: Monika Høie          |

#### *For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):*

Ellen Solheim Vara: Rune Tvedt



Styret på synfaring til Li. Frå venstre: Kristoffer Nødland, Anders Nordbo, Åshild Marie Øverland, Ellen Solheim, Terje Hidle (nesten gøymt), Christoffer Hausken, Heidi Skifjell, Einar Berge, Tormod Skeie, Trygve Brandal og Thore Håland.

For dei tilsette:

Trygve Brandal

Åshild Marie Øverland

Vara: Sanja Ignjatic

Vara: Ruth Anne Moen

Arbeidsutvalet (Terje Hidle, Tormod Skeie, Einar Berge, Ellen Solheim og Trygve Brandal) har hatt eitt møte og behandla 2 saker.

Styret har hatt 3 møte og behandla 18 saker.

## Tilsette

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

### Faste stillinger:

Roy Høibo, direktør

Sanja Ignjatic, kontorleiar

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (50%)

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar formidling og samlingar (80%)

Bernd Elmies, arkivar, (80%)

Åshild Marie Øverland, formidlar (60% ti 16.08, deretter 80%)

Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga

Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsleiar

Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsteknikar

Ruth Anne Moen, konservator folkemusikkarkivet

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

### Prosjektstillingar:

Kristin Bolstad, prosjektmedarbeidar/vikar, til 16.08

Tone Alise Årtun, prosjektmedarbeidar/vikar, frå 12.10

### Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Laurentsa Wigestrød, museumsvert

Audun Magnus Skjelbreid, omvisar

Sveining Søyland Moen, museumsvært

Vanja Ignjatic, museumsvert og ekstrahjelp

Lars Kristian Bakka, ekstrahjelp

Kåre Østerhus, omvisar

Tor Sivert Gunnes, omvisar

Siri Høibo, tolk

Hanna Yusuf Hussein, kokke

Anne Elisebeth Skogen, forteljar

Øystein Nilsen, musiker

Anna Ytterdal, omvisar

Svein Harald Nielsen, ekstrahjelp

Katalin Rostas, reinhaldar

Ellen Trevland, reinhald

Knut Aalvik Risvold, aktivitør

Ola Lagarhus, foredragsholder

Oddgeir Heggland Randa, gartner

Gunvor Bakka, omvisar

Frode Kristensen, museumsvert

Marie Meidell Kristensen, museumsvert



Delar av personalet på tur til Preikestolen etter avslutta personalseminar i november 2009. Frå venstre: Bernd Elmies, Grete Holmboe, Ruth Anne Moen, Åshild Marie Øverland, Trygve Brandal og Tone Alise Årtun.

Bård Drange, museumsvert

Anita Svendheim, museumsvert

Melissa Weerstand, museumsvert

Marian Langenberg, museumsvert

Diandra Langenberg, museumsvert

Jon Jelmert, instruktør

Steinar Ofsdal, instruktør

Gro Marie Svidal, instruktør

Kim Andre Rysstad, instruktør

Siri Dyvik, instruktør

Ellen Synnøve Hoftun, julenisse

Iselin Apeland, registrator

Else Moe Smidt, foredragsholder

Svetlana Michalsen, musikar

### Praksisplassar

Alf Daniel Skåre Grov, Sauda vidaregåande skule

Iselin Apeland, «Læring i næring», Sand skule

Til saman har museet hatt arbeidsgjevaransvar for 13 årsverk, praksisplassane ikkje medtatt.

Sjukefråveret har vore på 2,70%. Det er ein reduksjon frå 3,63% i 2008.

## Frivillig arbeid

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde «Brødrene af Sand» i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet.

På Kvitsøy har vennegjengen deltatt aktivt i arbeidet med å bygge opp og drive Hummarmuseet.

På Rennesøy har folk frå bygdekvinnelaget og historielaget tatt på seg verkskapet på Bakken.

På Håland har Erfjord grenadautval nemnt opp eit gardsstyre som deltar i arbeidet med tilsyn og stell av hagen.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

Museet drar også nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidar-

museet. Museumslaget har i meldingsåret særleg engasjert seg i arbeidet for vern og bruk av Søndenå kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Vi har eit samarbeid med frivillige i Foreininga Suldalsdampen om seglingar med D/S Suldal på Suldalsvatnet.

I arbeidet med etterreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. I år har det vore stor innsats i restaureringsarbeida på Røynevarden.

I arbeidet tradisjonsmusikk frå Lund har folk frå lokalmiljøet vore med på planlegging og innsamling.

I tillegg til dette har ei rekke enkeltpersonar stilt opp for oss i arbeidet med ulike arrangement. I år særleg under avviklinga av den internasjonale konferansen for ICOM/DEMHIIST.

## Kvalitetssikring

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Ryfylke HMS-senter. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.



Vi samarbeider med Foreininga Suldalsdampen om seilingar frå Kolbeinstveit om sommaren. Foto: Anne Lise Norheim.

Venneforeininga for «Brødrene af Sand» har tatt på seg eit stort ansvar for istandsetting, vedlikehald og drift av jekta like sidan museet kjøpte ho i 1997.

Museet blei i 2008 meldt inn som IA-bedrift. Innmeldinga er i år følgt opp med kursing og iverksetting av praktiske tiltak.


Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette prøver vi å delta på møte, kurs, seminar og konferansar innafor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjoner for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklende aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2009. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

#### Rammevilkår


Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, fylkeskommunen, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilstskott, tilskott til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, medlemspengar, sal, kurs m.v.

Det er særleg Museumsreforma som har gitt grunnlaget for den veksten i løvyingane som museet har fått dei siste åra. Museumsreforma er eit statleg program for vidareutvikling av musea. Summen av bokførte inntekter var på snautt 10 mill. kr. Av dette utgjord driftstilskotta 7 mill. kr. Fordelinga av inntekten til museet kan framstilla slik:



Kulturdepartementet bidrar med det største tilskottet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen, Suldal. Eigeninntekten omfattar sal av bygdeboktenester til Suldal kommune. Prosjektinntekter er omframme gåver og tilskott til særskilte prosjekt eller investeringar.

Kulturdepartementet understrekar i sitt tildelingsbrev at «fylkeskommunane, vertskommunar og kommunar som nyt godt av kompetansen, formidlinga og andre tenester frå



Nybygget har gitt museet gode arbeidsforhold og Sands beste møte-rom.

musea, har eit grunnleggjande delansvar for finansieringa av musea». Det går fram av figuren at kommunane ikkje tar dette ansvaret inn over seg. Utanom vertskommunen Suldal er det berre Sauda kommune som gir eit driftstilskott av noe omfang.

### Museumsbygg

Dei første planane for eit byggeprosjekt som skulle omfatte magasin, verkstad og kontor blei lagt fram i 1989. Ved starten av meldingsåret var huset ferdig. Det blei feira med offisiell opning 29. januar.

Huset har ei grunnflate på 375 m<sup>2</sup>, er bygt i 2 ½ etasje og har eit totalareal på 900 m<sup>2</sup>. Det gir rom for verkstad, inntaksrom, magasin og arkiv i første etasje, atelier, møterom og kontor i andre etasje, og lager, teknisk rom, møterom og ein hems i tredje etasje. Bygningsavdelinga, folkemusikkarkivet og dei prosjektilsette har fått rom i nybygget. Leiinga, administrasjonen og den utoverretta verksemda har rom i Nesasjøhuset som framleis skal vera publikumsbygget på Sand.

Samla kostnad for nybygget blei 23,5 mill kr. mot budsjettet 23,4 mill. Bygget er finansiert med tilskott på 7,8 mill. kr. frå kvar av partane Kultur- og kyrkjedepartementet, Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune. Meirkostnaden på 100 000 blir dekka av oppsparte midlar.

*Desse har deltatt i realiseringa av prosjektet:*

|                       |  |
|-----------------------|--|
| Arkitekt              | Per Fremmersvik, Kon-Sul AS,<br>Sand                     |
| Interiørarkitekt      | Grete Holmboe, Ryfylkemuseet                             |
| Prosjekteringsgruppa  | Boye og Waage AS og Rambøll<br>Norge AS, begge Stavanger |
| Byggeleiar:           | Inge Hoftun, Kon-Sul AS                                  |
| Grunn og betong       | B&G Suldal   |
| Ventilasjon           | Klima og Energiteknikk, Sauda                            |
| VVS                   | Svein Klungveit, Sand                                    |
| Elektro               | Sauda installasjon                                       |
| Maling og tapetsering | Fjeldskårstad Gulv, Kopervik                             |
| Heis                  | TKS Heis, Nærø   |
| Telefon og data       | Umoe IKT og Relacom                                      |

### Museet som samfunnsminne

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Dette gjer vi gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring.

### Bygningar

Bygningssamlings til Ryfylkemuseet er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar i eiga til museet 56. Bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

| Kommune    | Stad          | Tal bygningar |
|------------|---------------|---------------|
| Hjelmeland | Viga          | 10            |
| Suldal     | Håland        | 3             |
|            | Jelsa         | 1             |
|            | Sand          | 1             |
|            | Kvæstad       | 1             |
|            | Ritland       | 4             |
|            | Kolbeinstveit | 13            |
|            | Øystad        | 2             |
|            | Røynevarden   | 6             |
| Sauda      | Hustveit      | 11            |
|            | Åbø-byen      | 2             |
|            | Slettedalen   | 1             |
| Rennesøy   | Bakken        | 1             |
| <b>SUM</b> |               | <b>56</b>     |



*Etter at museet like sidan 1938 hadde deltatt i arbeidet med å verne Li-tunet, laga det seg brått slik at det kunne sikrast for ålmenta hausten 2009. Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune spleisa på kjope-summen og vi har fått ei fantastisk tilvekst til bygningssamlingsa.*

I tillegg til ansvaret for desse bygningane har museet inngått avtale med Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune om drift og vedlikehald av 14 bygningar på Li. Denne avtalen var ved årsskiftet ikkje underskriven av alle partar.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi er tildelt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Kompetansehevinga har ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne er dessverre dårlegare enn vi tidlegare har rekna med, og det er avdekkja eit stort etterslep på vedlikehald. Vi ser også at endring mot eit våtere og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Med den nye handverkarstillinga frå 2007 har vi fått ein god auke i kapasiteten. To handverkarstillingar er likevel ikkje nok for å ta vare på bygningsmassen på ein tilfredsstillande måte. Gjennom det nasjonale nettverket for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket) har vi derfor



Arbeidet med restaurering av Røynevarden har vore ei stor og viktig oppgåve dei siste åra og der vi har hatt mange gode hjelparar. Sauda vg. skule, avd. Sand var med og sette i stand eldhuset.

tatt opp arbeidet med å gjera departementet merksam på den store utfordringa som er knytt til den delen av bygningsarven som er verna på museum.

I 2009 er den største ressursen sett inn på å redde bygningane på husmannsplassen Røynevarden i Suldal. Arbeida der, med unntak av løa, er sluttførte dette året. Dette blei markert gjennom ei gjenopning av staden i august.

### Fartøy

Museet eig 12 mindre båtar og Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand».

Venneforeininga for «Brødrene af Sand» har også i 2008 tatt hovudansvaret for drifta av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Venneforeininga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag.

### Gjenstandar

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar: (Sjå tabellen til høgre.)

I tillegg kjem ei samling av inventar, reiskap og utstyr på Li som vil inngå i samlingane som deponi etterkvart som dei blir registrerte.

Etter at det i fleire år har vore gjort eit systematisk arbeid



Li-tunet er ikkje berre ei samling gamle bygningar, her er også det meste av inventar og utstyr bevart. Det er ting som fortel ei kvarde historie gjennom fleire generasjonar. Bildet er frå det registreringsarbeidet som museet har gjennomført.

| Kommune       | Stad          | Tal gjenstandar | Av desse     |              |               |
|---------------|---------------|-----------------|--------------|--------------|---------------|
|               |               |                 | Registrert   | Katalogisert | Kat. i primus |
| Forsand       | Kommunehuset  | 700             | 0            | 640          | 0             |
|               | Bergevik      | 500             | 0            | 0            | 0             |
| Hjelmeland    | Dalen skule   | 591             | 225          | 229          | 208           |
|               | Viga          | 2192            | 2192         | 2192         | 2170          |
| Suldal        | Vågen         | 1688            | 1348         | 1348         | 1348          |
|               | Håland        | 854             | 854          | 854          | 854           |
| Jelsa         | Jelsa         | 67              | 0            | 0            | 0             |
|               | Sand          | 2221            | 2221         | 1301         | 1301          |
| Kolbeinstveit | Kolbeinstveit | 1082            | 1082         | 1082         | 1082          |
|               | Røynevarden   | 359             | 359          | 359          | 359           |
| Sauda         | Kvednahola    | 44              | 0            | 0            | 0             |
|               | Hustveit      | 527             | 527          | 527          | 527           |
| Åbø-byen      | Åbø-byen      | 539             | 539          | 489          | 489           |
|               | Sauda museum  | 1227            | 1227         | 186          | 186           |
| Finnøy        | Bygdamuseet   | 1700            | 1669         | 1669         | 0             |
| Rennesøy      | Kulturhuset   | 165             | 0            | 0            | 0             |
|               | Bakken        | 100             | 0            | 0            | 0             |
| Mosterøy      | Mosterøy      | 455             | 455          | 0            | 0             |
|               | Åmøy          | 3084            | 2784         | 2784         | 2784          |
| Kvitsøy       | Ydstebøhavn   | 348             | 348          | 0            | 0             |
| <b>SUM</b>    |               | <b>18443</b>    | <b>15830</b> | <b>13660</b> | <b>11308</b>  |

med katalogisering av gjenstandssamlingane, har katalogiseringsarbeidet i 2009 hovudsak vore retta mot foto. Men kapasiteten på katalogisering har vore redusert fordi medarbeideren som arbeider mest med dette har vore engasjert med prosjektarbeid (arkivsikring). Dette året er det katalogisert 120 gjenstandar i dataprogrammet Primus. Til saman er 11308 av museets gjenstandar katalogiserte i Primus.

I Viga har registreringsarbeidet halde fram, og det er nå registrert 2192 nummer der. Dei fleste er konserverte. Med dette er det meste av gjenstandane i stabburet, eldhuset, Sisselastova og hovudhuset registrert. Arbeidet blir utført av Åse Jensen, som arbeider frivillig for oss. Gjenstandssamlinga i Viga deponert hos museet av tidlegare eigar av bygningane.

Tilveksten til gjenstandssamlingane var på 65 gjenstandar frå 10 forskjellige private gjevarar. Gjevarane var Klara Mehus,

Sauda, Inger Johanne Zimmermann, Tyskland, Ellen Gurine Vigane, Johanne Marie Ronæs Heggebø, Ølen, Endre Eide, Sand, Gunn Meling, Sand, Borghild Knutsen, Kvitsøy, Carl Egil Buch, Haugesund, Sand leikarring og Alliance Apotek, Sand. Vi har fått tilbod om gjenstandar frå fleire andre i tillegg, men dei har vi takka nei til av ulike grunner.

Hovuddelen av den magasinerte gjenstandssamlinga er plassert i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy. Her har arbeidet halde fram med ordning av det materialet som tidlegare er flytta dit. Vi har no kome så langt at vi har rimeleg godt oversyn over gjenstandsmassen i magasinet vårt på Åmøy.

#### Naturhistoriske samlingar og landskapsvern

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å

formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 130 tre av 93 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Det er gjennomført hogging av ein del av trea i den eldre delen av hagen for å gi meir plass til dei som står att, og frukttre vart skorne i april. Så godt som alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd har museet i lengre tid arbeidd med restaurering, tilrettelegging og skjøtsel av det eine bruket på Hustveit i Sauda. Gjennom bruk av forkjøpsrett har Staten her sikra seg eit unikt naturområde som strekker seg frå fjorden og opp til høgaste heia. Potensialet for bruk til kultur- og naturhistorisk formidling, undervisning og friluftsformål er stort. Frå museet si side har vi satsa mye på å følgje opp samarbeidsavtalen, og har i år fullført arbeidet med gjenreising av løa på garden. Denne vil gi oss rom både for utstillings- og undervisningsformål. Det er utarbeidd revidert plan for vidare utvikling og drift av anlegget. Denne er lagt til grunn for søknadar om omframme tilskott til gjennomføring av tiltaka.

## Foto

Vi reknar med at museet har ei fotosamling på kring 82 400 nummer.

Av desse er 8 600 avfotograferingar av eldre bilde som er lant inn frå dei som eig bilda.. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bildene er katalogiserte og lagt inn i database i programmet Primus, men berre ein mindre del saman med digital kopi av bildet. Etterslepet på katalogisering gjeld om lag 1000 foto. Katalogisering av dei øvrige samlingane er mangelfull, eller heilt fråverande, og det er heller ikkje aktuelt å tenkje seg at ein skal kunne utarbeide gode katalogar for alle samlingane.

I 2009 har vi registrert ein tilvekst på eigne opptak på 1651 digitale foto. Av gjenstandsfoto er det tilført 1716 stk. 842 av desse er foto av gjenstandar i Hjelmeland bygdemuseum. Dei er tilførte arkivet som fargedias i original og som digitale kopiar. Under registreringa av gjenstandane på Li på slutten av 2009 vart det teke 834 digitale foto av gjenstandar der. I tillegg er 40 andre tilvekstførte gjenstandar fotograferte. 11 papirfoto i original er tilvekstførte. Samla tilvekst blir såleis 3378 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 563 foto (dias og



Den første fotosamlinga er publisert på nett. Det er den fantastiske samlinga etter Alice Lima Hay Archer, som var langtidsgjest på Sandei rekke år mellom 1884 og 1914. Her er ho fotografert omgitt av mann og fem av dei seks barna. Bildet er truleg tatt like før 1900.

negativar) i fotoarkivet. 500 av desse er kulturhistoriske foto frå Hjelmeland som vi fekk digitalisert av prosjektmedarbeidaren i Fotonettverk Rogaland, sidan vi er partnerar i det prosjektet.

Fotosamlinga etter Alice Archer på 633 foto er ferdig katalogisert i Primus dette året. Samlinga er publisert på internett i sin heilskap på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske museum, [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no). Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga ligg likeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, [www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher](http://www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher). Det ligg lenke til desse nettsidene på Ryfylkemuseet si heimeside.

## Video og film

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 145 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smallfilmar, og av dei 86 andre er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles. Tilveksten i 2009 var på 4 nummer (2 dvd, 1 cd, 1 VHS-video).

## Lydband

Lydbandsamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1075 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Lyden er registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kasettar, DAT-kasettar, mini-

disk og digitale lydfiler. Noe over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men teksten er ikkje lagt i noen form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk.

Det er registrert ein tilvekst på 16 lydopptak i meldingsåret. 15 av dei er intervju gjort i samband med ulike prosjekt, dei fleste innanfor Common Ground-prosjektet, som vi driv i samarbeid med Stavanger 2008. I bedehusprosjektet er det til saman gjort 4 opptak, 3 i 2008, 1 i 2009.

Ved innsamling av lyd bruker vi nå harddiskopptakar og materialet blir lagra på server som digitale lydfiler.

### Privatarkiv

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 116 arkiv. Noe av materialet er ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 75 hyllemeter.

Tilveksten i 2009 var på 6 privatarkiv. 24 hyllemeter med arkivmateriale frå Ryfylke folkehøgskule på Sand var den klart største tilveksten. Vi har teke inn noko materiale frå skulen også tidlegare. Andre arkivskaparar til dei tilvekstførte arkiva var Hylsfjord rutelag, Suldal kvinnelag, barnelosjen Ryfylke, Sand, Sand Realskule og Olav og Margit Ronæs, Sand.

Det nye museumsbygget på Sand rommar også gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet vil bli oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv. Berre vårt eige saks- og rekeskapsarkiv vil av praktiske grunnar bli verande att i Nesasjohuset. I samband med overføring av arkivet til det nye bygget blir det gjennomført ei revidering av arkivet som delvis er finansiert av stiftinga UNI.

Det digitale arkivet blir sikringskopiert hos Kultur IT på Lillehammer.

### Bibliotek

Det er i 2008 registrert ein tilvekst på 149 bøker. 75 er innkjøpt faglitteratur til biblioteket, 74 er eldre bøker vi har teke inn til museet. Gjevarane var Liv Bratland, Sauda, Johanne Marie Ronæs Heggebø, Ølen og Borghild Knutsen, Kvitsøy. Samla omfattar biblioteket truleg ca. 3150 bøker.

### Dokumentasjon og forsking

Ryfylkemuseet har eit langsigttig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Manuskript til historia om folk og gardar i gamle Jelsa kommune skal vera ferdig i 2010-2012.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjons-handverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

I samarbeid med styret i bedehuset «Bethel» på Finnøy er det utarbeidd plan for og søkt om midlar til eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om bedehuskulturen. Arbeidet med innsamling av materiale kom i gang i 2009

Med støtte frå Stavanger 2008 har det vore arbeidd med eit prosjekt for dokumentasjon av innvandring frå Nederland og Tyskland kalla «Common Ground». Prosjektet blir avslutta i 2010.

### Museet som møteplass

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

### Vitalisering av publikumstilbodet – «Mitt Ryfylke»

Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som hører museet til. Vi forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt med-



Nybygget har gitt grunnlag for omdisponering av plassen i Nesasjohuset, og vi har m.a. fått eit større og betre bibliotek. Her er det Bernd Elmies og Trygve Brandal som har stilt opp for fotografen.



Første tiltaket i arbeidet med prosjektet «Mitt Ryfylke» blir ei utstilling om brukssamfunnet Tau. Utstillinga skal stå i «bruksløa» i Mølleparken, ved sida av den flotte «Villaen» som det her er bilde av.

vit og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen. Etter søknad har Ryfylkefondet gitt tilskott på til saman 2,5 mill. kr. for tiltak i dei kommunane som er med i Ryfylke IKS. På dette grunnlaget blir det arbeidd med detaljplanar og tilleggsfinansiering for fleire tiltak under hovudtitelen «Mitt Ryfylke». Prosjektet er ein del av merkevareprosjektet til Ryfylke IKS.

#### Følgjande tiltak er under utvikling:

Det er innleia eit samarbeid med Strand kommune, Mølleparkens venner og Strand bygdemuseum om etablering av eit utstillingstilbod med arbeidstittelen «Mjøl og øl» i Bruksløa på Tau. Det er det gamle brukssamfunnet som vil vera i fokus for utstillinga. Det har vore arbeidd med finansieringa i 2009. Vi reknar med at dette skal føre til konkrete tiltak i 2010.

Det er lagt planar for omfattande restaurering av bygningane i Viga. Arbeidet har starta, men det er parallelt arbeidd for å reise omfram finansiering til vidareføring av arbeida. Om vi lukkast ønskjer vi å følgje opp restaureringa med reising av eit servicebygg for publikum og etablering av eit publikumstilbod knytt til levemåte og livsstil i landbruket, med særleg vekt på historia om frukt- og bærdyrkinga i Ryfylke.

På Sand er det sett i gang arbeid med ei revitalisering av Nesasjøhuset på Sand der det permanente tilbodet har gjen-

nomgått lita utvikling sidan det blei etablert først på 1990-talet. Det er etablert nytt kjøkken og ny kafe og det blir arbeidd med fornying av lysopplegget i huset. Innafor ramma til løvinga frå Ryfylkefondet er det planar om å etablere ei samlande utstiling med arbeidstittelen «Mitt Ryfylke» i Nesasjøhuset. Utstillinga er planlagt opna i 2011.

På lengre sikt (2012-2013) har vi planar om eit prosjekt for dokumentasjon og formidling av sand- og steinindustrien med utgangspunkt i Forsand, og ei tilsvarande prosjekt for veksthusnæringa med utgangspunkt i Finnøy og Rennesøy.

#### Andre utviklingstiltak

I Kvitsøy blei tredje og siste avdeling i Hummermuseet, utstillinga «Båten og motoren» opna til sommaren 2009. Med dette er det gjennom dei siste åra etablert ei museumsavdeling med tre utstillingar med høg standard i Kvitsøy.

Etter rekonstruksjon av løa på Hustveit blir det arbeidd med etablering av robuste utstillingstilbod om garden og kulturlandskapet. I meldingsåret har vi fått på plass straumforsyning i løa. Dei første utstillingane vil bli opna i 2010.



Kvitsøy har vore eit satsingsområde gjennom fleire år. I 2009 opna vi den tredje utstillinga i hummarmuseet, eit utstilling kalla «Båten og motoren». Hummarmuseet held til i sjøhuset midt i bildet. Nå har kommunen også kjøpt fiskemottaket på venstre sida, som gir utweg til å tenkje ei vidare utvikling av museumsarbeidet på Kvitsøy.

## Lølandsenteret

I samarbeid med stiftinga Rasmus Løland-markeringa har museet tatt på seg å arbeide for etablering av eit senter for nynorsk barnekultur og –litteratur i tilknyting til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 og gjennom heile 2009 har det vore arbeidd med finansiering av tiltaket. Dei første løyvינגane kom på plass i budsjettet for 2010 og det blir nå arbeidd for å få til ei opning i samband med 140 års-markeringa for fødselen til Rasmus Løland i 2011.

## Utstillingar

Museet har hatt desse tema-utstillingane i meldingsåret:

- 01.01–31.12 *Strandstaden Sand*, permanent utstilling på Nesa-sjøhuset
- 01.01–31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
- 01.01–31.12 *BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset Meieriet, Viklevåg
- 01.01–31.12 *Frå teine til sølvfat*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 01.01–31.12 *Fiske året rundt*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 05.04–31.06 *Kunst i stav – stav i kunst*, Lyngheisenteret, Hordaland
- 17.04–31.12 *Stader i Ryfylke*, permanent punktutstilling på Preikestolen Fjellstue
- 14.06–31.12 *Båten og motoren*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 16.09–31.10 *Butikkfasadar. Ei utstilling om fasadar i Gata på Sand for 100 år sidan*, SR-bank, Sand, i samarbeid med Fortidsminneforeningen
- 17.09–15.11 *Butikkfasadar. Ei utstilling om Varelageret i Åbøbyen*, Møteplassen, Sauda, i samarbeid med Fortidsminneforeningen
- 13.10–29.11 *Kunst i stav – stav i kunst*, Karmsund folke-museum, Haugesund

Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:

Sjøhuset i Bergevik, Forsand – heile veka

Viga – laurdag-søndag

Skulemuseet på Jelsa – laurdag-søndag

Nesasjøhuset, Sand – heile veka (vintersesongen ope på kvardagar)



Mellan dei meir småålene utstillingstakta er ei punktutstilling i den nye Prekestolen Fjellstue. Her har vi vore med og funne fram tekster og foto til ein korridorutstilling som formidlar litt kunnskap om den delen av Ryfylke som folk er i når dei besøker Prekestolen.

Kolbeinstveit – tysdag-søndag

Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen, Sauda – daglege omvisinger

BibMus, Rennesøy – heile året i oppningstidene til biblioteket

Bakken, Rennesøy – søndag

Kvitsøy Hummermuseum – søndag

I tillegg til dei faste opningstidene har det vore omvising av grupper og arrangement ved fleire av anlegga.

## Arrangement

Attå opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. Dette kan vera så ulike tilbod som tur på fjorden med «Brødrene af Sand», foredrag knytt til anlegg og utstillingar, eller om eit emne museet har arbeidd med, konserter, aktivitetsdagar, dansekeldar, kvedarsamlingar o.a. Til saman har det i 2009 vore 90 bokførte aktivitetar av dette slaget. Mellom desse store arrangement som utstningsopningar, avsparkkonferanse for Lølandsenteret, konferanse for den internasjonale museumsgruppa for historiske hus (ICOM-DEMHI), folkemusikkhelg, bokcafér, internasjonale kaféar og gjenopning av Røynevarden etter omfattande restaurering.



*Vi har i fleire år drive ein internasjonal kafé, som nå også har fått ein filial i Sauda. På ein kafékveld i haust fekk Svetlana Michalsen opp stemninga med tonar både frå Russland, det tidlegare Jugoslavia og andre stader.*

Vi ser at aktivitet gjer museet attraktivt for publikum. Det store publikumstalet for 2009 skuldast såleis i stor grad det høge aktivitetsnivået.

#### Barn og unge

Det er utarbeidd skuleopplegg for fleire av anlegga til museet og for «Brødrene af Sand». Det er i år også arbeidd særleg med eit opplegg for barn og unge under kulturminneåret. Sjå meir om dette nedanfor. Det er Kolbeinstveit som har hatt størst skulebesøk, men også på Nesajøhuset på Sand er det jamt ein del besøk av skular og barnehagar.

Den årlege folkemusikkhelga samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og det var også i år eit stort innslag av barn og unge på dei ulike kursa.

Eit populært tilbod til dei yngste har vore nissekveldane som blei arrangert på Kolbeinstveit og Hustveit før jul.

#### Kulturminneåret

Kulturdepartementet har dei siste åra peika ut særskilte år som det blir forventa at musea følgjer opp. I 2009 har det vore kulturminneår. Ryfylkemuseet har gjennomført fleire tiltak som sluttar seg til måla for kulturminneåret.

Prosjektet «Kulturminne på reise» var eit tiltak retta mot



*Det er utarbeidd opplegg for ungdomsskulen for dagstur med «Brødrene af Sand».*



Før jul arrangerer vi nissekveldar fleire stader til skrek og glede for dei minste. Her kikkar nissen ut låvedøra på Kolbeinstveit.

skulen, der vi i lag med ei 8. klasse gjennomførte ein dokumentasjon av kulturminne som blei formidla gjennom ei nettutstilling.

I tillegg er det gjennomført 6 arrangement i 3 kommunar. Alle desse i samarbeid med andre.

### Besøk

Statistikken for publikumsbesøk i 2009 samanlikna med tala for 2008 ser slik ut:


| Stad                     | 2008          | 2009          |
|--------------------------|---------------|---------------|
| Forsand bygdemuseum      | 200           | 170           |
| Dalen skule              | 854           | 820           |
| Viga                     | 249           | 367           |
| Hjelmeland bygdemuseum   | 400           | 168           |
| Håland                   | 108           | 662           |
| Jelsa skolemuseum        | 471           | 637           |
| Nesa-sjøhuset            | 3 198         | 4 731         |
| Kvednahola               | ?             | 28            |
| Kolbeinstveit            | 1 833         | 2 518         |
| Røynevarden              | 651           | 850           |
| Hustveit                 | ?             | 541           |
| Industriarbeidarmuseet   | 390           | 365           |
| Bakken                   | 37            | 36            |
| BibMus                   | 1 200         | 1 020         |
| Kvitsøy Hummermuseum     | 362           | 376           |
| Brødrene af Sand         | 850           | 313           |
| <b>Sum museumsanlegg</b> | <b>10 797</b> | <b>13 602</b> |
| Eksterne arrangement     | 1 064         | 3 448         |
| Suldalsdampen            |               | 88            |
| <b>Sum publikum</b>      | <b>11 861</b> | <b>17 138</b> |

I tillegg til dei tala som kjem fram her kjem besøk på anlegga våre utanom opningstidene.

Dette betyr at besøket har tatt seg kraftig opp att etter tilbakeslaget i 2008. Samla er dette det nest største besøket vi har registrert, berre slått av markeringsåret for Rasmus Løland i 2007. Dette stadfestar såleis ei god publikumsutvikling dei siste

10 åra, med unntak for fjoråret, da besøket av ulike grunnar hadde eit tilbakefall.

I ei grafisk framstilling ser besøksutviklinga slik ut:



Den nedste delen av kolonnane er besøket i eigne lokale, den øvste arrangement andre stader.

## **Elektroniske media**

Musea blir i sterk grad oppfordra til å ta elektroniske media og nettbaserte kanalar i bruk i si formidling. Ryfylkemuseet har lenge hatt ei heimeside som blir kontinuerleg oppdatert. Det er registrert 12 363 besøk på heimesida i 2009.

Kvar månad har vi sidan 2004 sendt ut eit elektronisk nyhendebrev. Dette hadde i 2009 218 abonnentar.

Den første nettutstillinga, «*Turistens bilder*», med fotografi frå samlinga etter Alice Archer, blei publisert på nett i 2009. Utstillinga har hatt 321 besøkande. Vi deltok også på den felles nettutstillinga «*Kulturminne på reise*», som var ein del av opplegget for kulturminneåret.

Heilt på slutten av året etablerte vi ei gruppe for Ryfylkemuseet på Facebook.

## **Andre publikumstenester**

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, både over for kommunar og privatpersonar. Dette året har særleg kommunale saksbehandlarar i Hjelmeland, Rennesøy og Suldal brukt oss som rådgjevarar i bygnings- og vernesaker. Også private huseigarar spør om råd som gjeld bevaring og istandsetting av

bygningar. Når rådgivinga omfattar synfaring og skriving av rapportar eller uttale blir slike oppdrag fakturerete.

Fotosamlinga vår har også mange eksterne brukarar som er på leit etter bildestoff til ulike formål. Det er faste satsar for kopiering og ekspedering av fotomateriale.

Arkivet elles har færre eksterne brukarar, men vi rår over ein del privatarkivmateriale som kjem til nytte i ulike samanhengar.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk som er på leit etter materiale til verksemda si, og som, på visse vilkår, kan få kopiert materiale som grunnlag for innøving av nytt stoff.

## **Publikasjonar**

I 2009 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

- Holmboe, Grete: *Diplomhus 2009*, Verd å verne, medlemsbladet til Fortidsminneforeningen i Rogaland
- Holmboe Grete: *Butikkfasadar*, Verd å verne, medlemsbladet til Fortidsminneforeningen i Rogaland
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke 2009*, temanummer om Kvitsøy humermuseum, 141 sider, Ryfylkemuseet
- Moen, Ruth Anne: *Ramsemelodier og runde toner. Formelsang i Rogaland*, Norsk Folkemusikklags skrifter
- Moen, Ruth Anne: *Songar og småstubbar i Lund – siste innsprut*. Årsskriftet til Lund historie- og ættesogelag.

## **TAKK**

Vi vil takke Kulturdepartementet, ABM-utvikling, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Stavanger, 3. mars 2010

Terje Hidle


Styreleiar



Vi gir kvart år ut årboka «FOLK i Ryfylke». Som regel er artiklane i årboka samla om eit tema. I 2009 var det Kvitsøy Humermuseum og dei historiene som blir fortalt der som tema.

# Ryfylkemuseet på Facebook

Musea blir sterkt oppfordra til å ta nye media i bruk i formidlinga. Vi har gjort eit forsøk på å sjå kva Facebook har å by på, og oppdaga at det er eit medium der vi kan nå folk som vi elles ikkje ser så ofte med meir uhøgtideleg stoff enn vi elles serverer. Her er noen døme frå våre kommentarar til den lange og kalde vinteren 2009/2010.



## 5. Januar

Kaldt, seier dei. Dei klagar på kulda. Skulle tru dei aldri hadde opplevd vinter før, men før var det kaldt da. Da fraus fjorden til så dei kunne gå på skeiser og kjøre ut på isen med hest når båten frå byen kom innover. Bildet viser D/S «Haukelid» i isen utafor Sand i 1888. Foto: Archer.

## 7. Januar

Dei snakkar ikkje om anna enn kulda i lokalene om morgonen. Det er snø til dei yttarste skjer får vi vita, og det er kuldere-kordar inne på land. I Ydstebøhavn på Kvitsøy var det 5



grader minus i dag tidleg. Men det er heller ikkje nytt. Frå 1905 har vi bilde av søskenparet Torvald og Tora Nøstvold med kjele og helgaklede på snø.



## 8. Januar

I vår kampanje for å opplyse om at det har vore vinter før og, har vi i dag glede av å formidle eit bilde frå Bekkjatorå på Sand (der som ferja går frå nå) rett etter krigen. Det er dagen for den årlege skituren rundt Prestaåsen og oppslutninga ser ut til å vera formidabel.



### 27. Januar

Skeiser er blitt den store folkesporten i vinter. Isen har ligge blank og fin i vekevis, og slik er det ikkje kvar vinter. Men alt var betre før. I 1942 for eksempel, da bildet nedanfor blei tatt. Det er på Foreneset, og dei som er med på bildet er Øystein Wigestrøm, Johan Johnsen, Gerda Fuglastein, Marta Johnsen, Signe Fuglastein, Herdis Bergsted, Leikny Harbo, Ivar Furenes og Arne Wigestrøm.



### 19. Februar

Nå er dei der igjen. Snøen har ligge i to månadar og det er rekord. Skulle tru Rogaland slutta på Fiskepiren. I 1941 låg det så tjukk is på Suldalsvatnet at båten måtte gi opp 6.

januar og blei liggande til 7. mai. På bildet er det Harald Iversflaten, Gustav Iversflaten, Tor Djuvik og Albright Iversflaten som dreg varer og bagasje opp til isbrygga ved Midtfjordsholmen.



### 5. Mars

Ja, No hev med lagt bak os den verste snøvinter eg kann minnast. Den byrja den 25. November 1961. Det lagde ned masse snø i desember. Den 3. desember var reint fel, orkanstorm og snödrev so det gjekk uppå läre nedøver Askebakken. Det vart eit fela vintraver. I januar, februar lagde det ned uhorvele mengder snø. På det mesta var det 2,25 meter. Det var eti snøkave utan likje. Og vinteren var svert seig i år, det slutta ikkje snøa før i mai. Sauerne fekk ein ikkje utpå bøen før 24. mai, og i dag løyste me ut kyrne den 8. juni, fy for ein vinter. Me får håpa at me slepp Sovoren vinter på mange år. Men no fyrsta i Juni slo det um til fint sumarsver. 4–5–6–7. juni fint sumarsver med 22 vermegrs. Måtte sumaren bli her no. Det er ei herleg tid når våren kjem, fuglassong og gaukagal i lund og lid. 8. Juni Anno 1962m, Olaf T. Hustveit.

# Rekneskap 2009

Vedtatt av styret 3. mars 2010

## RESULTATREKNESKAPEN

|  | 2009            | 2008            |
|--|-----------------|-----------------|
| Driftsinntekter                        | 10 150 329      | 9 064 586       |
| Varekjøp                               | -230 575        | -175 431        |
| Lønn og sosiale utgifter               | -5 887 340      | -5 557 272      |
| Andre kostnadar                        | -3 372 462      | -4 113 401      |
| <b>DRIFTSRESULTAT</b>                  | <b>659 952</b>  | <b>-781 518</b> |
| Finansinntekter                        | 164 885         | 803 797         |
| Finanskonstnadar                       | -10 162         | -7 587          |
| Resultat av finansinntekter/-kostnadar | 154 723         | 796 210         |
| <b>ÅRSOVERSKOTT</b>                    | <b>814 675</b>  | <b>14 692</b>   |
| Overføring bundne midlar               |                 |                 |
| Avsett til styrking<br>av eigenkapital |                 | -14 692         |
| Avsett til anna eigenkapital           | -814 675        |                 |
| Bruk av eigenkapital                   |                 |                 |
| Øreavrunding                           |                 | -3              |
| <b>Sum disponert</b>                   | <b>-814 675</b> | <b>-14 695</b>  |

## BALANSEREKNESKAPEN

| EIGE                             | 2009                 | 2008                 |
|----------------------------------|----------------------|----------------------|
| Anleggsmidlar                    | 25 351 066,08        | 19 425 968,25        |
| Varige driftsmidlar              | 25 316 427,08        | 19 409 781,25        |
| Bygninger                        | 24 256 649,29        | 19 277 537,54        |
| Bilar, inventar, verkty med mer  | 1 059 777,79         | 132 243,71           |
| <b>Finansiell anleggsmidler</b>  | <b>34 639,00</b>     | <b>16 187,00</b>     |
| Eigenkapitalinnskot KLP          | 34 639,00            | 16 187,00            |
| Omløpsmidlar                     | 7 638 631,20         | 13 843 883,61        |
| Varelager                        | 64 210,51            | 67 924,59            |
| Kundefordringar                  | 4 429 602,00         | 3 274 519,98         |
| Bankinnskot, kontantar           | 3 144 818,69         | 10 501 439,04        |
| <b>Sum eige</b>                  | <b>32 989 697,28</b> | <b>33 269 851,86</b> |
| <b>EIGENKAPITAL OG GJELD:</b>    |                      |                      |
| <b>Eigenkapital</b>              | <b>2 998 461,68</b>  | <b>2 183 786,68</b>  |
| Innskoten kapital                | 0                    | 0                    |
| Selskapskapital                  | 0                    | 0                    |
| Opptent eiegenkapital            | 2 998 461,68         | 2 183 786,68         |
| Anna eigenkapital                | 2 998 461,68         | 2 183 786,68         |
| <b>Gjeld</b>                     |                      |                      |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>          | <b>29 991 235,60</b> | <b>31 086 065,18</b> |
| Leverandørgjeld                  | 287 080,21           | 2 638 916,10         |
| Skuldige offentlege avgifter     | 283 549,09           | 377 047,41           |
| Anna kortsiktig gjeld            | 29 420 606,30        | 28 070 101,67        |
| <b>Sum eigenkapital og gjeld</b> | <b>32 989 697,28</b> | <b>33 269 851,86</b> |

# Årsberetning

## Arten av verksemda og kor ho blir drive

Ryfylkemuseet er regionmuseum for Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy. Museet har til formål å tilby kunnskap og opplevelingar og bidra til ei positiv bygdeutvikling i Ryfylke. Hovudsetet er på Sand i Suldal kommune.

## Framhald av drifta

Institusjonen har føresetnadnar for å drive vidare, og årsrekneskapen for 2009 bygger på dette.

## Arbeidsmiljø

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Ryfylkemuseet blir vurdert som godt.

## Ytre miljø

Drifta av Ryfylkemuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

## Arbeidsmiljøet

Institusjonen driv eit aktivt HMS- arbeid, og utarbeiddde i 2008 ei HMS handbok. Innhaldet i handboka blir følgt opp gjennom risikovurderingar, medarbeidarsamtalar og i samarbeid med Haugaland HMS AS. Det er ikkje registrert skader og ulukker i meldingsåret. Sjukefråveret var på 2,7%.

## Likestilling

Museet legg vekt på balanse mellom kjønna. Av dei 12 faste stillingane ved museet er 6 kvinner og 6 menn. Det blir praktisert lik lønn for likeverdig arbeid.

Stavanger, 3. mars 2010

Einar Berge

Kristoffer Nødland

Terjer Hidle

Tormod Skeie

Anders Nordbø

Gro V. Birkeland

Heidi Skifjell

Thore Håland

Bjørg Vestbø

Ingjerd Nicolaysen

Ellen Solheim

Trygve Brandal

Åshild Marie Øverland

Roy Høibo  
Direktør





2010

# FOLK i Ryfylke



## MØLLEPARKEN

Mølleparken på Tau var lenge ei lukka verd for dei fleste. Men så blei parken tusenårsstad og det opna seg utvegar til å utvikle ein unik møteplass og eit viktig minne om industrien som hadde vore der like sidan 1855.

Mølleparkens Venner har i ti år gjennomført ein imponerande innsats for å gjera parken levande og ta vare på kvalitetane ved parken. I dag er Mølleparken ein institusjon som trekker til seg både folk frå Tau og meir langvegsfarande gjester.

Ryfylkemuseet er bedne med for å ivareta den museale sida ved verksemda, og vi arbeider med planar for ei utstilling om det gamle brukssamfunnet i andre etasje i bruksløa. Første etappe i dette arbeidet er innsamling og bearbeiding av ein del materiale om staden og folka som har levd der. Dette heftet er første resultatet av dette arbeidet.



RYFYLKEMUSEET